



ULSTEIN KOMMUNE

Innkalling

Utval:	Teknisk utval
Møtestad:	Ulstein rådhus, kommunestyresalen
Dato:	10.12.2020
Tid:	Kl. 09:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til adressa folkevalde@ulstein.kommune.no.
Forfallet skal grunngjevast.

Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling frå møtesekretæren.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumentata er publiserte på www.ulstein.kommune.no.

ORIENTERINGAR:

- Forureiningslova
- Friluftsløva
- Motorferdselslova
- Naturmangfaldsløva

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 112/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	20/2925
PS 113/20	Godkjenning av protokoll	20/2925
PS 114/20	Orienteringar	20/2925
OS 14/20	Forureiningslova	20/2925
OS 15/20	Friluftsløva	20/2925
OS 16/20	Motorferdselslova	20/2925
OS 17/20	Naturmangfaldslova	20/2925
PS 115/20	Referatsaker	20/2925
RS 1	Orientering om status - vidare handsaming av veg på Garnes	20/864
RS 2	Sluttrapport, fase 1, reiselivsprosjekt ytre søre Sunnmøre 2020	19/10655
RS 3	Vedteken rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser	20/248
RS 4	Høringsnotat – forslag til forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften)	20/248
PS 116/20	Delegerte saker	20/2925
PS 117/20	Søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 20, bnr. 3	20/2885
PS 118/20	Søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom - gnr. 36, bnr. 6 - Borgarøya	20/2469
PS 119/20	Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - Hovsetsvingane 34, gnr. 9, bnr. 506 - Odd Sverre Urke/Ingvill Møller	20/1990
PS 120/20	Utvida bruk av avkøyrslar - Brunevegen 12, gnr. 7, bnr. 818 - Richard Frøystad	20/2792
PS 121/20	Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Klobbneset rorbuer	20/1009
PS 122/20	Klage på teknisk utval sitt avvisingsvedtak 94/20 - vurdering av rettsleg klageinteresse, ad endring av løyve, oppføring av støttemurar og terrengfylling på gnr. 9, bnr. 441.	19/10075

PS 123/20	Høyringsuttale - søknad om løyve til verksemd etter forureiningslova - Green Yard Kleven AS	20/2699
PS 124/20	Budsjettreguleringar for investeringar teknisk etat 2020	19/16751
PS 125/20	Avsetningar av ikkje budsjetterte inntekter teknisk etat	19/16751

Ulsteinvik, 03.12.2020

Alf Johan Antonsen



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/20	Teknisk utval	10.12.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
113/20	Teknisk utval	10.12.2020

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:
Protokoll - Teknisk utval - 12.11.2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/20	Teknisk utval	10.12.2020

Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
14/20	Forureiningslova
15/20	Friluftsløva
16/20	Motorferdselslova
17/20	Naturmangfaldslova



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/20	Teknisk utval	10.12.2020

Forureiningslova



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
15/20	Teknisk utval	10.12.2020

Friluftsløva



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
16/20	Teknisk utval	10.12.2020

Motorferdselslova



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
17/20	Teknisk utval	10.12.2020

Naturmangfaldslova



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
115/20	Teknisk utval	10.12.2020

Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
1	Orientering om status - vidare handsaming av veg på Garnes
2	Sluttrapport, fase 1, reiselivsprosjekt ytre søre Sunnmøre 2020
3	Vedteken rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser
4	Høringsnotat – forslag til forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
1	Teknisk utval	10.12.2020

Orientering om status - vidare handsaming av veg på Garnes

Vedlegg:
Referat frå synfaring 06.10.2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	
2	Teknisk utval	10.12.2020
1	Formannskapet	01.12.2020
	Kommunestyret	

Sluttrapport, fase 1, reiselivsprosjekt ytre søre Sunnmøre 2020

Vedlegg:

E-post

Forstudie, Reiselivsplan ytre søre Sunnmøre, rapport



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
3	Teknisk utval	10.12.2020

Vedteken rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
4	Teknisk utval	10.12.2020

Høringsnotat – forslag til forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/20	Teknisk utval	10.12.2020

Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
305/20	Endring av løyve - Hytte - Eika - gnr 72 bnr 38
303/20	Endringsvedtak - Bustadhus - Gamlevegen 95 - gnr. 9, bnr. 349
311/20	Ferdigattest - Vikemarkhøgda 7 - gnr 8 bnr 528
302/20	Ferdigattest - Bustadhus - Hansvika 49 - gnr 33 bnr 74
310/20	Ferdigattest - Bustadhus med garasjedel - Gamlevegen 95 - gnr. 9, bnr. 349
299/20	Ferdigattest - Fasadeendring - Sjøgta 33 - gnr 8 bnr 466
298/20	Løyve til tiltak - Bustadhus - Kolbeinhaugane 12 - gnr 5 bnr 143
304/20	Løyve til tiltak - Garasje - Dimnøyvegen 427 - gnr 32 bnr 24
297/20	Løyve til tiltak - Støy- og innsynsvegg - Anholen 23 - gnr 8 bnr 411
308/20	Mellombels bruksløyve - Einebustad med garasje - Hansvika 57 - gnr. 33, bnr. 77
309/20	Mellombels bruksløyve - Bustadhus - Hovsetsvingane 72 - gnr 9 bnr 517
284/20	Mindre endring av - Bustadområde på gnr. 2 bnr. 2 - Flø
301/20	Omadressering for gnr. 6, bnr. 18 - frå Skeidsreina til Fløvegen
300/20	Rammeløyve - Tilbygg til bustadhus - Dimnasund 19 - gnr 28 bnr 25
307/20	Vedtak om deling - Gnr 9 bnr 492 - Deling av grunneigedom - Hovsetsvingane 25
306/20	Vedtak om dispensasjon og bruksendring - Havågvegen 84 - gnr 70 bnr 30



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
117/20	Teknisk utval	10.12.2020

Søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 20, bnr. 3

Samandrag:

Ann Cecilie Garnes Utgård søker om å få byggje om lag 170 meter med enkel traktorveg (vegklasse 8) på gnr. 20, bnr. 3 på Garnes. Administrasjonen rår til at teknisk utval gir løyve til tiltaket.

Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Med heimel i Forskrift om planlegging og bygging av landbruksveier av 28.05.2015 gir teknisk utval løyve til bygging av om lag 170 meter lett traktorveg (vegklasse 8) på gnr. 20, bnr. 3 slik det er søkt om.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Viss det dukkar opp automatisk freda kulturminne ved gjennomføring av tiltaket, må arbeidet stoppe opp med det same. Søkjaren må varsle det regionale kulturminnevernet, jf. § 8 i kulturminneloven. Det regionale kulturminnevernet skal og varslast viss søkjaren kjenner til kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket.
2. Løyvet er gjeldande i 3 år frå vedtaksdato.
3. Fyrste del av vegen må ha slik utforming at den kan byggjast om til ein høgare vegstandard viss det vert aktuelt med utbygging av gnr. 20, bnr. 67 som i arealdelen til kommuneplanen er avsett til fritidsbustad/rorbuføremål. Ombygging til høgare vegstandard krev ny byggjesøknad og løyve etter anna lovverk.
4. Vegen skal leggjast lett i terrenget og vere godt terrengtilpassa. Ved utføring og tilstelling skal dei landskapsmessige konsekvensane av traktorvegen minimerast sidan vegen ligg i strandsona.

Vedlegg:

Traktorveg havnavika nov 2020
Søknad om bygging av landbruksveg
Referat frå synfaring 06.10.2020
Orientering om status - vidare handsaming av veg på Garnes
Melding om vedtak

Saksopplysningar:

Ann Cecilie Garnes Utgård søker om å få byggje om lag 170 meter med enkel traktorveg (vegklasse 8). Utgård sende byggesøknaden datert 09.04.2020 til Ulstein kommune for handsaming. Søknaden vart handsama i Teknisk utval i PS 68/20 den 02.07.2020, og som del av saka vart det og handsama «oppfølging av utført tiltak». Vedtaket i saka med 6 mot 1 røyst: *Teknisk utval utset saka basert på ny informasjon. Utvalet ber administrasjonen om å få saka framlagt på nytt.*

Landbrukssjefen var på ny synfaring på eigedomen den 6.10.2020 saman med søkjar. Representantar frå teknisk etat og landbrukskontoret har deretter vurdert saka på nytt. Administrasjonen ser det som viktig at Garnes får gode høve til å både nytte ressursane på eigedomen og skjøtte kulturlandskapet ved aktiv beitebruk.

I arealdelen til kommuneplanen er det lagt ut eit område for utbygging av fritidsbustader/rorbuer på gnr. 20, bnr. 67. Søknaden om traktorveg som vert handsama i denne saka inkluderer ikkje tilkomst til dette området. Men vert ein slik tilkomst aktuell, så må ikkje løyve til bygging av traktorveg no, hindre slikt løyve seinare. Det vert difor sett vilkår om dette i tilrådinga. Spørsmåla om vegrettar som tidlegare har vore framsette i saka er ikkje relevant for bygging av enkel traktorveg på eigedomen, men det må vere avklart i forkant av ein reguleringsplanprosess i høve bruk av gnr. 20, bnr. 67.

Etter ein administrativ gjennomgang av alle aspekt i saka har det vorte konkludert med at det vil vere mest korrekt å handsame saka etter Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvei. Når det gjeld ulovlegheitsoppfølging etter PBL av den vegbygging som har vore utført på denne delen av eigedommen, så tek teknisk etat seg av dette etter at det er fatta vedtak i landbruksvegsaka.

Det går fram av søknaden datert 09.04.2020 at nytten av tiltaket er 50% skogbruk, 30% utmark og 20% aktivitetsbygg. Etter gjennomgang og drøfting på synfaringa den 06.10.2020 vart vi samde om at søknaden vert endra til 30% skogbruk, 50% jordbruk og 20% aktivitetsbygg. Det er ut frå ny vurdering av området som landbruksvegen skal gi tilkomst til. Grunngeving for endringa er at hovudføremålet med tilkomsten er drift av skogområdet som beite. Her skal det takast ned tre og ryddast vindfall. Området skal opnast opp for å kunne ha større verdi som beiteområde. Skogområdet rundt innmarka består i hovudsak av lauvtre med unntak av eit mindre område med sitkagran mot innmarka. «20% aktivitetsbygg» gjeld naustet og den delen er det ikkje endra på i høve opphavleg søknad. Landbruksvegen vil kunne gi ein enklare tilkomst for vedlikehald og utbetring av naustet.

Søknaden gjeld bygging av om lag 170 meter enkel traktorveg som skal gå frå gardsvegen og ned mot sjøen. Veggen vil gå i lett terreng ned mot ein krapp sving(slyng) og vidare i skråninga ned mot sjøen. Veggen vert avslutta med ein snuplass utforma som ei T-snue. Vegbreidda vert frå 2,5 til 3,5 meter, men med større utviding i svingen, for å kunne runde den med traktor og hengar. I nedre delen

av vegen vert det til dels høg fylling på nedsida, opp mot 2 meter frå eksisterande terreng. Her bør vegen ha breidde på 3,5 meter for å vere stabil.

Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvei er heimla i skoglov og jordlova. Landbruksvegar som er godkjent med heimel i forskrifta er unnateke handsaming etter Plan- og bygningslova. Planstatus i området er LNF – landbruk, natur og friluftsliv. Landbruksvegar som er naudsynt for drift av jord- og skobruk vert ikkje rekna som dispensasjon frå kommuneplanen når dei er knytt til stadbunden næring som i dette tilfellet.

Søknaden vart fyrst handsama etter plan- og bygningsloven (PBL) og sendt på høyring til fylket. Fylkesmannen la til grunn reglane i PBL og rådde frå tiltaket grunna omsynet til strandsona. For søknadar som skal handsamast etter Forskrift om planlegging og bygging av landbruksveg vert ikkje strandsonevernet tillagt same vekt.

Definisjon av vegklasse 8 – enkel traktorveg:

Vegklasse 8 er vegar for transport med landbrukstraktor eller anna lett transportutstyr. Det er ikkje krav om aksellast, men vegen må tåle bruken av det transportutstyret den er bygd for. Vegbreidde skal vere minst 2,5 meter, men ikkje breiare enn det som er nødvendig. I fyllingar høgare enn 2 meter skal breidda aukast med minst 0,5 meter. Kurveradius skal vere tilpassa utstyret vegen er bygd for. Maksimal stigning i motkøyring/motbakke med lass er 15% (1 : 6,67), og maksimal stigning i motkøyring utan lass er 30% (1 : 3,3). Grøfter og drenering skal leggjast etter behov.

Vegar som vert bygd etter denne standarden bør normalt leggjast så lett i terrenget som råd og byggjast av dei massane som er på staden. Under bygginga må det leggjast vekt på å gi vegen eit harmonisk og roleg preg, slik at anlegget vert tilpassa terrenget og omgivnadene så godt som råd.

Kommunen skal vurdere alle landbruksvegsaker etter naturmangfaldlova (Nml).

Nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget):

Tiltaket er vurdert etter opplysingar i Naturbasen og Artsdatabanken. Området der traktorvegen skal byggast ligg i område med verdifulle kulturlandskap «Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid» eller den såkalla «Grøne korridoren».

Nml § 9 (føre-var-prinsippet):

I denne saka vurderer vi kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok for å fatte vedtak.

Nml § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning):

Tiltaket vil ikkje føre til auka motorisert ferdsel i området. Ferdsele vil vere avgrensa til å gjelde landbruksdrift.

Nml § 11 (kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad):

Kostnad for å avgrense negativ påverknad ved gjennomføring av tiltaket må tiltakshavar

koste sjølv. I denne saka er det ingen kjende omsyn som vil føre til auka kostnadar.

Nml § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar):

Bygginga av traktorvegen er naudsynt for å utnytte potensialet i eigedomen med

beitebruk.

Vurdering mot friluftsliv:

Omsøkte vegbygging vil ikkje ha negativ påverknad på friluftslivet.

Vurdering og konklusjon:

Tiltaket det er søkt om er naudsynt for å kunne utnytte eigedomen med beitebruk på småfe. Vegen skal fylje retningslinene for bygging av landbruksveg i vegklasse 8 – lett traktorveg.

Tiltaket er vurdert etter §§ 8-12 i Naturmangfaldlova og vi finn ikkje grunn til å sette vilkår til løyvet.

Vidare har vi vurdert faren for flaum og erosjon ut frå lokale forhold, og ikkje funne grunn til å sette vilkår om tiltak.

Ein kunne vurdere det slik at eit alternativ til å bygge landbruksveg er å ta ut skog og vedvirke ved hjelp av traktorvinsj. Avstanden er ikkje større frå eksisterande traktortilkomst til det området vegen skal dekke enn at det burde vere mogeleg, jf. at heile området kan dekkast ved hjelp av vinsj med wire som har lengde om lag 50 m. Men i tillegg til å ta ut skog, skal tilkomsten brukast i samband med tilsyn og stell av dyr som går på beite heile året. Det kan vere for å køyre ut tilleggsfôr eller handtere hendingar med dyra som gjer at det er praktisk å kunne kome til med traktor.

Stell av kulturlandskap til beite krev og meir enn berre å vinsje ut tre. Det kan mellom anna vere å fjerne kratt og greiner og eventuelt drenere ut blaute parti.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Utgreia etter NML.

Økonomiske konsekvensar: Privatøkonomiske.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ja, i forhold til beitedrift for småfe.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
118/20	Teknisk utval	10.12.2020

Søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom - gnr. 36, bnr. 6 - Borgarøya

Samandrag:

Arild Hatløy har søkt om deling av eigedomen i 10 parsellar. Teknisk utval gjorde (etter klage på vedtak i sak 05/0075) eit positivt vedtak om slik deling i sak 05/0107, men vilkåra vart ikkje oppfylte. Det er søkt på nytt om deling og dispensasjon frå delingsforbod i LNF-område av kommuneplanen. Administrasjonen legg vekt på at alle høyringspartar får år søknaden, og har difor også frårådd dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.

Kommunalsjefen si tilråding:

- A. Jordlova § 12 inneber eit delingsforbod for eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk dersom det ikkje ligg føre eit særleg samtykke til dette. Samtykke kan gjevast om samfunnsinteresser av stor vekt talar for det eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastinga eigedomen kan gje, herunder også i turistsamanheng og anna tilleggsnæring. Jordlova §12 er ikkje vurdert som å vere tilstrekkeleg grunnlag for eit negativt vedtak i saka.

- B. Teknisk utval finn med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova(PBL) ikkje å kunne gje dispensasjon frå delingsforbodem i LNF-område av kommuneplanen eller § 1-8 i PBL om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag. Utvalet vurderer at omsynet bak LNF-formålet i kommuneplanen ikkje vert sett vesentleg til side. Borgarøya er eit område med store verdiar for rekreasjon/friluftsliv og interesser knytt til natur- og kulturminnevern. Ei deling av gnr. 36, bnr. 6 vil kunne svekke desse kvalitetane. Teknisk utval finn at fordelane ved å gje dispensasjon ikkje er klart større enn ulempene. Det blir lagt avgjerande vekt på at overordna styresmakter har rådd frå å gje dispensasjon.

Vedlegg:

Landbruksfagleg uttale til deling av grunneigedom gnr. 36 bnr 6

Uttale - dispensasjon frå kommuneplan - deling av grunneigedom - Borgarøya

Frådeling av eigedom gbnr 36/6 - Borgarøya - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Vedtak frå teknisk utval 20.09.2005, sak 05-0107

Vedlegg til søknad - bakgrunn/historie

Eigedomskart

Saksopplysningar:

Det er motteke søknad, datert 12.10.2020, om deling av gnr. 36, bnr. 6 på Borgarøya. Eigedommen har 15 eigarar med eigarbrøk på 1/10, 1/11 og 1/330. Eigedommen er søkt delt i 10 parsellar basert på ønske frå førre generasjon. Saman med søknaden følgjer udatert kart som syner parsellane, relativt omfattande historikk på eigedommen som endar opp i søknad om dispensasjon. Teknisk utval handsama søknad om deling i 2005. Først var søknad om dispensasjon avslått i sak 05/0075. Etter klage vart vedtaket omgjort, og det vart fatta vedtak om deling i sak 05/0107. Eigarane vart den gongen ikkje einige slik at vilkår knytt til det positive vedtaket ikkje vart oppfylt. Dermed kunne ikkje oppmålingsforretning utførast.

Arild Hatløy, som har arbeidd fram søknaden, har gjort dette fordi han har hatt ansvar for vedlikehaldet av huset på eigedommen åleine. Alle partane har nå signert på søknaden som er inne til handsaming, og søknaden gjeld frådeling til uendra bruk gjennom dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Søknaden vart oversendt til høyring. Miljødirektoratet har ikkje svara på høyringsbrevet. Elles er kan uttalane oppsummerast slik:

Fylkesmannen:

Det bli peika på at Borgarøya har store verdiar for rekreasjon og friluftsliv, og interesser knytt til natur- og kulturminnevern. Han meiner at frådeling legg uheldige føringar for ein framtidig arealbruk til hyttetomter, sjølv om det er søkt frådeling til uendra bruk. Det vil gå ut over øya sin verdi som friluftsområde for ålmenta og vere i strid med omsynet til strandsonen. Fylkesmannen rår sterkt frå dispensasjon for frådeling, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Fylkeskommunen:

Fylket understrekar at dei skal ivareta staten sine interesser i plansaker som vedkjem statleg sikra friluftsområde. Borgarøya har rike friluftskvalitetar og store verdiar knytt til kulturminnevern. Frådeling kan medføre tiltak som ytterlegare privatiserer eigedommen, aktualisere ønske om fritidsbygg på eigedommen og gjere det vanskelegare å eventuelt innløyse arealet som statleg sikra friluftsområde. Fylkeskommunen rår frå å gje dispensasjon. Om dispensasjon blir gitt, må det stillast vilkår om fri ferdsel, ingen inngjerding m.m. Frådeling må ikkje nyttast som argument for frådeling av andre parsellar eller bygging av fritidshus.

Landbruksfagleg uttale frå landbrukssjefen:

Omsynet til vern av arealressursane er sentral. Arealet bør haldast samla og ikkje stykkast opp. Eigedommen er marginal i høve til dagens landbruksdrift, men eigarane har likevel eit forvaltaransvar for 16,5 da innmarksbeite og

kulturlandskap. Deling vil gje utfordringar i forhold til forvaltning. Framlegg til vedtak etter jordlova er difor slik: Med heimel i jordlova §12, vert det ikkje gitt løyve til å dele opp eigedomen i 10 parsellar slik det er søkt om. Grunngeving: Avslaget tek omsyn til vern av arealressursane.

Vurdering og konklusjon:

Jordlova § 12 seier at det er delingsforbod for eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk dersom det ikkje ligg føre eit særleg samtykke til dette. Samtykke kan gjevast om samfunnsinteresser av stor vekt talar for det eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastinga eigedomen kan gje, herunder også i turistsamanheng og anna tilleggsnæring. Det er tilstrekkeleg at eit av vilkåra er oppfylt.

Det kan nok vere samfunnsinteresser knytt til å få ordne eigedomsforholda, men om desse er av stor vekt kan diskuteras. Det andre vilkåret – altså om deling er forsvarleg ut frå omsynet til avkastinga eigedomen kan gje – oppfatar administrasjonen som oppfylt. Det er verken i dag eller i overskødeleg framtid særleg avkastingspotensiale, i alle fall ikkje innanfor dei rammene som er lagt i kommuneplanen.

Jordlova § 12 er ikkje vurdert som å vere tilstrekkeleg grunnlag for eit negativt vedtak i saka.

§ 19-2 i plan- og bygningslova inneheld to kriterium for kva som må til for at kommunen kan gje dispensasjon. Sjølv om kommunen kan gje dispensasjon, skal det gjerast ei sjølvstendig vurdering. Det betyr ikkje at kommunen nødvendigvis skal gje dispensasjon.

Vurderingane som lova krev er for det første at ein skal vurdere om omsynet bak føresegna det blir dispensert frå, eller lova sin formålsparagraf, blir vesentleg tilsidesett. Viss ein kan svare nei på det spørsmålet, er neste krav at fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen bør ikkje dispensere frå plan eller forbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova når ei direkte ramma statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om søknaden.

Administrasjonen vurderer at omsynet bak LNF-formålet i kommuneplanen er sett for å ivareta at produktivt areal ikkje vert nedbygt, og at natur- og friluftsiinteresser vert ivaretekne. Når det gjeld landbruksinteressene på Borgarøya, er desse vurdert å vere små. Der er areal som vert nytta/kan nyttast som beiteområde for sau, men dette gir eit svært avgrensa inntektspotensiale. Landbruksinteressene på bruket meiner administrasjonen ikkje er av ein slik karakter samla sett at det er til hinder for deling.

Borgarøya er eit område med store verdiar og stort potensiale for rekreasjon/friluftsliv og interesser knytt til natur- og kulturminnevern, dvs. at ein ser dei andre delane av LNF-omgrepet som meir tungtvegande enn landbruksdelen. Ei deling av gnr. 36, bnr. 6 vil kunne svekke desse kvalitetane, og t.d. kunne gjere det vanskelegare å eventuelt innløyse arealet som statleg sikra friluftsområde. Samtidig som det kan gjere det vanskelegare, kan også det motsette vere tilfelle

ved at ein har ein enklare eigarstruktur og kan tinge enkeltvis med dei ulike grunneigarane. Administrasjonen vurderer det slik at ein ikkje sikkert kan slå fast at deling vil sette til side omsynet bak LNF-formålet i kommuneplanen.

Med ein slik konklusjon kan ein gå vidare til neste punkt som skal vurderast. Veging av fordelar og ulemper kan også ha ulikt utfall, men administrasjonen meiner at ein neppe kan seie at fordelane er klart større enn ulempene. Fordelane med frådeling er at det vert ein enklare eigarstruktur på bruket, at retten til huset på bruket vert avklart slik at eigar framleis kan legge midlar ned i vedlikehaldet og at ev. framtidig ønskje om innløyising som statleg sikra friluftsområde kan gjerast gjennom direkte tinging med den enkelte eigar. Det er ikkje ei kommunal oppgåve å sikre ein ryddig eigarstruktur, det må eigarane finne ut av sjølv. Likevel ser ein at det kan tene både samfunnet og eigarane på ein god måte om kommunen hjelper til her. Ulempene med frådelinga er peika på i uttalane: Det vil kunne legge eit press på framtidig utnytting av dei ulike parsellane til fritidsbygg. For å konkludere slik, må vi legge noko anna i søknaden enn det søkjarane sjølv opplyser at dei gjer. Dei har søkt om deling til uendra bruk.

§ 19-2, 4. ledd, 2. punktum seier at kommunen ikkje bør dispensere frå plan dersom direkte ramma statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden. Her har høyringspartane gitt negativ uttale til søknaden, og fylkesmannen har varsla at han vil vurdere å påklage eit ev. dispensasjonsvedtak. I konklusjonen frå administrasjonen blir det lagt avgjerande vekt på at overordna styresmakter har frårådd dispensasjon.

Administrasjonen rår difor ifrå med heimel i § 19-2 i PBL dispensasjon frå delingsforbodet i LNF-område av kommuneplanen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen særskilde utover det som går fram av saksutgreiinga.

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/20	Teknisk utval	10.12.2020

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - Hovsetsvingane 34, gnr. 9, bnr. 506 - Odd Sverre Urke/Ingvill Møller

Samandrag:

Odd Sverre Urke/Ingvill Møller har ført opp ulike byggtiltak mot veg tilknytt bustadhuset i Hovsetsvingane 34. Kommunen har opplyst Urke om at tiltaket bryt byggegrensa mot Hovsetsvingane, og er såleis ikkje unnateke søknadsplikta. Difor er det søkt om dispensasjon for dette forholdet. Tiltaka er allereie utført. Kommunalsjef teknisk tilrår at dispensasjon ikkje vert gjeve og krev at tiltaka som er i strid med byggegrensa vert fjerna.

Kommunalsjefen si tilråding:

1. Teknisk utval finn ikkje grunnlag for å kunne gje dispensasjon frå byggegrensa for oppføring av veranda/terrasse med levegg og utebod mot veg tilknytt bustadhuset i Hovsetsvingane 34.
2. Teknisk utval meiner at omsynet som ligg til grunn for byggegrense vert vesentleg sett til sides dersom dispensasjon for desse tiltaka vert gjeve, jf. plan- og bygningslova(pbl) § 19-2. Omsynet gjeld i høve vegsystemet (vedlikehald, drift og ev. utbetring), i forhold til trafikken og til miljøet som grensar langs og inntil vegen, jf. at der er ein del trafikk i vegen Hovsetsvingane.
3. Sidan det ikkje vert gjeve dispensasjon og bod/levegg allereie er utført, krev teknisk utval at alle delar av tiltaka som er strid med byggegrensa vert fjerna. Utvalet påtalar samstundes at søkjar har bygd i strid med byggegrensa. Teknisk utval ber administrasjonen følgje opp saka i samsvar med pbl kap. 32 (ulovlegheitsoppfølging).

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg i Hovsetsvingane 34 - Gnr 9 bnr 506
Situasjonskart
Eldre situasjonsplan for feltet
Planteikning
Bilde av tiltak 1
Bilde av tiltak 2
Bilde av tiltak 3
Bilde av tiltak 4

Andre relevante dokument:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg i Hovsetsvingane 34 - Gnr 9 bnr 506

Saksopplysningar:

Odd Sverre Urke har ført opp ulike byggetiltak i tilknytning til bustadhuset i Hovsetsvingane 34. Teknisk etat vart etterkvart kjend med dette og har gjeve Urke beskjed om at då delar av tiltaka bryt byggegrensa mot Hovsetsvingane, vert desse tiltaka såleis ikkje unnateke søknadsplikta, og må difor fjernast. Urke ynskjer å søke om dispensasjon for desse tiltaka.

Tiltaka som bryt byggegrensa mot Hovsetsvingane gjeld veranda/terrasse med levegg på omlag 4,5 m djupne frå husvegg og 6,5 m lengde langs veg. Bodtilbygget er omlag 2 m x 3,65 m. Verandaen med levegg er plassert omlag 0,5 m frå eigedomsgrense og regulert vegområde. Tiltaka bryt då byggegrensa med omlag 4,5 m på det meste.

Søkjargrunder argumenterer i søknaden om dispensasjon med mellom anna at:

- Dei vart ikkje opplyst frå utbyggaren om denne byggegrensa.
- Dei kan ikkje sjå at byggetiltaka er til hinder for nokon.
- Dei meiner det ikkje er til sjenanse for nokon, og er heller ikkje eit problem i høve siktsone i krysset/fellesavkøyrsla.
- Dei har behov for privatliv på terrassen, og ikkje konstant innsyn frå vegen.
- Leveggen fungerer godt som støyskjerm og lysstoppar for billysa som treff soveromsvindauga. Det er veldig stor biltrafikk i feltet så leveggen har ein klar positiv effekt for dei.
- Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar.

Vurdering og konklusjon:

For å kunne gje dispensasjon kan ikkje omsynet som ligg til grunn for den føresegna det vert dispensert frå settast vesentleg til side, jf. pbl § 19-2. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene.

Administrasjonen meiner at tiltaket vil sette omsynet som ligg til grunn for byggegrensa vesentleg til sides. Dette vert grunngeve med at formålet med byggegrense er ikkje berre å ta vare på krava i vegsystem (i høve vedlikehald, drift og ev. utbetring), men også forholda til trafikken, til miljøet som grensar inntil og langs vegen. Byggegrenser skal også sikre gode og tilstrekkelege uteareal, lys og luft mellom bygningane og medverke til å ta vare på miljø- og andre samfunnsomsyn.

Administrasjonen meiner dei positive effektane ved leveggen i høve innsyn, støy og lys kan lett oppretthaldast ved å trekke leveggen bak byggegrensa.

Det er viktig å opplyse om at eigar av Hovsetsvingane 20, omlag 120 m lengre ned i

gata, sette seg opp ei utebod som tilbygg til garasjen i strid med byggegrensa. Dei fekk same beskjed frå teknisk etat, om at tiltaket måtte fjernast. Dette bodtilbygget som stod omlag 0,5 m frå eigedomsgrense og regulert vegområde er i dag fjerna. Vidare har administrasjonen blitt kontakta av andre bebuarar i feltet som har hatt ynske om å oppføre liknande tiltak, men som har lagt vekk planane sine når dei fekk vite at dette var i strid med byggegrense.

Administrasjonen meiner det er viktig å halde på byggegrensene, og då særskilt langs vegareal som er sterkt trafikkert. Basert også på likheitsprinsippet, jf. Hovsetsvingane 20 med fleire, tilrår kommunalsjef difor at dispensasjonen ikkje vert gjeve, og at teknisk utval krev tiltak i strid med byggegrensa fjerna. Utvalet bør også påtale at tiltaka er ført opp i strid med byggegrensa, og be administrasjonen følgje opp saka etter kap. 32 i pbl (ulovlegheitsoppfølging).

Likestillingsmessige sider ved saka:	Ingen for kommunen.
Konsekvensar for folkehelsa:	Ingen for kommunen.
Miljøkonsekvensar:	Ulempe at tiltaket bryt byggegrensa.
Økonomiske konsekvensar:	Ingen for kommunen.
Beredskapsmessige konsekvensar:	Ingen for kommunen.
Konsekvensar for barn og unge:	Ingen for kommunen.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
120/20	Teknisk utval	10.12.2020

Utvida bruk av avkøyrslø - Brunevegen 12, gnr. 7, bnr. 818 - Richard Frøystad

Samandrag:

Myklegard Consult AS søker på vegne av Richard Frøystad i Brunevegen 12 om løyve til utvida bruk av avkøyrslø, i samband med ønske om at frådelt parsell, gnr. 7, bnr. 818, kan etablerast som sjølvstendig bustadtomt. Med bakgrunn i at denne delen av Brunevegen er særst utfordrande trafikkmessig, rår kommunalsjef teknisk ifrå å godkjenne søknaden.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval finn ikkje grunnlag for å kunne godkjenne søknaden om utvida bruk av avkøyrslø frå Brunevegen ved gnr. 7, bnr. 184 for etablering av ny bustadtomt på parsellen gnr. 7, bnr. 818, jf. veglova § 40.

Grunngjeving for avslaget er dei trafikkmessige utfordringane for denne delen av Brunevegen. Avkøyrslø ligg i eitt av de brattaste partia på denne smale vegen. Av omsyn til at vegen har lavare framkomelegheit og dårlegare trafikktryggleik enn vegar med stigning og breidde etter vegnormalane (handbok 100 frå Statens vegvesen), meiner teknisk utval at det ikkje er forsvarleg å utvide bruken av avkøyrslø med føremål legge til rette for nye bueiningar i dette området slik det er søkt om.

Vedlegg:

Søknad om utvida løyve til avkøyrsl
Situasjonskart
Terrensnitt

Saksopplysningar:

Myklegard Consult AS søker på vegne av Richard Frøystad i Brunevegen 12 om løyve til utvida bruk av avkøyrsl. Dette i samband med ønske om at frådelt parsell (7/818) kan etablerast som sjølvstendig bustadomt. Parsellen har eit areal på omlag 721 m².

Det er lagt ved situasjonsplan som syner ein tilkomstveg over gnr. 7, bnr. 184 og langs eigedomsgrensene mot nord. Det er teikna inn framtidige garasjar på både 7/184 og 7/818. Innlevert terrensnitt syner bruk av støttemurar langs tilkomstvegen. Det snitt nr. 1 (mot aust) syner mur med høgde på omlag 2 m, medan snitt nr. 3 (mot vest) syner mur med høgde på 3,7 m.

Plan- og bygningslova § 27-4 set krav om at før frådeling av ny bustadeigedom kan gjerast, skal avkøyrsl frå offentleg veg vere sikra/godkjent av ansvarleg vegmynde, jf. veglova §§ 40 til 43. I dette tilfellet er frådelinga allereie gjennomført, men arealet som i 2018 vart godkjent delt frå gnr. 7, bnr. 297, vart gjort på vilkår av at parsellen skal vere som tilleggsareal til gnr. 7, bnr. 184, jf. også slik søknaden var utforma den gongen. I søknaden frå Hanne Harkjerr Skeide, eigar av gnr. 7, bnr. 297, vart det opplyst at arealet skulle vere hageareal for Brunevegen 12. Ny avkøyrsl, eller utvida bruk av eksisterande avkøyrsl for Brunevegen 12, vart difor ikkje vurdert den gongen.

Søklar grunnjev søknaden med at det i 2016 vart oppført ein tomannsbustad i Osnesbakken 12 og 14. Osnesbakken som er den brattaste bustadvegen i sentrum. Søkar peikar på at det på førehand vart utført ei mindre reguleringsendring av Osnesbakkane i 2012 som ga grunnlaget for å kunne godkjenne nemnde tomannsbustad. Det vert også peika på at kommunen, gjennom reguleringsendring i 2011, godkjende 5 tomter i reguleringsplan Osnesbakkane, med innkøyring frå Brunevegen. Når ein då ser på desse sakene opp i mot denne, meiner tiltakshavar at det vil verte forskjellsbehandling om søknaden ikkje vert godkjent.

Det ligg ikkje føre nabomerknadar til søknaden etter det administrasjonen kjenner til.

Vurdering og konklusjon:

Slik administrasjonen ser det er Brunevegen etter Osnesbakken den brattaste og mest utfordrande kommunale tilkomstvegen vi har i Ulstein, både med tanke på framkomelegheit og trafikktryggleik, jf. også at vegen er smal med ei breidde på omlag 3 m i aktuelt område. Denne avkøyrsla ligg i tillegg i eit relativt bratt parti av vegen med stigningstilhøve om lag 1 : 6 (16,7 %). Normalt bør ikkje tilkomstvegar har brattare stigning enn 1 : 10 (10 %). Private avkøyrslar kan normalt ha stigning inntil 1 : 8, 12,5 %).

Dersom kommunen opnar opp for utvida bruk av avkøyrsl, vil dette føre til auka trafikk i Brunevegen. Etter teknisk etat sin oppfatning vil ein direkte uheldig konsekvens av dette vere auka fare for trafikkfarlege situasjonar. Administrasjonen har ved fleire høve hatt ei restriktiv haldning til oppretting av nye avkøyrslar eller

utvida bruk av eksisterande avkøyrslar i dei brattaste tilkomstvegane i Ulsteinvik som er Osnesbakken og Brunevegen. Der har vore fleire saker der dette ikkje har blitt akseptert som løysing. I den samanheng kan det bl.a. nemnast at gjennom reguleringsarbeidet som omfatta Solstien og Prost Ankers gt. kom det opp fleire innspel om at eigedomen med gnr. 7, bnr. 9, no kalla Berntmarka, i øvre del burde få tilkomst mot Brunevegen, noko som vart avvist gjennom planprosessen.

Når det gjeld tomannsbustaden i Osnesbakken 12 og 14, gnr. 7, bnr. 800, så omhandla reguleringsendringa som det vert vist til, justering av tilkomstveg og snuplass og fjerning av eit leikeareal som ikkje var mogleg å få til ei god utnytting av. I gjeldande reguleringsplan «Osnesbakkane», som også eigedomane langs Brunevegen er ein del av, er det høve til å føre opp inntil to bueiningar på regulerte bustadtomter. Eigedomen gnr. 7, bnr. 800 var allereie før reguleringsendringa godkjend som sjølvstendig bustadtomt med tilkomst mot Osnesbakken. Forskjellen mellom Osnesbakken 12 og 14 og denne saka er at frådelt parsell ikkje er regulert som sjølvstendig bustadtomt. Her er det også viktig å poengtere at kommunen har heile vegen vore svært tydelege på at parsellen vart frådelt på vilkår av at dette skal vere tilleggsareal/hageareal og ikkje ei sjølvstendig bustadtomt.

Når det gjeld reguleringsendringa for dei 5 tomtene i Osnesbakken, med innkøyring frå Brunevegen, så ligg desse øvst i Brunevegen der vegbreidda er omlag 6 m og med langt betre stigningsforhold. Desse har vidare god tilkomst til Vikebakkvegen.

Generelt er det positivt med fleire sentrumsnære bustadar, men med bakgrunn i at denne delen av Brunevegen er særst utfordrande trafikkmessig, rår kommunalsjef teknisk ifrå å godkjenne søknaden.

Tiltakshavar Richard Frøystad har overfor sakshandsamar munnleg reist spørsmål ved om kommunalsjef teknisk er ugild i saka sidan han har avkøyrslar til sin eigedom frå Brunevegen. Dette må vurderast etter forvaltningslova § 6, 2. ledd som har denne ordlyd:

Likeså er han ugild når andre særregne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særleg fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Spørsmålet er drøfta med kommunedirektøren og kommunens jurist. Ein kan ikkje sjå at saka kan ha særleg innverknad på verdi av eigedom eller har spesiell negativ verknad for kommunalsjef i høve andre som er tilknytt Brunevegen. Ein ser det slik at om kommunalsjef teknisk skulle vere ugild i denne saka, vil det bli ei for vid tolking av kva som er ugildskap i høve intensjonane i lova.

Likestillingsmessige sider ved saka:	Ingen.
Konsekvensar for folkehelsa:	Ingen.
Miljøkonsekvensar:	Små konsekvensar.
Økonomiske konsekvensar:	Ingen.
Beredskapsmessige konsekvensar:	Utvida bruk av avkøyrslar kan føre til trafikkfarlege situasjonar.
Konsekvensar for barn og unge:	Ingen.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
121/20	Teknisk utval	10.12.2020

Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Klobbneset rorbuer

Samandrag:

Det vert lagt fram forslag til detaljregulering av Klobbneset rorbuer. Det vert lagt opp til inntil 7 nye rorbuer, samt endring av 5 eksisterande naust til rorbuer, etablering av brygge, småbåtanlegg i sjø, tilkomstveg og turveg.

Kommunalsjefen si tilråding:

Framlegg til detaljregulering for Klobbneset rorbuer, datert 01.12.2020, med føresegner datert 01.12.2020 og planomtale vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl § 12-10.

Vedlegg:

Plankart - 20200003
Føresegner - 20200003
Planomtale Klobbneset rorbuer
Illustrasjonsplan Klobbneset
ROS-analyse
Vurdering naturmangfald
Behandling av innspel Klobbneset rorbuer
Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Uttale frå Statens vegvesen
Møre og Romsdal fylkeskommune
Bergen sjøfartsmuseum
Innspel frå utvala
NVE - innspel til varsel
Oppsitjarane på Saunes
Uttale - Tørris Hegdal
Uttale - Bodil Saunes
Uttale - Birger Sunde
Svar på nabovarsel - Ingrid Nerhoel
Vedtak TU Klobbneset rorbuer

Saksopplysningar:

Gjeldande reguleringsplan for området er:

- Nedre Saunes, planID 19990002. Området er regulert til fritidsbebyggelse naust,

bustadformål, gang-/sykkelveg, annan veggrunn – skråning, køyreveg.

- Detaljreguleringa Endring Glopen – Nesevegen, planID 20040007. Området er

regulert til køyreveg.

I kommuneplanens arealdel 2019-2031 går det fram at for delar av området skal detaljreguleringa framleis gjelde. Det ligg inne framtidig gang- og sykkelveg. Område i sjø har formålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, NFFF – natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.

Teknisk utval gjorde i PS sak 56/20 den 15.6.2020 vedtak om at det kunne startast opp detaljregulering av området. Det vart varsla oppstart 10.07.2020 og i høyringsperioden kom det inn 12 merknadar og innspel. Oppsummering av merknadane er synt og kommentert nedanfor.

Vurdering og konklusjon:

Området har i dag fem eksisterande naust og det er starta utfylling av området i tråd med gjeldande detaljregulering. Planforslaget legg opp til inntil sju nye rorbuer og endring av eksisterande naust til rorbuer. I framkant av rorbuene skal det etablerast brygge og småbåtanlegg i sjø for å kunne leggje til med båt.

Det har kome ein del merknader og innspel som vert gjennomgått og kommentert under:

Bodil Saunes synest området må ha primært fokus på rekreasjon, lite støy og låg fartsgrense. Sjå området i samanheng med naboeigedomane, og leggje til rette for fri ferdsel i strandsona. Ber om at det blir lagt til rette for samanhengande gangveg frå

Rema 1000 via gnr. 25 bnr. 33 m. fl. fram til brua over til Ulstein hotell.

Kommentar: Viser til at forslagsstillar har søkt om løyve til oppstart av omregulering av området til fritidsbustader. Det er gjennomført oppstartsmøte med Ulstein kommune, som både administrativt og politisk har stilt seg positive til planinitiativet og intensjonane om å endre formål frå naust til fritidsbustader (rorbu). Innspelet om gangveg er teke inn i planane som «gangsti» slik at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast mellom Glopen og Kylnehaugen via nye gangsti. Vi viser vidare til at det er teke inn i føresegnene eit punkt om følgjande: «Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona». Ovannemnde punkt er henta frå føresegnene i kommuneplanen for Ulstein kommune som er vedtatt. Planforslaget er utforma med kai/brygge mellom sjø og nye bygg, slik at desse grepa vil sikre ålmenta rett til ferdsel ut i frå gjeldande lovverk.

Tørris Hegdal meiner det vil bli mykje trafikk på ein allereie smal veg. Strandsona vil bli nedbygd og hindre alminneleg ferdsel. Sjøutsikt vert øydelagt. Dette er snart det einaste området i nærheit til sentrum som har nokolunde opa strandsona. Allemannsretten blir oversett.

Boligområdet vil bli snikutvida ved at rorbuerne vil kunne brukast til dagleg, og også til utleige.

Det vil bli mykje meir bråk ved trafikk og bruken av einheitene. Rorbuerne kan byggast ein meter høgare, og vil stenge endå meir for utsikt. Ein langvarig byggeperiode vil bli ei stor belastning på veg og boligområde. Ynskjer at Ulstein kommune ville stoppe all byggevirksomheit ved sjøen på Nedre Saunes, det er for seint å ta vare på felles natur når den er nedbygd.

Kommentar: Forslagsstillar viser til at det i planforslaget vil bli bygd intern køyreveg som tilkomst til rorbuer. Parkering skjer utanfor bygga. Tilkomst skjer via offentleg veg «Kylnehaugen». Vi viser til at området i dag er regulert til byggeområde (naust). Skilnaden i biltrafikk frå naust til rorbu vil vere minimal og innanfor det som vi meiner må vere «tolegrensa» for eit nabolag.

Birger Sunde ber om å få tilsendt teikningar som viser bebyggelse og andre endringar av arealet som er planlagt utbygd. Umulig å ta stilling til nabovarselet utan å sjå korleis utbygginga vil sjå ut når prosjektet er ferdigstilt.

Kommentar: Viser til at utsendt dokument var varsel om oppstart av planarbeid. Utsendt informasjon inneheldt informasjon om planarbeidet med kartutsnitt som viser avgrensing og informasjon om kva som skal skje, samt ei oppmoding om å kome med evt innspel innan fastsett frist. Det blir seinare utarbeidd eit planforslag som skal handsamast av kommunen for utlegging til offentleg ettersyn (høyring) der det vil gå fram detaljar kring utbyggingsplanane. Det vil i samband med denne prosessen vere mogleg å kome med innspel.

Ingrid Nerhoel er sterkt i mot bruksendring for naust på Klobbneset. Misser utsikt, og dermed verdi av boligen, og trivselsverdi. Det blir mykje meir trafikk og uro/støy i boligområdet, som følgje av at det blir utleigemoglegheiter på rorbuerne. Allemannsretten til strand og sjø blir ikkje varetatt. Ber om å få behalde strandsona og områda slik dei er.

Kommentar: Nye fritidsbustader har ei mønehøgde på 1 meter høgare enn naust. Det er i planforslaget forsøkt å dele opp nye naust i rekkje på 2 gruppe for skape luft mellom bygga. Dette er også krav i føresegnene til kommuneplanen om det. Ein viser til øvrig kommentar om strandsona, ferdsel og ålmenta sine rettar.

NVE har kome med eit generelt innspel. Det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred er god arealplanlegging.

Tilrår å nytte deira karttenester og rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging, NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar, samt NVE si sjekklister for reguleringsplan m.m. Dersom planen har følger for NVE sine saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Det er utarbeidd ei ROS-analyse i planforslaget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skriv at det er lite av strandsona som ikkje er bygd ned, og mange bustader i området, så viktig å oppretthalde høvet til å kome seg ned til sjøen. Bygging av rorbuer medfører sterkare privatisering av fjøra enn naustbygging. Såleis er det viktig å ikkje tette att heile strandsona, men ha opningar slik ålmenta kan kome seg ned til sjøen.

Ved utarbeiding av ROS-analyse bør kommunen stille kvalitetskrav, i henhold til DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen sin arealplanlegging». Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone.

«Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast.

ROS-analyse må inkludere ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane av det for planområdet og planlagde tiltak.

Legg vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som også kan medvirke til auka kvalitet i uteområde.

«Klimaprofil Møre og Romsdal» gjev kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Den finn ein på nettsida deira.

Kommentar: Området i aust får innregulert ein offentleg gangsti. Nye rorbuer er planlagt med luft mellom bygga to og to stk i gruppe. Dette for å skape luft og sikre ferdsel mellom bygga. Det er regulert ei kai/brygge som sikrar ålmenta opning og ferdsel i strandsona, samt at byggegrensene er trekt tilbake frå kaifronten for å skape luft på arealet framfor bygga. ROS-analyse er utarbeidd i planforslaget.

Statens vegvesen har ut i frå vårt ansvarsområde ingen særskilte merknadar til varsel om oppstart. Vi rår til at vegløyningar blir utforma i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv at dei ikkje kan sjå at det føreligg referat frå oppstartsmøte med Ulstein kommune. Dersom det ikkje er halde oppstartsmøte med kommunen, er det brot på pbl. §12-8, første ledd.

Trafikken som tiltaket vil generere må greiast ut. Planen må ha ein beskriving av den trafikale situasjonen slik den er i dag, med eventuelle utfordringar, samt den framtidige situasjonen dersom tiltaket blir gjennomført. Vi tilrår at gjeldande vegnormalar blir lagt til grunn for utforming av det interne vegnettet.

Oppstartsvarselet er sendt Bergens sjøfartsmuseum. Vi vil ettersende ein eventuell uttale derifrå.

Strandsona er gjeve eit spesielt vern gjennom plan- og bygningslova. Ålmenta skal sikrast tilgang og det skal som regel ikkje etablerast privatiserande tiltak i strandsona. Bygging av rorbuer vil gjere strandsona meir privat samanlikna med bygging av naust. Vi ber om at ein i planarbeidet gjer gode grep som sikrar ålmenta tilgang til strandsona.

Kommentar: Referat frå oppstartsmøte er lagt ved plandokumenta. Området er avsett til utbygging av naust i gjeldande reguleringsplan. Det er same krava til parkeringsdekning for naust og rorbu. Trafikk er omtalt som tema i planomtalen. Forslagsstillar har mottek innspel frå Bergen sjøfartsmusesum. Innspelet er teke til vitande. Ein viser til øvrige kommentar til merknad om ålmenta og ferdseil i strandsona.

Oppsitjarane på Saunes skriv at dei ynskjer ikkje at det vert omregulert til anna bruk enn tradisjonelle naust med regulert makshøgde. Standard rorbuhøgde vil blokkere vesentleg utsikt for nabolaget, difor meiner dei at ein bør halde seg til standard naust som skal ha godkjend høgde.

Dei hevdar at omregulering til rorbu vil føre til auka uro og bråk. Dei fryktar at rorbuer kan nyttast til permanente fritidsboligar for utleige etc. Dei fryktrar rorbu og gjestebrygge vil tiltrekke seg uønska trafikk gjennom byggefelte på nattestid og i forbindelse med festivalar i Ulsteinvik.

Dei stiller seg undrande til om allemannsretten er ivaretatt ved kaianlegg og gjestebrygge.

Dei meiner at det bør regulerast inn friområde for å få ei opning og sikre utsikt for dei næraste husa i byggefelte.

Dei forventar at det ikkje vert regulert vidare naustbygging i retning mot Glopen.

Området må sikra som friområde. Øvrige moment i innspelet som ikkje vedkjem reguleringsplanen vert ikkje gjengitt her.

Kommentar: Viser til at forslagsstillar har søkt om løyve til oppstart av omregulering av området til fritidsbustader. Det er gjennomført oppstartsmøte med Ulstein kommune, som både administrativt og politisk har stilt seg positive til planinitiativet og intensjonane om å endre formål frå naust til fritidsbustader (rorbu). Innspelet om gangveg er teke inn i planane som «gangsti» slik at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast mellom Glopen og Kylnehaugen via nye gangsti. Vi viser vidare til at det er teke inn i føresegnene eit punkt om følgjande: «Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona». Ovannemnde punkt er henta frå føresegnene i kommuneplanen for Ulstein kommune som er vedtatt. Planforslaget er utforma med kai/brygge mellom sjø og nye bygg, slik at desse grepa vil sikre ålmenta rett til ferdseil ut i frå gjeldande lovverk.

Området er avsett til utbygging av naust i gjeldande reguleringsplan. Det er same krava til parkeringsdekning for naust og rorbu. Trafikk er omtalt som tema i planomtalen.

Bergen Sjøfartsmuseum har ingen merknader til den planlagde detaljreguleringa. Minner om opplysningsplikt ved funna av kulturminne.

Kommentar: Teke til vitande.

Levekårsutvalet er positiv til at planarbeidet kan starte opp, men med følgjande kommentarar: Området skal ha gang- og sykkelsti som sikrar offentleg tilkomst. Området skal tilpassast turisme ved utleige. Området bør regulerast som turistformål. Det er viktig at innspel frå naboar blir høyrte og tatt omsyn til.

Kommentar: Området blir knytt saman med Glopen med ein turveg som så møter ein regulert og delvis opparbeidd gang- og sykkelveg. Det vert ikkje lagt opp til gang- og sykkelveg over Kylnehaugen. Forslagsstillar ønskjer ikkje å etablere området som eit turistformål, ein har difor gått vekk i frå dette, og det vert lagt opp til rorbuer i privat eige.

Fellesrådet ønskjer ikkje at kommunen startar opp med detaljregulering av Klobneset til rorbuer.

Kommentar: Innspelet er ikkje imøtekomme.

I gjeldande detaljregulering var det lagt inn gangveg frå Glopen til Kylnehaugen. Administrasjonen bad forslagsstillar om å inkludere denne i planforslaget slik ein fekk ein turveg som var mest mogleg tilpassa terrenget. Forslagsstillar la i utgangspunktet opp til ei større fylling lenger ut i sjøen. Administrasjonen bad om at turvegen vart endra slik den no ligg føre på plankartet. Dette fordi ein meiner ei større fylling vil vere fordyrande og det er ønskeleg å prøve å ta vare på mest mogleg av det som måtte vere igjen av ei naturleg fjøre her. Det er difor ikkje samsvar mellom illustrasjonar i planomtalen og plasseringa av turvegen i plankartet.

Det er gjort ei vurdering av naturmangfaldet der ein konkluderer med at det ikkje er sårbare artar eller område og truga biologisk mangfald innanfor planområdet.

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturminneverdiar i området.

Det er gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse som konkluderer med at området er utsett for stormflo. Det er difor sett føringar om at ferdig golv i nye rorbuer skal vere over kote +2,7 og alle konstruksjonar under kote +2,7 skal dimensjonert og utformast til å tole påkjenningar ved stormflo.

Planområdet har tilkomst frå vegen Kylnehaugen som er ein offentleg veg med ei varierende breidde mellom 3,8-5,5 m og fartsgrense 40 km/t. Det er pr. i dag 43 bustadar og 7 naust som nyttar seg av fyrste strekk på vegen før den deler seg. Erfaringstal frå Statens vegvesen tilseier at kvar bustad belastar vegnettet med 5 reiser pr. døgn, medan fritidsbustadar belastar vegnettet med 1,25 turar pr. døgn. Det har ikkje blitt skilt på naust og fritidsbustadar ved val av faktor i berekninga. Dagens situasjon tilseier difor ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på om lag 224. Med 7 nye fritidsbustadar aukar ÅDTen til om lag 233. Ønska utbygging medfører dermed ei auke i turproduksjonen på om lag 4 % bilturar. Gjeldande detaljregulering seier ikkje

noko om maks antal naust som kan byggjast ut. I føresegnene til kommuneplanens arealdel er det fastsett at naust kan ha ei grunnflate på 50 m², medan rorbuer kan ha 70 m². Ein kunne difor truleg fått plass til 2-3 fleire naust enn ved bygging av rorbuer. Administrasjonen ser det som sannsynleg at det vil bli noko meir trafikk til rorbuer enn til naust, men dette er såpass marginalt at ein difor ikkje sjå at den auka trafikkmengda vil utgjere store trafikale utfordringar for området.

Administrasjonen rår til at framlegg til detaljplan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Positivt med turveg.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ei framtidig bygging av turveg vil gje økonomiske konsekvensar for kommunen. Det vil normalt kunne vere eksterne tilskott å hente til ein slik veg.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Positivt med tilrettelegging av fri leik, turveg og betre tilkomst til sjøen.

Arne Runar Vik

kommunalsjef teknisk



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
122/20	Teknisk utval	10.12.2020

Klage på teknisk utval sitt avvisingsvedtak 94/20 - vurdering av rettsleg klageinteresse, ad endring av løyve, oppføring av støttemurar og terrengfylling på gnr. 9, bnr. 441.

Samandrag:

Teknisk utval har i vedtak 94/20, møte 15.10.2020, avvist klagen, datert 02.07.2020 frå advokat Hove, på teknisk utval sitt vedtak 58/20, frå møte 15.06.2020, ad godkjenning av utført endra støttemurar og terrengfylling på gnr. 9, bnr. 441. Grunngevinga var at utvalet ikkje kan sjå at klagar lenger har rettsleg klageinteresse, ettersom gnr. 8, bnr. 165, 166 har fått nye eigarar etter at klagen vart innlevert og nye eigarar skriftleg har akseptert utført tiltak, godkjent i vedtak 58/20. Advokat Hove har klaga på vedtak 94/20, jf. klage datert 04.11.2020, med krav om at klagen datert 02.07.2020 blir realitetshandsama – sett i samanheng med godkjente tiltak under tidlegare klagesak – og held fast på at klagar har rettsleg klageinteresse. Kommunalsjef teknisk tilrår å ikkje ta til følge klagen, grunna manglande rettsleg klageinteresse.

Tilråding frå kommunalsjef teknisk:

Teknisk utval finn ikkje å kunne ta til følge klagen, datert 04.11.2020 frå advokat Hove, på teknisk utval sitt vedtak 94/20, frå møte 15.10.2020.

Utvalet kan ikkje sjå at det er levert inn vesentlege nye opplysingar i saka og står fast på at klagar ikkje lenger har rettsleg klageinteresse på vedtaket ettersom gnr. 8, bnr. 165, 166 har fått nye eigarar august 2020, dvs. etter innlevert klage datert 02.07.2020, men før innlevert klage datert 04.11.2020. Nye eigarar har 25.08.2020 skriftleg akseptert utført tiltak på gnr. 9, bnr. 441. Klagar har derfor ikkje eit reelt behov for å få kravet avgjort ut i frå aktualiteten til kravet og klagar sin tilknytning, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd og tvistelova § 1-3, 2. ledd.

Saka blir med dette sendt over til fylkesmannen for vidare behandling og avgjerd, jf. forvaltningslova (fvl) kap. 6.

Vedlegg:

Klage, datert 04.11.2020 frå advokat Hove, med 3 vedlegg.

Melding om vedtak, datert 20.10.2020, vedtak 94_20, møte 15.10.2020 i teknisk utval.

E-post, datert 12.10.2020 frå advokat Hove.

Saksopplysningar:**HISTORIKK:**

Saka gjaldt opphavleg oppføring av tomannsbustad på gnr. 9, bnr. 441, med frittliggende garasjeanlegg inkl. støttemurar/terrengarbeid. Etter at byggeløyve var gitt, vart garasje-plasseringa flytta 1 meter lenger vest, noko som vart omsøkt og godkjent i ettertid. I tillegg vart det etablert ei terrengfylling og støttemur - av større omfang og nærare tomtegrensa mot gnr. 8, bnr. 165, 166 enn det som var omsøkt og godkjent før utføringa. Omfang og plassering vart likevel omsøkt og godkjent i ettertid, jf. vedtak 58/20 i teknisk utval, møte 15.06.2020.

Advokat Hove har på vegne av gnr. 8, bnr. 165, 166, sidan juli 2019 klaga på dei gitte byggeløyva og fremja krav om at delar av tiltaket (støttemurar og terrengarbeid i 4-metersona mot gnr. 8, bnr. 165, 166), krev dispensasjonssøknad og vedtak etter plan- og bygningslova kap. 19, jf. også § 29-4, samt at heile tiltaket skal sjåast samla.

Det er gjort fleire vedtak i saka. I vedtak 108/19, møte 12.12.2019 i teknisk utval, fann ikkje utvalet grunnlag for å ta klagen på garasjeplasseringa godkjent i teknisk utval sitt vedtak 85/19 til følge. Utvalet sto fast på at terrengarbeid, godkjent i delegert vedtak 19/84, ikkje krev søknad eller handsaming som dispensasjon pga. mindre tiltak og at klagefristen for vedtak 19/25 og delegert vedtak 19/84 var utgått lenge før klagen, datert 03.07.2019 frå advokat Hove. Kommunen sendte 13.12.2019 klagesaka, jf. vedtak 108/19, vidare til fylkesmannen for endeleg avgjerd. Fylkesmannen i Møre og Romsdal stadfesta 16.04.2020 kommunen sitt avvisingsvedtak og endringsløyve i vedtak 85/19, datert 17.10.2019.

Advokat Hove har i brev 02.07.2020 klaga på vedtak 58/20 i teknisk utval, ad endring av løyve og godkjenning av oppførte støttemurar og terrengfylling på gnr. 9, bnr. 441 og samstundes bedt 22.04.2020 fylkesmannen omgjere sitt vedtak av 16.04.2020 ad tidlegare klagesak.

Fylkesmannen tok ikkje omgjeringskravet til følge og avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. brev datert 24.08.2020 frå fylkesmannen.

Sidan klagen på vedtaket i sak 58/20 frå advokat Hove vart innlevert, er klagaren sin eigedom selt. Nye eigarar av gnr. 8, bnr. 165, 166, har 25.08.2020 skriftleg samtykka til utført tiltak på gnr. 9, bnr. 441, inkl. støttemurar og terrengarbeid, som er i samsvar med kommunale vedtak i saka.

Klagar har etter salet av gnr. 8, bnr. 165, 166 derfor av kommuneadministrasjonen vore vurdert til å ikkje lenger ha rettsleg klageinteresse, jf. også brev datert 10.09.2020 frå Advokatfirmaet Judicia DA, på vegne av Framtidsbolig AS, som tiltakshavar/utbyggjar av gnr. 9, bnr. 441.

E-post datert 12.10.2020 frå advokat Hove omtalar klagen 02.07.2020, rettsleg klageinteresse og brev datert 10.09.2020 frå Advokatfirmaet Judicia DA. Klagen blir oppretthalden og vedtaka i saka kravd oppheva. Etter advokat Hove sitt syn er tidlegare eigarar av gnr. 8, bnr.

165, 166, framleis part i klagesaka og har rettsleg klageinteresse. Det blir m.a. vidare påpeika at avgjersla i klagesaka vil eksempelvis ha betydning for klagar/tidlegare heimelshavarar sin rett til dekning av sakskostnader etter fvl. § 36.

Teknisk utval behandla klagen, datert 02.07.2020 frå advokat Hove, i vedtak 94/20 og møte 15.10.2020. Utvalet avviste klagen, datert 02.07.2020, på teknisk utval sitt tidlegare vedtak 58/20, møte 15.06.2020 og fann ikkje at klagar lenger har rettsleg klageinteresse på vedtaket ettersom gnr. 8, bnr. 165, 166 har fått nye eigarar etter at klagen, datert 02.07.2020, vart innlevert, og nye eigarar har 25.08.2020 skriftleg akseptert utført tiltak på gnr. 9, bnr. 441, jf. teknisk utval sitt vedtak 58/20, endra løyve og godkjenning av endra støttemurar/terrengfylling.

Advokat Hove har levert klage, datert 04.11.2020, på avvisingsvedtak 94/20, møte 15.10.2020 i teknisk utval, med krav om at klagen datert 02.07.2020 blir realitetshandsama – og sett i samheng med godkjente tiltak under tidlegare klagesak – og held fast på at klagar har rettsleg klageinteresse, jf. vedlegg/bilag nr. 1-3 i den nye klagen.

Kommunen sendte 12.11.2020 brev til ansvarleg søkar og tiltakshavar på gnr. 9, bnr. 441, for eventuell uttale til klagen datert 04.11.2020. Uttalefrist 25.11.2020. Ingen uttale registrert.

Tidlegare vedtak og relevante (uprenta) dokument i saka:

1. Delegert vedtak 19/46, datert 25.02.2019 – løyve til grunnarbeid og tekniske anlegg.
2. Vedtak 19/25, teknisk utval, møte 14.03.2019 – dispensasjon frå plankravet og prinsippgodkjenning av tomannsbustad inkl. frittliggande garasjeanlegg m.m.
3. Delegert vedtak 19/84, datert 04.04.2019 – byggeløyve tomannsbustad inkl. frittliggande garasjeanlegg og støttemurar/terrengarbeid.
4. Brev datert 20.06.2019 frå advokat Hove – på vegne av gnr. 8, bnr. 165, 166 – krav om byggestans for tiltaket, inkl. støttemur og terrengarbeid i 4-meterssona mot gnr. 8, bnr. 165, 166.
5. Brev daterte 02.07.2019 og 03.07.2019 frå advokat Hove, krav om at tiltaket inkl. støttemur og terrengarbeida blir nabovarsla og omsøkt, med søknad om dispensasjon. Alternativt – dersom kommunen meiner arbeidet er godkjent – påklagast gjorde vedtak.
6. Søknad 26.08.2019 frå J. Moldskred AS (på vegne av tiltakshavar Framtidsbolig AS), om endra løyve – der garasjebygget vert flytta 1 meter lenger vest, men framleis med avstand minst 4 meter til nabogrensa.
7. Brev datert 04.07.2019 frå advokat Hove, hevdar at endringa krev dispensasjon for nabogrenseavstand, både for garasjebygg og nødvendige terrengarbeid.
8. Brev datert 29.08.2019 frå Advokatfirmaet Judicia AS – på vegne av Framtidsbolig AS og gnr. 9, bnr. 441 – imøtegår merknader frå advokat Hove.
9. Vedtak 85/19, teknisk utval, møte 17.10.2019, godkjenner endra garasjeplassering i høve tidlegare godkjenning, og utvalet fann ikkje grunn til å ta merknader til følge. Utvalet slo fast at klagefristen på vedtak 19/25 i teknisk utval og delegert vedtak 19/84, var utløpt før klagen på desse vart sett fram.
10. Brev datert 08.11.2019 frå advokat Hove, klage på vedtak 85/19, med krav om oppheving av pkt. 1, 2 og 3 i vedtaket.
11. Vedtak 108/19, teknisk utval, møte 12.12.2019, utvalet fann mellom anna ikkje grunnlag for å ta klagen på garasjeplasseringa godkjent i vedtak 85/19 til følge. Utvalet sto fast på at terrengarbeid godkjent i delegert vedtak 19/84 ikkje krev søknad eller handsaming som dispensasjon pga. mindre tiltak. Vidare at klagefristen for vedtak 19/25 og delegert vedtak 19/84 var utløpt lenge før klagen datert 03.07.2019 frå advokat Hove.
12. Ulstein kommune sendte 13.12.2019 klagesaken, jf. vedtak 108/19, vidare til

- fylkesmannen for endeleg avgjerd.
13. Brev datert 16.04.2020 frå fylkesmannen, der fylkesmannen stadfestar Ulstein kommune sitt avvisningsvedtak og endringsløyve i vedtak 85/19, datert 17.10.2019.
 14. Vedtak 58/20, teknisk utval, møte 15.06.2020, godkjenning i ettertid av endra støttemurar og terrengoppfylling mot gnr. 8, bnr. 165, 166, samt overtredingsgebyr til tiltakshavar.
 15. Brev datert 02.07.2020 frå advokat Hove, klage på vedtak 58/20, der klagen også var sendt til Fylkesmannen med krav om omgjerung av fylkesmannen sitt vedtak 16.04.2020.
 16. Brev datert 24.08.2020 frå fylkesmannen. Fylkesmannen tar ikkje omgjeringskravet frå advokat Hove til følge. Avgjerdsla er ikkje noko enkeltvedtak som kan påklagast.
 17. Brev datert 10.09.2020 frå Advokatfirmaet Judicia AS, har på vegne av Framtidsbolig AS og gnr. 9, bnr. 441, vist til at gnr. 8, bnr. 165, 166 no er seld – og der nye eigarar 25.08.2020 har skriftleg stadfesta at dei aksepterer utført tiltak på gnr. 9, bnr. 441.

Klagar (advokat Hove) med tidlegare heimelshavarar av gnr. 8, bnr. 165, 166, har derfor ikkje lenger rettsleg klageinteresse i saka og at klagen på dette grunnlag må avvisast, jf. forvaltningslova § 28.

18. Saksframlegg for teknisk utval, datert 06.10.2020, ad vurdering av rettsleg klageinteresse, jf. klage frå advokat Hove datert 02.07.2020 på vedtak 58/20 i teknisk utval – endring av løyve, oppføring av støttemurar og terrengoppfylling på gnr. 9, bnr. 441.
19. E-post, datert 12.10.2020 frå advokat Hove, ad klagen 02.07.2020, rettsleg klageinteresse og brev datert 10.09.2020 frå Advokatfirmaet Judicia AS.
20. Melding om vedtak datert 20.10.2020, jf. vedtak 94/20, møte 15.10.2020 i teknisk utval. Med grunngiving i manglande rettsleg klageinteresse avviser teknisk utval her klagen datert 02.07.2020 frå advokat Hove, på vedtak 58/20, møte 15.06.2020 i teknisk utval.
21. Ny klage, datert 04.11.2020 frå advokat Hove, på vedtak 94/20, møte 15.10.2020 i teknisk utval, med krav om at klagen datert 02.07.2020 blir realitetshandsama – sett i samheng med godkjente tiltak under tidlegare klagesak – og held fast på at klagar har rettsleg klageinteresse, jf. vedlegg/bilag nr. 1-3 i den nye klagen.
22. Brev datert 12.11.2020 frå Ulstein kommune, oversending av klagen datert 04.11.2020 frå advokat Hove, til ansvarleg søkar og tiltakshavar på gnr. 9, bnr. 441 - for uttale. Uttalefrist 25.11.2020. Ingen uttale ligg føre per 01.12.2020.

Vurdering og konklusjon:

Klagar (tidlegare heimelshavarar av gnr. 8, bnr. 165, 166) var part i saken ved innlevering av klage, datert 02.07.2020.

Klagen datert 02.07.2020 frå advokat Hove vart innlevert til kommunen rett før sommarferien. Klagen omfatta også krav til fylkesmannen om å omgjere sitt vedtak, datert 16.04.2020. Kommunen avventa derfor svar frå fylkesmannen, som låg føre 24.08.2020. Fylkesmannen tok ikkje omgjeringskravet frå advokat Hove til følge. Klagen vart deretter handsama snarast råd, jf. avvisingsvedtak 94/20 og møte 15.10.2020 i teknisk utval. Advokat Hove har levert klage, datert 04.11.2020, på avvisingsvedtaket 94/20 i teknisk utval.

Kommuneadministrasjonen kan ikkje sjå det er lagt fram vesentlege nye opplysingar i klagen, datert 04.11.2020, som ikkje har vore kjent i saka frå før. Slik kommunen oppfattar klagen understrekar klagar, ut i frå sitt vedlegg/bilag nr. 2 i klagen, å framleis kunne hevde rettsleg klageinteresse, sjølv om egedomen er seld – av

omsyn til eventuelt erstatningskrav mot det offentlege grunna hevda ulovlege tiltak og vedtak i saka.

Klagar har ikkje lenger tilknytning til eigedomen gnr. 8, bnr. 165, 166. Eigedomen med gnr. 8, bnr. 165, 166 har sommaren 2020 fått nye eigarar, som har fått tinglyst heimel 20.08.2020.

Dei nye eigarane har 25.08.2020 skriftleg erklært at dei samtykker til tiltaket som er utført og godkjent på gnr. 9, bnr. 441 – dvs. inkludert siste oppførte støttemurar og terrengarbeid mot gnr. 8, bnr. 165, 166, jf. gitt løyve i vedtak 58/20, møte 15.06.2020 i teknisk utval.

Etter tvistelova (tvI) § 1-3, nr. 2, må den som viser til rettsleg interesse/rettsleg klageinteresse ha eit «reelt behov» for å få kravet avgjort og dette skal vurderast i høve kravets aktualitet og partens tilknytning til det - ut frå ei heilskapleg vurdering, jf. f. eks. forarbeida til forvaltningslova (O.t. prp. nr. 38, 1964-65) og tvistelova (Ot. prp. nr. 51 (2004-2005)). I lovforarbeida til forvaltningslova er det vist til då gjeldande tvistemålslova § 54 i høve formuleringa «rettsleg klageinteresse», der det er meininga at «rettsleg klageinteresse skal motsvare kravet til «rettsleg interesse». Tvistemålslova er oppheva og erstatta av tvistelova.

I dei vedlagde dokumenta frå klagar som gjeld rettsleg klageinteresse, jf. vedlegg/bilag nr. 2 i klagen og skriv frå Sivilombudsmannen og eit fylkesmannebete, har nye eigarar slutta seg til klagen – noko som ikkje er tilfelle her. Tvert om har nye eigarar skriftleg akseptert tiltaket på naboeigedomen, gnr. 9, bnr. 441.

Etter sal av eigedomen kan tidlegare eigarar vanskeleg seiast å lenger vere part eller ha tilstrekkeleg rettsleg klageinteresse, då ein bør kunne sjå på den økonomiske interessa knytt til eigedomen som oppgjort ved salet av eigedomen. Klagarane har ikkje lenger noko tilknytning til gnr. 8, bnr. 165, 166 og har dermed heller ikkje lenger nokon eventuell ulempe av tiltaket som er utført på gnr. 9, bnr. 441.

Kommunen kan ut frå tidlegare handsaming og vedtak – også hos fylkesmannen – ikkje sjå at klagar har noko grunnlag for erstatningssak.

Avvisingsvedtaket 94/20 har dermed ikkje lenger nokon klare verknader for klagar og tidlegare eigarar av gnr. 8, bnr. 165, 166.

Kommunen kan av desse grunnar – og etter ei samla og konkret vurdering – ikkje sjå at klagar lenger har eit reelt behov for å få kravet/klagen avgjort, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd og tvistelova § 1-3, 2. ledd.

Basert på dette vil kommunalsjef teknisk tilrå å ikkje ta til følge klagen frå advokat Hove på teknisk utval sitt avvisingsvedtak 94/20, pga. manglande rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd og tvistelova § 1-3, 2. ledd.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen spesielle.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen spesielle.

Miljøkonsekvensar: Ingen spesielle.

Økonomiske konsekvensar: Ingen spesielle.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen spesielle.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen spesielle.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Anita Sundnes
leiar plan- og bygningsavdelinga



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
123/20	Teknisk utval	10.12.2020

Høyringsuttale - søknad om løyve til verksemd etter forureiningslova - Green Yard Kleven AS

Samandrag:

Green Yard Kleven AS vil etablere resirkuleringsanlegg for skip på verftsområdet. Søknaden er stila til fylkesmannen som myndeorgan for denne typen verksemd etter forureiningslova. Fylkesmannen har sendt saka på høyring m.a. til Ulstein kommune. Administrasjonen har nokre innspel og merknader til saka og rår teknisk utval til å gje uttale slik det går fram av tilrådinga.

Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Ulstein kommune ved teknisk utval er positive til at Green Yard Kleven ønskjer å utvide verftet sine forretningsområde.

Teknisk utval er oppteken av at dette blir gjort på ein måte som fullt ut tek i vare forhold knytt til helse, miljø, tryggleik og beredskap, jf. dei moment som går fram av saksutgreiinga.

Vedlegg:

Høyring av søknad frå Green Yard Kleven AS om løyve til verksemd etter forurensningsloven
Green Yard Kleven AS - Søknadsdokument for resirkulering av skip

Saksopplysningar:

Green Yard Kleven AS ønskjer å etablere resirkuleringsanlegg for skip på verftsområdet. Søknaden er stila til fylkesmannen som myndeorgan for denne typen verksemd etter forureiningslova. Fylkesmannen har sendt saka på høyring m.a. til Ulstein kommune.

Kommunen er utfordra til å særskilt kommentere følgjande forhold som går fram av fylkesmannen si oversending:

- spesielle forhold som gjeld helse og miljø
- opplysningar om kommuneplan, reguleringsføresegner og eventuelle reguleringsplanar
- noverende og framtidige interesser knytt til området eller resipienten
- naboforhold der kommunen finn dette relevant for saka
- uttale fra brannvesenet i saker der brannvern er eit relevant tema

Vurdering og konklusjon:

Plansituasjon:

Gjeldande arealplan er reguleringsplan for Kleiva, planid 20130003, godkjent 28.4.2016.

I reguleringsføresegnene er der krav m.a. til grenseverdiar for støy, forureining, utfylling osv.

Ein kan ikkje sjå at reguleringsplan for Kleiva med føresegner er til hinder for å nytte arealet til resirkulering av skip.

Forhold knytt til helse, miljø, tryggleik og brannvern:

Kommunen vil føresette at aktiviteten ikkje skal medføre forureining. All lagring av skip, utstyr, gjenvinning, sanering og annan aktivitet tilknytt verftet, må difor sikrast forsvarleg mot forureining. Gode rutinar for alle operasjonar inkludert avfallshandtering må ikkje berre nedfellast i regelverk og rutinar, men også følgjast opp i praksis. Her har fylkesmannen eit ansvar som tilsynsorgan.

All verksemd som handterer farleg stoff skal ha ein beredskapsplan og varslingsrutine ved uhell med farleg stoff. Det vil seie at verksemda må ha ein plan for korleis ein skal unngå uhell med farleg stoff, og ha ein plan for kva dei skal gjere om uhellet er ute inkludert varslingsrutiner, evakueringsplan/-soner. Det er skildra i høyringsdokumentet at verksemda skal gjere fleire typar risikovurderingar under prosessen. Forholdet mellom risikovurdering og beredskapsplan kunne ha vore klarare definert.

Plan for og vurdering av eigen beredskap eller industrivern burde ha vore omtalt i søknaden, t.d. røyk- og kjemikaliedykarberedskap (spesialutstyr for sløkking av brann i metallspen og liknande).

Kommunen reknar med at alt farleg stoff vert handtert og oppbevart etter gjeldande lover og forskrifter.

Knytt til farleg avfall og risikoaspekt er der ikkje nemnt brann eller eksplosjon som risiko

Når det gjeld gjennomføring av oppdrag, er det ikkje nemnt korleis dette i praksis vert gjort knytt til reinplate og oppsamling under område eller mellomlagring. Det må i alle høve sikrast at der ikkje vert avrenning av farleg avfallstoff til grunn eller sjø.

For utslepp til sjø har lokalt brannvesen avgrensa mengde utstyr å hjelpe seg med (oljelenser osv.). Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining (IUA) har eit noko større depot i Herøy og hovudepot i Ålesund.

Forhold til resipient:

Verftseigedomen har privat avløpsanlegg, og etter det kommunen kjenner til er der 3 private utsleppsleidningar til sjø der fylkesmannen er tilsynsmynde. Dette er føresett uendra.

Lyngnesvika er klassifisert i Ulstein kommune si «Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn» som mogleg sårbar sjøresipient. Ein må difor vere ekstra varsam i høve utslepp, ikkje berre av sanitært avløpsvatn, men også i høve andre stoff frå anlegget. Handtering av alle avløps- og oljerestar må sikrast forsvarleg, jf. det som går fram over.

Naboforhold:

Det er svært kort avstand til fleire bustadeigedomar. Det har tidlegare vore ein del konflikhtar mellom naboar og verftet vedkomande støy frå verksemda.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Ein kan ikkje sjå at folkehelseaspekt vert ramma ut over det som gjeld miljøforhold som er nemnt under.

Miljøkonsekvensar:

Støy, støv, avfallshandtering, utslepp til sjø og luft er sentrale faktorar i tilknytning til ein søknad om resirkulering av skip.

Økonomiske konsekvensar:

Avgrensa for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Sjå det som gjeld brann og akutt ureining i utgreiinga over.

Konsekvensar for barn og unge:

Ingen.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk etat



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
124/20	Teknisk utval	10.12.2020

Budsjettreguleringar for investeringar teknisk etat 2020

Samandrag:

Det er behov for å gjere budsjettreguleringar for investeringsprosjekt. Nokre prosjekt har fått høgare kostnad enn budsjettert, andre har vorte rimelegare. Teknisk utval har mynde til å flytte budsjetterte midlar frå eit prosjekt til eit anna innanfor teknisk etat sitt ansvarsområde. Difor vert det lagt fram sak for teknisk utval for å avstemme budsjett og rekneskap.

Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Prosjekt 31902 Hovudvassledning får tilført kr 2 015 000 på følgande måte:

- 1 200 000 kr frå prosjekt 32014 Mindre nyanlegg 2020
- 650 000 kr frå prosjekt 32012 Høgdebasseng Moldskred
- 165 000 kr frå prosjekt 32015 Vassleidning på Ulstein

Prosjekt 32028 Kamera/utstyr til inspeksjon avløp får tilført 420.000 kr frå Mindre nyanlegg avløp, prosjektnr. 32017

Vedlegg:

Investering teknisk - budsjettregulering

Saksopplysningar:

Teknisk etat har ansvar for gjennomføring av ein god del investeringsprosjekt. Nokre av desse prosjekta vert dyrare enn føresett andre får lavare kostnad. Teknisk utval har mynde til å flytte budsjetterte midlar frå eit prosjekt til eit anna innanfor teknisk etat sitt ansvarsområde. Saka vert lagt fram for å få budsjett og rekneskap til å stemme. Dersom det ved overskridingar ikkje hadde vore midlar å hente frå andre investeringsprosjekt, måtte ein anten stoppa prosjekta før fullføring eller fått auka investeringsramme frå kommunestyret.

Spesielt innanfor sjølvkostområda vatn og avløp, blir det i mange tilfelle nytta indeksregulerte budsjettal frå hovudplanane (kommunedelplan vassforsyning og kommunedelplan avløp) som grunnlag for budsjett/økonomiplan. Desse tala er som regel erfaringsbaserte og stipulerte tal. Ved prosjektering, anbodsinnhenting og gjennomføring, kan kostnaden bli vesentleg annleis enn dei erfaringsbaserte tala. Det er difor ikkje uvanleg at det kjem endringar på desse, både pluss og minus.

Postane i vedlagde rekneark som gjeld disponering av meirinntekter, vert handsama i eiga sak.

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet om vassleidning som har budsjettmessig underdekning skuldast at etappe tre som skulle gå til Brattørakryset (rundkøyringa ved Amfi), var noko underbudsjettert og der kom til nokre ekstrakostnader m.a. ved at etappen vart forlenga til å gå gjennom kryset - noko som under budsjetteringa ikkje var føresett. Det viser seg av ulike grunnar å vere kostbart å jobbe i eit strekt trafikkert område

Likestillingsmessige sider ved saka:	Ingen
Konsekvensar for folkehelsa:	Ingen
Miljøkonsekvensar:	Ingen
Økonomiske konsekvensar:	Sjå saksutgreiing
Beredskapsmessige konsekvensar:	Ingen
Konsekvensar for barn og unge:	Ingen

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk etat



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
125/20	Teknisk utval	10.12.2020
	Kommunestyret	

Avsetningar av ikkje budsjetterte inntekter teknisk etat

Samandrag:

Det har kome inntekter innanfor teknisk etat sitt anvarsområde som ikkje har vore budsjetterte. Ut frå økonomireglementet kan hovudutval og formannskap disponere meirinntekter inntil 500.000 kr, men beløpa er større enn dette og må dermed disponerast av kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding:

Inntekter på prosjekt 32024 Anleggsbidrag utbyggingsprosjekt på kr 805 458 vert avsett på kapitalfond

Inntekter på prosjekt 32026 Grunnkjøp og grunnsal på kr 70 880 vert avsett på kapitalfond

Inntekter på prosjekt 31706 Legehaugane på kr 759 736 vert avsett på kapitalfond

Vedlegg:

Avsetning av ikkje budsjetterte inntekter teknisk etat 2020

Saksopplysningar:

Teknisk utval har mynde til å flytte budsjetterte midlar frå eit prosjekt til eit anna innanfor teknisk etat sitt ansvarsområde. Dette er gjort i eiga sak til utvalet.

Ut frå økonomireglementet kan hovudutval og formannskap disponere meirinntekter inntil 500.000 kr, men det har kome inn større beløp enn dette og desse må dermed disponerast av kommunestyret.

Inntektene kjem frå tomtosal, utbyggingsavtalar knytt til større byggeprosjekt og sal av grunn.

Vurdering og konklusjon:

Når det gjeld ikkje budsjetterte inntekter, så ser administrasjonen at her er to val, anten setje dei av på kapitalfondet eller la dei gå direkte til nedbetaling av gjeld. Administrasjonen meiner at det mest fornuftige er å halde på handlefridomen fondsavsetning gir og rår difor til å føre midlane inn på kapitalfondet.

For prosjekt 32026 grunnkjøp og grunnsal på kr 70 880, så burde administrasjonen ideelt sett ha hatt ein pott for kjøp og sal av grunn. Ut frå økonomireglementet, viser dette seg vanskeleg å få til. Dermed må inntektene setjast av til fond, og ved ev. grunnkjøp der det ikkje er midlar i budsjettet t.d. knytt til prosjekt, må det løyvast midlar.

Likestillingsmessige sider ved saka:	Ingen
Konsekvensar for folkehelsa:	Ingen
Miljøkonsekvensar:	Ingen
Økonomiske konsekvensar:	Sjå saksutgreiinga
Beredskapsmessige konsekvensar:	Ingen
Konsekvensar for barn og unge:	Ingen

Verner Larsen
kommunedirektør

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk etat



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/20	Teknisk utval	10.12.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
113/20	Teknisk utval	10.12.2020

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:
Protokoll - Teknisk utval - 12.11.2020



ULSTEIN KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Teknisk utval
Møtestad:	Ulstein rådhus, kommunestyresalen
Dato:	12.11.2020
Tid:	Kl. 09:00 – 12:55

Medlemmar som møte

	Representerer	Funksjon
Alf Johan Antonsen	Frp	leiar
Susanne S. Sundgot	Frp	medlem
Berit Overvåg Hjorth	H	medlem
Hans Petter Th. Ulstein	H	medlem
Jostein Sætrenes	KrF	medlem
Kristin Opsahl Myrene	Sp	medlem

Forfall

Magne Olav Gurskevik

Representerer

Ap

Varamedlem

Marte Gurskevik Skeide

Representerer

Ap

Andre som møte

Arne Runar Vik	ADM	kommunalsjef teknisk og sekretær
Steinar Nummedal	ADM	økonomileiar
Verner Larsen	ADM	kommunedirektør
Arnfinn Rørvik	ADM	ingeniør byggesak/bustadkonsulent
Cecilie Roppen	ADM	planleggar
Arild Støylen	ADM	ingeniør byggesak/miljøvern

Inhabile

Alf Johan Antonsen

Sak

111/20

Følgjande vara møte

Runar Leikanger, Frp

Merknader

Jf. Forvaltningslova § 6 1. ledd punkt b).

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 99/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	20/2587
PS 100/20	Godkjenning av protokoll	20/2587
PS 101/20	Orienteringar	20/2587
OS 12/20	Synfaring ved avløpsanlegg på Halseneset	20/2587
OS 13/20	Orientering om aktuelt lovverk	20/2587
PS 102/20	Referatsaker	20/2587
RS 1	Gebyr for fyringanlegg 2021	20/2586
PS 103/20	Delegerte saker	20/2587
PS 104/20	Økonomiplan 2021-2024	20/2581
PS 105/20	Evalueringsrapport parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum - Ulshaugen – Halsekerdalen	19/10243
PS 106/20	Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Eiksund skule	20/2537
PS 107/20	Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Fritidsbustadar T104 – Ganes	20/2048
PS 108/20	Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova.	20/2574
PS 109/20	Gebyrregulativ renovasjon 2021	20/2583
PS 110/20	Kommunale gebyr for vatn og avløp 2021	20/2569
PS 111/20	Dispensasjon frå kommuneplan - Garasje - Fløvegen 187 - Gnr 5 bnr 4	20/2340

Ulsteinvik, 12.11.2020

Alf Johan Antonsen

PS 99/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 100/20 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå møtet 15.10.2020 vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå møtet 15.10.2020 vart samrøystes godkjend.

PS 101/20 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
12/20	Synfaring ved avløpsanlegg på Halseneset
13/20	Orientering om aktuelt lovverk

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende. Sjå behandling i underliggende saker.

OS 12/20 Synfaring ved avløpsanlegg på Halseneset

Vedtak:

Teknisk utval tek synfaringa og orienteringa om avløpsanlegget på Halseneset til vitende.

Behandling:

Teknisk utval fekk orientering om anlegget av fagarbeidar Øyvind Hov og arbeidsleiar Even Soleng.

OS 13/20 Orientering om aktuelt lovverk

Vedtak:

Teknisk utval utset orienteringa om aktuelt lovverk til neste møte.

Behandling:

Orientering om aktuelt lovverk vart utsett til neste møte.

PS 102/20 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
1	Gebyr for fyringanlegg 2021

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

RS 1 Gebyr for fyringanlegg 2021

Vedtak:

Teknisk utval tek referatsaka om gebyr for fyringsanlegg 2021 til vitende.

Behandling:

[ingen merknadar].

PS 103/20 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
278/20	Endring av løyve - Ny skulebygning - Ulsteinvik barneskule - Skulevegen 5 - gnr 8 bnr 213
277/20	Ferdigattest - Bustadhus - Vikemarkråsa 36 - gnr 8 bnr 499
274/20	Ferdigattest - Ny stålpipeline og vedomn - Selvågvegen 180 - gnr 75 bnr 5
287/20	Ferdigattest - Opparbeiding av park - Bjørndalvegen - gnr 8 bnr 153
271/20	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Skeidsvegen 13 - gnr 6 bnr 61
281/20	Ferdigattest - To carportar - Einehaugen 32 - gnr 18 bnr 64
279/20	Igangsettingsløyve 2 - Ny skulebygning - Ulsteinvik barneskule
289/20	Igangsettingsløyve for resterande arbeid - Bygning for energisentral - Sjukeheimsvegen 20 - gnr 25 bnr 199
288/20	Igangsettingsløyve grunnarbeid - Bustadhus med utleigedel og integrert garasje - Osnesbrunene 26 - gnr 7 bnr 691
294/20	Løyve til endring av carportar - Tomannsbustad - Vikegjerde 7 og 9 - gnr 8 bnr 26
273/20	Løyve til tiltak - Bustadhus med carport - Hansvika 59 - gnr 33 bnr 78
280/20	Løyve til tiltak - Carporttilbygg og bod under veranda - Dyrda 9 - gnr 25 bnr 83
282/20	Løyve til tiltak - Einebustad - Osbergvegen 48 - gnr 7 bnr 825
283/20	Løyve til tiltak - Einebustad og garasje - Hovsetsvingane 64 - gnr 9 bnr 510
276/20	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Fløvegen 725 - gnr 3 bnr 7
296/20	Løyve til tiltak - Reiskapshus - Hasundvegen 81 - gnr 23 bnr 7
272/20	Løyve til tiltak - Støttemur - Gamlevegen 6 - gnr 8 bnr 374
291/20	Løyve til tiltak - Tilbygg - Hovsetsvingane 1 - gnr 9 bnr 490
286/20	Løyve til tiltak - Tilbygg på eksisterande veranda - Dyrda 19 - gnr 25 bnr 23
269/20	Løyve til tiltak - Veg/parkeringsplass - Prost Ankers gate 35 - gnr 8 bnr 176
292/20	Mellombels bruksløyve - Tilbygg/ombygging kontorlokale - Smårisevadet 9 - gnr 25 bnr 316

270/20	Mellombels bruksløyve - Uteareal - Bjørndalvegen 2
293/20	Mellombels bruksløyve, utviding av Brygga Sportsbar - Utbygging av Sjøside trinn 1 - Sjøgata 30-38 - gnr 8 bnr 532
275/20	Søknad om reduksjon i kommunale avgifter
295/20	Vedtak om deling - Gnr 6 bnr 7 og 9 - Deling av grunneigedom
290/20	Vedtak om deling - Gnr 9 bnr 45 - Deling av grunneigedom - Hovsetbakkane 28

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitende.

Behandling:

Delegerte saker vart samrøystes tekne til vitende.

PS 104/20 Økonomiplan 2021-2024

Vedtak:

Teknisk utval tek til vitende kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024.

Behandling:

Økonomileiar Steinar Nummedal presenterte hovudtrekka i økonomiplanen.

Fellesframlegg:

Teknisk utval tek til vitende kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024.

Røysting:

Fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021 vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg, med følgjande endringar:

-

-

Dette gir slikt oppsett i skjema 1 a/b og 2 a/b (vert klipt inn ved endeleg vedtak)

2. Ulstein kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. **, -

Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2021.

3. Administrasjonen kjem tilbake med ein fordeling av det uspesifiserte innsparingskravet på 3 millionar kroner for budsjettåret 2021 til formannskapet.

PS 105/20 Evalueringsrapport parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum - Ulshaugen - Halsekerdalen

Vedtak:

Uttale frå Teknisk utval 12.11.2020:

Kommunestyret støttar tilrådingane i Evalueringsrapport for parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum – Ulshaugen – Halsekerdalen og legg den til grunn for det vidare planarbeidet.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret støttar tilrådingane i Evalueringsrapport for parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum – Ulshaugen – Halsekerdalen og legg den til grunn for det vidare planarbeidet.

Vedtak som innstilling frå Fellesrådet - 10.11.2020 - 43/20

Uttale frå Fellesrådet 10.11.2020:

Kommunestyret støttar tilrådingane i Evalueringsrapport for parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum – Ulshaugen – Halsekerdalen og legg den til grunn for det vidare planarbeidet.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 11.11.2020 - 89/20

Uttale frå Levekårsutvalet 11.11.2020:

Kommunestyret støttar tilrådingane i Evalueringsrapport for parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum – Ulshaugen – Halsekerdalen og legg den til grunn for det vidare planarbeidet.

PS 106/20 Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Eiksund skule

Vedtak:

Framlegg til detaljregulering for Eiksund skule, datert 04.11.2020, med føresegner, datert 04.11.2020 og planomtale vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL § 12-10.

Behandling:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding:

Framlegg til detaljregulering for Eiksund skule, datert 04.11.2020, med føresegner, datert 04.11.2020 og planomtale vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL § 12-10.

PS 107/20 Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Fritidsbustadar T104 - Garnes

Vedtak:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering av område T104 i kommuneplanens arealdel, på gnr. 20, bnr. 5, som vist på vedlagt kartutsnitt, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Formålet med reguleringa vil vere å detaljregulere for fritidsbebyggelse med andre tilhøyrande formål.

Behandling:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering av område T104 i kommuneplanens arealdel, på gnr. 20, bnr. 5, som vist på vedlagt kartutsnitt, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Formålet med reguleringa vil vere å detaljregulere for fritidsbebyggelse med andre tilhøyrande formål.

PS 108/20 Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova.

Vedtak:

Tilråding frå Teknisk utval 12.11.2020:

I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret at satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter plan- og bygningslova vert auka med 2,5 %.

I medhald av § 32 i matrikkellova godkjenner kommunestyret at satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova vert auka med 2,5 %.

I medhald av § 15 i eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret at satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova vert auka med 2,5 %.

Administrasjonen får fullmakt til å oppdatere gebyrregulativa med basis i kommunestyret sitt vedtak samt gjere mindre endringar i forskriftene som skissert i vedlegg «Oversikt - Endringar etter evaluering» datert 04.11.2020.

Gebyrregulativa vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret at satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter plan- og bygningslova vert auka med 2,5 %.

I medhald av § 32 i matrikkellova godkjenner kommunestyret at satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova vert auka med 2,5 %.

I medhald av § 15 i eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret at satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova vert auka med 2,5 %.

Administrasjonen får fullmakt til å oppdatere gebyrregulativa med basis i kommunestyret sitt vedtak samt gjere mindre endringar i forskriftene som skissert i vedlegg «Oversikt - Endringar etter evaluering» datert 04.11.2020.

Gebyrregulativa vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.

PS 109/20 Gebyrregulativ renovasjon 2021

Vedtak:

Tilråding frå Teknisk utval 12.11.2020:

I samsvar med vedtak frå representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) godkjenner Ulstein kommunestyre gebyrregulativet for renovasjonstenestene, jf. vedlegg i saka. Renovasjonsgebyra aukar med 2,5 % frå 2020 – 2021, og endringa vert gjort gjeldande frå og med 1.1.2021.

Behandling:

Representantskapet i SSR gjorde eit anna vedtak om gebyr enn det som administrasjonen/styret i SSR hadde lagt opp til og som var lagt til grunn for kommunedirektøren si tilråding. Oppdatert framlegg til gebyrregulativ var sendt ut til utvalsmedlemmene på e-post onsdag 11.11. Alle utvalsmedlemmene stadfesta at dei hadde motteke oppdatert framlegg til gebyr.

Justert tilråding frå kommunedirektøren vart endra i møtet:

I samsvar med vedtak frå representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) godkjenner Ulstein kommunestyre gebyrregulativet for renovasjonstenestene, jf. vedlegg i saka. Renovasjonsgebyra aukar med 2,5 % frå 2020 – 2021, og endringa vert gjort gjeldande frå og med 1.1.2021.

Røysting:

Kommunedirektøren si justerte tilråding vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

I samsvar med vedtak frå representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) godkjenner Ulstein kommunestyre gebyrregulativet for renovasjonstenestene, jf. vedlegg i saka. Renovasjonsgebyra aukar med 3,3 % frå 2020 – 2021, og endringa vert gjort gjeldande frå og med 1.1.2021.

PS 110/20 Kommunale gebyr for vatn og avløp 2021

Vedtak:

Tilråding frå Teknisk utval 12.11.2020:

Investeringsramma i 2021 for vassforsyning vert sett til 7 mill. kroner, finansiert med lån. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for vatn, samt målarleige vert redusert med 5 % i høve nivået for 2020.

Investeringsramma i 2021 for avløp vert sett til 5,1 mill. kroner, finansiert med lån. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for avløp vert redusert med 5 % i høve nivået for 2020.

Einingsprisane (m³) for vatn vert redusert med 5 %. For avløp reduserast einingsprisane (m³) med 5 %. Vassmålarleige vert redusert med 5 % for kvar kategori. Tilknytingsgebyra vert uendra i høve satsane for 2020. Satsane er gjeldande frå 1.1.2021.

Behandling:

Justert tilråding frå kommunedirektøren:

Investeringsramma i 2021 for vassforsyning vert sett til 7 mill. kroner, finansiert med lån. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for vatn, samt målarleige vert redusert med 5 % i høve nivået for 2020.

Investeringsramma i 2021 for avløp vert sett til 5,1 mill. kroner, finansiert med lån. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for avløp vert redusert med 5 % i høve nivået for 2020.

Einingsprisane (m³) for vatn vert redusert med 5 %. For avløp reduserast einingsprisane (m³) med 5 %. Vassmålarleige vert redusert med 5 % for kvar kategori. Tilknytingsgebyra vert uendra i høve satsane for 2020. Satsane er gjeldande frå 1.1.2021.

Røysting:

Den justerte tilrådinga frå kommunedirektøren vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

Investeringsramma i 2021 for vassforsyning vert sett til 7,00 mill. kroner, finansiert med lån.

Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for vatn, samt målarleige vert redusert med 5% i høve nivået for 2020.

Investeringsramma i 2021 for avløp vert sett til 8,00 mill. kroner, finansiert med lån. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for avløp vert redusert med 5% i høve

nivået for 2020.

Einingsprisane (m³) for vatn vert redusert med 5 %. For avløp reduserast einingsprisane (m³) med 5 %. Vassmålarleige vert redusert med 5% for kvar kategori.

Tilknytingsgebyra vert uendra i høve satsane for 2020.

Satsane er gjeldande frå 1.1.2021.

PS 111/20 Dispensasjon frå kommuneplan - Garasje - Fløvegen 187 - Gnr 5 bnr 4

Vedtak:

- A. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gir teknisk utval dispensasjon frå føresegnene i § 7.1.2, bokstav c) til arealdelen i kommuneplanen, slik at det kan oppførast eit garasjebygg med grunnflate på inntil 70 m² BYA på gnr. 5, bnr. 4.

Grunngivinga er:

1. Tunet med eigedomen og naboeigedomen ligg landeleg til og har i dag bustadhus med ulik arkitektonisk stil, der begge husa har relativt stor grunnflate og volum. Omsøkt garasje har ei moderat mønehøgdd på 3,6 meter som er redusert frå tidlegare omsøkt 5,5 meter. Garasjen vil derfor kunne oppfylle prinsippet om å underordne seg eksisterande bustadhus i området og vere akseptabelt tilpassa tunet og omgivnadene elles, sjølv med grunnflate inntil 70 m² BYA.
 2. Teknisk utval kan ikkje sjå at dispensasjon for garasje med grunnflate inntil 70 m² BYA for denne konkrete situasjonen og eigedomen vil sette vesentleg til side omsyna bak føresegnene i § 7.1.2 i arealdelen i kommuneplanen. Etter ei samla vurdering er fordelane ved å gi dispensasjon også klart større enn ulempe.
- B. Teknisk utval finn ikkje å kunne gi dispensasjon for garasjebygg større enn 70 m² BYA, ettersom gjeldande kommuneplan er relativt ny. Godkjenning av store garasjebygg over 70 m² BYA vil vere direkte i strid med intensjonen i kommuneplanen, og vil kunne gi nye føringar for godkjenning av garasjebygg. Teknisk utval finn derfor at garasjen må avgrensast til maksimalt 70 m² BYA.
- C. Teknisk utval finn ikkje å kunne gi dispensasjon frå avstandskravet på minst 4 meter, jf. pbl § 29-4. Dette pga. storleiken på garasjen og

intensjonen bak kravet i pbl, som gjev klare føringar for tiltak som tillatast i 4-metersona mot nabo. Merknad frå nabo Per-Olav Hansen vert med dette teken til følgje.

D. Før sjølve byggesaka kan behandlast vidare administrativt, må søkarane levere inn:

1. Revidert situasjonsplan i oppgitt målestokk (f. eks. M 1:500), med vist minste avstand 4 meter frå omsøkt garasje til nabogrense mot gnr. 5, bnr. 68.
2. Planteikningar, målsette og med oppgitt målestokk (f. eks. M 1:100), med vist grunnflate for garasjen på maksimalt 70 m² BYA.
3. Reviderte fasadeteikningar og snitteikning, med oppgitt målestokk, i samsvar med ei garasjebygning med grunnflate inntil 70 m² BYA og mønehøgde 3,6 meter.
4. Opplysingar om bruksareal (BRA) og takvinkel for garasjen.
5. Dokumentasjon på at brannteknisk skilje mot naboeigedom vert stetta, jf. kap. 11 i teknisk forskrift av 2017 (TEK 17).

Inhabile

Alf Johan Antonsen

Følgjande vara møte

Runar Leikanger

Merknader

Jf. Forvaltningslova § 6 1. ledd punkt b).

Behandling:

Vurdering av gildskap

Alf Johan Antonsen melde seg ugild i saka, etter at møteinnkallinga var sendt ut. Antonsen er svoger med søkar. Runar Leikanger var kalla inn som vararepresentant.

Ein offentleg tenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for ei avgjersle eller til å treffe avgjersle i ei forvaltningssak når han er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken, jf. Forvaltningslova § 6 1. ledd punkt b).

Likeså er han ugild når andre særeigne forhold føreligg som er eigna til å svekke tilliten til hans upartiskheit; blant anna skal leggast vekt på om avgjersla i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for han sjølv eller nokon som han har nær personleg tilknytning til, jf. Forvaltningslova § 6 2. ledd punkt 2.

Prosjektnr.: 787	Prosjektfase: SØK/ARB	Tegnet av: A. KA.	Kontrollert av: O. M.	Dato: 08.09.2020
Tegning: Snitt				Målestokk: 1:100 Papir: A3
© Alle rettigheter tilhører MARK arkitekter, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke.				Tegningsnr.: 787 ARB v.3 #7



Saksframlegg









Saksnr.	Utval	Møtedato
304/20	Teknisk utval	10.12.2020

Løyve til tiltak - Garasje - Dimnøyvegen 427 - gnr 32 bnr 24

Vedlegg:

Samleteikning - garasje

Situasjonsplan - garasje



Arealberegninger i hht. NS 3940	Bruksareal BRA i m ²	
	Pr etasje	Sum BRA
H. etg. plan	57.8	57.8
SUM :	57.8	57.8
BYA :	64.0	64.0



© Tegningen er beskyttet i.h.t. lov om opphavsrett.

Tiltakshaver: **Steffen Stensland**
 Byggeplass: **Dimnøyvegen 427, 6065 Ulsteinvik**
 Kommune: **Ulstein**
 Gnr: Bnr: Mål: 1 : 100
 Planer, snitt, fasader og perspektiv

Dato: 21.09.2020
 Tegn: Per H
 Prosjekt nr.:
 Tegn.nr: 501
 8x8_295_gdl_stensland



Situasjonskart
Teknisk etat
28.09.2020
Målestokk 1:500
Ulstein kommune

3900

3950

350

X E

300


X E

350

X E

Y 33

Y 33





Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
297/20	Teknisk utval	10.12.2020

Løyve til tiltak - Støy- og innsynsvegg - Anholen 23 - gnr 8 bnr 411

Vedlegg:
Situasjonskart
Snitteikning




Støyskjerm

Dato: 20.10.2020

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N




GJERDE bygges som støyvegg med
sviller opppe og nede og støndere
med 60cm avstand.

Borrekledning begge sider med støyisolasjon
i midten.

Stykesteke brukes som fundament for gjerdet

Material er Møre Royal

Handrette på topp



← HUS ANHOLEN
2.3



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
308/20	Teknisk utval	10.12.2020

Mellombels bruksløyve - Einebustad med garasje - Hansvika 57 - gnr. 33, bnr. 77



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
309/20	Teknisk utval	10.12.2020

Mellombels bruksløyve - Bustadhus - Hovsetsvingane 72 - gnr 9 bnr 517



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
284/20	Teknisk utval	10.12.2020

Mindre endring av - Bustadområde på gnr. 2 bnr. 2 - Flø

Vedlegg:
Kartvedlegg

Om søknaden:

Det er søkt om mindre endring av plan. Søknaden dreier seg om at innregulert fellesveg som var tenkt til felles avkøyrsløse for gnr 2 bnr 52, 53 og 54, vert fjerna frå plankartet. Arealet vert regulert som tillegg til bustadtomta gnr 2, bnr 53, bortsett frå nordre enden som vert lagt til bnr 54. Dette for å unngå ulaglege grenser.

Gjeldande plangrunnlag

Området ligg innanfor gjeldande reguleringsplan Bustadområde på gnr. 2 bnr. 2 - Flø med planID 20080010.

Høyring

Statens vegvesen bekrefta i brev av 21.09.2015 (i byggesak for eigedomen gnr. 2, bnr. 52) at dei ikkje hadde merknadar til at tomt 3 i reguleringsplan (gnr. 2, bnr 54) fekk avkøyrsløse til fellesavkøyrsløse mot nord.


Saka har vore sendt på høyring til oppsitjarane i området. Det kom ikkje inn merknadar til planendringa. Planendringa er ikkje sendt på ytterlegare ekstern høyring.

Vurderingar og konklusjon:

Kommunen finn å kunne handsame endringane som omfattar reguleringsplan *Bustadområde på gnr. 2 bnr. 2 - Flø* med planID 20080010 som mindre endring i medhald av plan- og bygningslova, § 12-14. Vegen som blir vekkregulert og omgjort til tomtegrunn for bnr 53, er ikkje lenger nødvendig sidan det er semje om at eigar av gnr 2, bnr 54, kan ha felles avkøyrsløse med gnr 2, bnr 13, og bnr 52 har fått vedtak på at dei kan bruke landbruksvegen som tilkomst. Saka er ikkje prinsipiell eller i strid med føringar i kommuneplan eller reguleringsplan. Temaet har også vore drøfta i teknisk utval ved handsaming av byggesaka til gnr. 2, bnr 52, og kan såleis handsamast av kommunalsjef teknisk etter generell delegasjon.

Sakshandsamingsgebyr 1)		
Mindre reguleringsendring, handsama delegert	kr	4 200,00

1) Faktura vert ettersendt




Teiknforklaring

- Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.1)
Område for bustader med tilhoyrande anlegg
- Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.3)
Kjøreveg
Anna veggrunn
- Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.6)
Privat veg
Frisiktsone ved veg
- Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**
- Regulerings- og utbyggingsplanområde
- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtgrense
- Eidedomsgrense som skal opphevast
- Byggjiegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:500



MINDRE ENDRING
REGULERINGSPLAN
Bustadområde på gnr. 2 bnr. 2 - Flø
Nei



SAKSBEHANDLING IFLG. PBL		SAKSNr.	DATO
DELEGERT VEDTAK - KOMMUNALSJEF TEKNISK		TU DS 284/20	24.11.2020
PLANEN ER UTARBEIDD AV: Ulstein kommune		PLANID.	SAKSHANDS.
		20080010	PAA



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
301/20	Teknisk utval	10.12.2020

Omadressering for gnr. 6, bnr. 18 - frå Skeidsreina til Fløvegen



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
300/20	Teknisk utval	10.12.2020

Rammeløyve - Tilbygg til bustadhus - Dimnasund 19 - gnr 28 bnr 25

Vedlegg:

Situasjonsplan

Teikning ny fasade

Teikning plan 1

Teikning plan 2

Teikning plan 3

Teikning nytt snitt



Det er ikkje definert noko bustadsføremål på tomta, og vi reknar med heile tomta i utrekning av %BYA

Eksisterande bustad: 64 m²
 Garasje/uthus: 62 m²
 (Vi reknar parkering i garasje)

Tilbygg: 58 m²


Totalt: 184 m²

%BYA etter tiltak er 16%

Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt: Sign.: Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festenr.: 28/25
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamsey	 Støylen Service
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.
Tegning: Situasjonsplan	Målestokk: 1:200
	Tegningsnr.: A10-01
	Rev.: .




1:100 Fasade Vest



1:100 Fasade Nord

Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt: Sign.: Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festenr.: 28/25
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamsey	 Støylen Service
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.
Tegning: Fasade Nord og Vest	Målestokk: 1:100
	Tegningsnr.: A40-01
	Rev.: .




1:100 Fasade Øst




1:100 Fasade Sør


Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt:	
	Sign.:	Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festenr.: 28/25	
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamøy	 Støylen Service	
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.	
Tegning: Fasade Sør og Øst	Målestokk: 1:100	
	Tegningsnr.: A40-02	Rev.: .






Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt: Sign.: Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festnr.: 28/25
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamsey	 Støylen Service
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.
Tegning: Plan 1. Etasje	Målestokk: 1:100
	Tegningsnr.: A20-01
	Rev.: .



Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt: Sign.: Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festnr.: 28/25
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamøy	 Støylen Service
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.
Tegning: Plan 2. Etasje	Målestokk: 1:100
Tegningsnr.: A20-02	Rev.: .



Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt:	
	Sign.:	Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festnr.: 28/25	
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamsey	 Støylen Service	
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.	
Tegning: Plan 3. Etasje	Målestokk: 1:100	Rev.:
	Tegningsnr.: A20-03	.



Prosjekt: Dimnasund 19	Kontroll prosjekt: Sign.: Kontroll:
Tiltakshaver: Bjørn Arve Ringstad Dimnasund 19 6065 Ulsteinvik	Gnr./Bnr./Festnr.: 28/25
Prosjekterende: Støylen Service AS Hamna 9 6087 Kvamsey	 Støylen Service
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: Dato oppr.
Tegning: Snitt A og B	Målestokk: 1:100
	Tegningsnr.: A30-01
	Rev.: .



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
307/20	Teknisk utval	10.12.2020

Vedtak om deling - Gnr 9 bnr 492 - Deling av grunneigedom - Hovsetsvingane 25

Vedlegg:

Hovsetsvingane 25 - situasjonskart i målestokk

Saksutgreiing:

Søknad om oppretting av grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 bokstav m og 26-1, og rekvisisjon av oppmålingsforretning etter matrikkellova er datert 02.11.2020 frå Total-Bygg Hjørungavåg AS, som er heimelshavar til eigedomen.

Situasjonskartet datert 16.09.2020 som ligg ved søknaden viser planlagt nye grenser og tilkomst til eigedomen. Situasjonskartet viser at omsøkt parsell gjev ein storleik som mogleggjer opparbeiding av parkeringsplassar og uteopphaldsareal i samsvar med krav i reguleringsplan.

Søknaden gjeld frådelling av ei bustadtomt frå gnr. 9, bnr. 492.

Nabovarsling:

Søknaden er nabovarsla 02.11.2020. Det ligg ikkje føre merknader til nabovarselet.

Planstatus – dispensasjon:

Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen for Hovsetmarka II, planID 20110003, som viser at området er regulert til bustad.

Teknisk anlegg - veg, vatn, avlaup og ev. fjernvarme:

Parsellen skal vere knytt til kommunal veg samt offentleg vass- og avlaupsløysing.

Tryggleik i høve fare frå natur- eller miljøtilhøve (pbl § 28-1):

Det ligg ikkje føre opplysningar som hindrar ei frådelling av bustadtomt med omsyn til sikring mot fare eller ulempe når det gjeld flaum, ras, støy eller liknande.

Vidare saksgang:


No vert saka overført til oppmålingsavdelinga. Oppmålingsforretninga vert det varsla om i forkant i brev eller ved telefon.

Dersom oppmålingsforretning ikkje er gjort innan 3 år etter at løyvet er gjeve, fell godkjenninga bort, jf. § 21-9 i PBL.

Faktura for sakshandsamingsgebyr vert sendt separat. Gebyr for oppmåling vert sendt etter at arbeidet er utført. Til informasjon kan ein opplyse om at sakshandsamingsgebyr for denne saka vert i følgja gjeldande gebyrregulativ: kr. 4 100,-. Oppmålingsgebyr for oppretting av eigedom er etter gjeldande gebyrregulativ sett til kr. 19 866,- pr. parsell og i tillegg kjem tinglysingsgebyr til staten. Nærare informasjon om gebyra finn du på kommunen sine heimesider.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast. Fristen for å klage er tre veker etter de har mottatt dette vedtaket. Sjå meir informasjon på kommunen sine heimesider: [Lenke til side om klagerett](#)



Id	Øst	Nord
1	338478,291	6916304,712
2	338480,493	6916311,357
3	338487,138	6916309,155
4	338484,936	6916302,510
5	338504,888	6916296,755
6	338507,927	6916301,924
7	338513,961	6916298,377
8	338514,996	6916297,769
9	338521,030	6916294,222
10	338522,065	6916293,614
11	338528,100	6916290,066
12	338525,059	6916284,894
13	338519,025	6916288,442
14	338517,991	6916289,050
15	338511,957	6916292,598
16	338510,922	6916293,206
17	338527,645	6916283,374
18	338524,926	6916278,749
19	338523,780	6916279,160
20	338515,075	6916284,383
21	338506,334	6916289,520
22	338499,848	6916293,333
23	338497,912	6916294,022
24	338436,894	6916306,443
25	338439,898	6916314,180
26	338445,491	6916312,008
27	338442,487	6916304,271
28	338452,051	6916317,385
29	338448,522	6916307,496
30	338458,647	6916303,883
31	338462,176	6916313,772
32	338461,666	6916300,443
33	338465,195	6916310,332
34	338475,320	6916306,719
35	338471,455	6916295,888
36	338464,862	6916298,240
37	338465,198	6916299,182
38	338460,058	6916287,548
39	338462,075	6916293,201
40	338469,816	6916290,196
41	338467,798	6916284,543
42	338474,855	6916292,624
43	338478,361	6916302,415
44	338487,719	6916299,063
45	338484,129	6916289,040
46	338477,850	6916291,290
47	338477,933	6916291,521
48	338487,809	6916283,893
49	338491,316	6916293,684
50	338500,674	6916290,332
51	338497,084	6916280,310
52	338490,805	6916282,559
53	338490,888	6916282,791
54	338501,375	6916277,281
55	338504,882	6916287,072
56	338514,240	6916283,720
57	338510,650	6916273,698
58	338504,371	6916275,947
59	338504,454	6916276,178
60	338514,329	6916269,140
61	338517,836	6916278,931
62	338527,193	6916275,579
63	338523,604	6916265,557
64	338517,324	6916267,806
65	338517,407	6916268,038
66	338493,790	6916308,768
67	338497,519	6916307,320

Total Bygg Hjørungavåg AS			
Ulstein Kommune			
H42			
Dato	Konstr./tegn	Godkjent	Målestokk
16.09.2020	YK		1:400
Stikkedata KS6_revB_160920			Erstatning for:
Dakark AS			Erstattet av:
Format A3			914
Henvisning:		Beregning:	Hovsetmarka




Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
306/20	Teknisk utval	10.12.2020


Vedtak om dispensasjon og bruksendring - Havågvegen 84 - gnr 70 bnr 30

Vedlegg:
Teikningar




BRUTTOAREAL EKISTERENDE BYGG CA 540 M²
 " " TILBYGG 80 M²
 BRUTTOAREAL SUM 620 M²

Rosa areal: Framtidig bruk som forsamlingsareal.



SNITT A-A



ENDRETT 220600

ULSTEIN KOMMUNE - EIKSUND SKULE - OM-TILBYGG
 PLAN 1. ETASJE - 5
 ARKITEKTFIRMA SP...STØL AS - BOKS 301 - 6067 ULSTEINVIK - TLF 70018550

MÅL 1:200



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
117/20	Teknisk utval	10.12.2020

Søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 20, bnr. 3

Samandrag:

Ann Cecilie Garnes Utgård søker om å få byggje om lag 170 meter med enkel traktorveg (vegklasse 8) på gnr. 20, bnr. 3 på Garnes. Administrasjonen rår til at teknisk utval gir løyve til tiltaket.

Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Med heimel i Forskrift om planlegging og bygging av landbruksveier av 28.05.2015 gir teknisk utval løyve til bygging av om lag 170 meter lett traktorveg (vegklasse 8) på gnr. 20, bnr. 3 slik det er søkt om.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Viss det dukkar opp automatisk freda kulturminne ved gjennomføring av tiltaket, må arbeidet stoppe opp med det same. Søkjaren må varsle det regionale kulturminnevernet, jf. § 8 i kulturminneloven. Det regionale kulturminnevernet skal og varslast viss søkjaren kjenner til kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket.
2. Løyvet er gjeldande i 3 år frå vedtaksdato.
3. Fyrste del av vegen må ha slik utforming at den kan byggjast om til ein høgare vegstandard viss det vert aktuelt med utbygging av gnr. 20, bnr. 67 som i arealdelen til kommuneplanen er avsett til fritidsbustad/rorbuføremål. Ombygging til høgare vegstandard krev ny byggjesøknad og løyve etter anna lovverk.
4. Vegen skal leggjast lett i terrenget og vere godt terrengtilpassa. Ved utføring og tilstelling skal dei landskapsmessige konsekvensane av traktorvegen minimerast sidan vegen ligg i strandsona.

Vedlegg:

Traktorveg havnavika nov 2020

Søknad om bygging av landbruksveg

Referat frå synfaring 06.10.2020

Orientering om status - vidare handsaming av veg på Garnes

Melding om vedtak

Saksopplysningar:

Ann Cecilie Garnes Utgård søker om å få byggje om lag 170 meter med enkel traktorveg (vegklasse 8). Utgård sende byggesøknaden datert 09.04.2020 til Ulstein kommune for handsaming. Søknaden vart handsama i Teknisk utval i PS 68/20 den 02.07.2020, og som del av saka vart det og handsama «oppfølging av utført tiltak». Vedtaket i saka med 6 mot 1 røyst: *Teknisk utval utset saka basert på ny informasjon. Utvalet ber administrasjonen om å få saka framlagt på nytt.*

Landbrukssjefen var på ny synfaring på eigedomen den 6.10.2020 saman med søkjar. Representantar frå teknisk etat og landbrukskontoret har deretter vurdert saka på nytt. Administrasjonen ser det som viktig at Garnes får gode høve til å både nytte ressursane på eigedomen og skjøtte kulturlandskapet ved aktiv beitebruk.

I arealdelen til kommuneplanen er det lagt ut eit område for utbygging av fritidsbustader/rorbuer på gnr. 20, bnr. 67. Søknaden om traktorveg som vert handsama i denne saka inkluderer ikkje tilkomst til dette området. Men vert ein slik tilkomst aktuell, så må ikkje løyve til bygging av traktorveg no, hindre slikt løyve seinare. Det vert difor sett vilkår om dette i tilrådinga. Spørsmåla om vegrettar som tidlegare har vore framsette i saka er ikkje relevant for bygging av enkel traktorveg på eigedomen, men det må vere avklart i forkant av ein reguleringsplanprosess i høve bruk av gnr. 20, bnr. 67.

Etter ein administrativ gjennomgang av alle aspekt i saka har det vorte konkludert med at det vil vere mest korrekt å handsame saka etter Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvei. Når det gjeld ulovlegheitsoppfølging etter PBL av den vegbygging som har vore utført på denne delen av eigedommen, så tek teknisk etat seg av dette etter at det er fatta vedtak i landbruksvegsaka.

Det går fram av søknaden datert 09.04.2020 at nytten av tiltaket er 50% skogbruk, 30% utmark og 20% aktivitetsbygg. Etter gjennomgang og drøfting på synfaringa den 06.10.2020 vart vi samde om at søknaden vert endra til 30% skogbruk, 50% jordbruk og 20% aktivitetsbygg. Det er ut frå ny vurdering av området som landbruksvegen skal gi tilkomst til. Grunngeving for endringa er at hovudføremålet med tilkomsten er drift av skogområdet som beite. Her skal det takast ned tre og ryddast vindfall. Området skal opnast opp for å kunne ha større verdi som beiteområde. Skogområdet rundt innmarka består i hovudsak av lauvtre med unntak av eit mindre område med sitkagran mot innmarka. «20% aktivitetsbygg» gjeld naustet og den delen er det ikkje endra på i høve opphavleg søknad. Landbruksvegen vil kunne gi ein enklare tilkomst for vedlikehald og utbetring av naustet.

Søknaden gjeld bygging av om lag 170 meter enkel traktorveg som skal gå frå gardsvegen og ned mot sjøen. Veggen vil gå i lett terreng ned mot ein krapp sving(slyng) og vidare i skråninga ned mot sjøen. Veggen vert avslutta med ein snuplass utforma som ei T-snue. Vegbreidda vert frå 2,5 til 3,5 meter, men med større utviding i svingen, for å kunne runde den med traktor og hengar. I nedre delen

av vegen vert det til dels høg fylling på nedsida, opp mot 2 meter frå eksisterande terreng. Her bør vegen ha breidde på 3,5 meter for å vere stabil.

Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvei er heimla i skoglov og jordlova. Landbruksvegar som er godkjent med heimel i forskrifta er unnateke handsaming etter Plan- og bygningslova. Planstatus i området er LNF – landbruk, natur og friluftsliv. Landbruksvegar som er naudsynt for drift av jord- og skobruk vert ikkje rekna som dispensasjon frå kommuneplanen når dei er knytt til stadbunden næring som i dette tilfellet.

Søknaden vart fyrst handsama etter plan- og bygningsloven (PBL) og sendt på høyring til fylket. Fylkesmannen la til grunn reglane i PBL og rådde frå tiltaket grunna omsynet til strandsona. For søknadar som skal handsamast etter Forskrift om planlegging og bygging av landbruksveg vert ikkje strandsonevernet tillagt same vekt.

Definisjon av vegklasse 8 – enkel traktorveg:

Vegklasse 8 er vegar for transport med landbrukstraktor eller anna lett transportutstyr. Det er ikkje krav om aksellast, men vegen må tåle bruken av det transportutstyret den er bygd for. Vegbreidde skal vere minst 2,5 meter, men ikkje breiare enn det som er nødvendig. I fyllingar høgare enn 2 meter skal breidda aukast med minst 0,5 meter. Kurveradius skal vere tilpassa utstyret vegen er bygd for. Maksimal stigning i motkøyring/motbakke med lass er 15% (1 : 6,67), og maksimal stigning i motkøyring utan lass er 30% (1 : 3,3). Grøfter og drenering skal leggjast etter behov.

Vegar som vert bygd etter denne standarden bør normalt leggjast så lett i terrenget som råd og byggjast av dei massane som er på staden. Under bygginga må det leggjast vekt på å gi vegen eit harmonisk og roleg preg, slik at anlegget vert tilpassa terrenget og omgivnadene så godt som råd.

Kommunen skal vurdere alle landbruksvegsaker etter naturmangfaldlova (Nml).

Nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget):

Tiltaket er vurdert etter opplysingar i Naturbasen og Artsdatabanken. Området der traktorvegen skal byggast ligg i område med verdifulle kulturlandskap «Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid» eller den såkalla «Grøne korridoren».

Nml § 9 (føre-var-prinsippet):

I denne saka vurderer vi kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok for å fatte vedtak.

Nml § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning):

Tiltaket vil ikkje føre til auka motorisert ferdsel i området. Ferdsele vil vere avgrensa til å gjelde landbruksdrift.

Nml § 11 (kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad):

Kostnad for å avgrense negativ påverknad ved gjennomføring av tiltaket må tiltakshavar

koste sjølv. I denne saka er det ingen kjende omsyn som vil føre til auka kostnadar.

Nml § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar):

Bygginga av traktorvegen er naudsynt for å utnytte potensialet i eigedommen med

beitebruk.

Vurdering mot friluftsliv:

Omsøkte vegbygging vil ikkje ha negativ påverknad på friluftslivet.

Vurdering og konklusjon:

Tiltaket det er søkt om er naudsynt for å kunne utnytte eigedomen med beitebruk på småfe. Vegen skal fylje retningslinene for bygging av landbruksveg i vegklasse 8 – lett traktorveg.

Tiltaket er vurdert etter §§ 8-12 i Naturmangfaldlova og vi finn ikkje grunn til å sette vilkår til løyvet.

Vidare har vi vurdert faren for flaum og erosjon ut frå lokale forhold, og ikkje funne grunn til å sette vilkår om tiltak.

Ein kunne vurdere det slik at eit alternativ til å bygge landbruksveg er å ta ut skog og vedvirke ved hjelp av traktorvinsj. Avstanden er ikkje større frå eksisterande traktortilkomst til det området vegen skal dekke enn at det burde vere mogeleg, jf. at heile området kan dekkast ved hjelp av vinsj med wire som har lengde om lag 50 m. Men i tillegg til å ta ut skog, skal tilkomsten brukast i samband med tilsyn og stell av dyr som går på beite heile året. Det kan vere for å køyre ut tilleggsfôr eller handtere hendingar med dyra som gjer at det er praktisk å kunne kome til med traktor.

Stell av kulturlandskap til beite krev og meir enn berre å vinsje ut tre. Det kan mellom anna vere å fjerne kratt og greiner og eventuelt drenere ut blaute parti.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Utgreia etter NML.

Økonomiske konsekvensar: Privatøkonomiske.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ja, i forhold til beitedrift for småfe.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar

Vedlegg 1 side1/3 Kartutsnitt og skjæringar Traktorveg 20/ 3

Vedlegg til søknad om landbruksveg gnr 20, bnr 3 på Garnes.

Som kjendt hadde Landbrukssjef Anne Kathrine Løberg ny synfaring hos oss 06.10.20. Etter drøfting vart vi samde om å endre interessene i søknaden til 30% skogbruk,50% jordbruk og 20% aktivitetsbygg. (jamfør referat frå synfaring 06.10.20).


Endring i teikningar: Vi har no teikna vegen heilt opp til vår eksisterande gardsveg. Snuplassen som var teikna inn i enden av vegen er endra til ein T-snu. I svingen ned mot sjøen har vi auka breidda på vegen for at det skal vere trygt å kjøyre der med traktor med tilhengar. Vi vil bruke massa vi tek ut til å plastre «sår» i terrenget, slik desse etter kvart vert minst mogleg syneleg. Teikningane vi har laga er skissert litt grovt då vi **må** gå etter terrenget for å gi minst mogleg «sår» i naturen.

Mvh


Ann Cecilie Garnes Utgård.




Kartutsnitt fra område fra kommunekart.




vegtrase med fyllingar og skjæringar traktorveg 20/3



Snitt A-B



Snitt C-D



Ca Veglengd og tverrprofil

Tøm skjema

Journalnummer

Ar 2020	Fylke Møre og Romsdal	Kommune Ulstein
------------	--------------------------	--------------------

1. Er tiltaket søknadspliktig?

Søknadspliktige tiltak: Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)¹ er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

Tiltak som ikkje er søknadspliktige: Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkøyringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktige. Det same gjeld enkle og mellombelse driftsvegar som berre medfører små terrenginngrep. Med små terrenginngrep meins planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m², der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå det opphavelige terrengnivået (sjå unntaket ovanfor).

2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleiinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksvegforskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	50 %	Privat bustad	%
Utmark	30 %	Privat hytte	%
Jordbruk	%	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	20 %
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	
Anna, grei ut	%		%
Delsum landbruksinteresser (L)	80 %	Delsum andre interesser (P)	20 %
Totalsum L + P = 100%	100%		

3. Opplysningar om søker		
Gnr./bnr./fnr. 20/3	Organisasjonsnr./fødselsnr. 915883575/16077746467	Telefonnr. 97148730
Søkarens namn Bøen Garnes Utgård, Ann Cecilie Garnes Utgård	E-postadresse anncgu@gmail.com	
Adresse Garnesvegen 75	Postnr. 6064	Poststad Haddal

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)		
Vegnamn Havnavika	Vegplanleggar Eigar	
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja, liste er lagt ved	<input type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunngeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:		1 stk.

5. Om tiltaket			
Fyll ut for permanente tiltak			
Totalareal dekar	270,5	Produktiv skog dekar	108,3
Hogstmoden skog m ³	640	Jordbruksareal dekar	16
Nyanlegg lengde	150 meter	Nyanlegg kostnad	ca 35 000 kr.
Ombygging lengde	meter	Ombygging kostnad	kr.
Søknadspliktig punktutbetring.			
Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			
<input type="checkbox"/> Bru <input type="checkbox"/> Bærevne <input type="checkbox"/> Kurvatur <input type="checkbox"/> Stigning <input type="checkbox"/> Snuplass <input type="checkbox"/> Velteplass <input type="checkbox"/> Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja, anslå antall m ³ masse som skal hentast ut m ³			
Landbruksvegklasse <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5 <input type="checkbox"/> 6 <input type="checkbox"/> 7 <input checked="" type="checkbox"/> 8 <input type="checkbox"/> Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			
Fyll ut for mellombelse tiltak			
<input type="checkbox"/> Oppstillingsplass for landbruksmaskinar <input type="checkbox"/> Enkel avkøyring frå landbruksveg <input type="checkbox"/> Enkle og mellombelse driftsvegar			
<input type="checkbox"/> Lengde over 150 m <input type="checkbox"/> Lengde under 150 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling over 1 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling under 1 m <input type="checkbox"/> Areal over 450 m ² <input type="checkbox"/> Areal under 450 m ²			
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener dekar			
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom ja, kor mange år år			
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det mellombelse tiltaket kr/m ³			
Grei ut			
Planlagde tiltak i etterkant			
<input type="checkbox"/> Forynging/gjenplantning <input type="checkbox"/> Reparere vasslaup <input type="checkbox"/> Oppretting køyrespor <input type="checkbox"/> Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering <input type="checkbox"/> Anna			
Grei ut			

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleiinga

Naturmangfald Ja Nei Landskap Ja Nei Kulturminne Ja Nei Friluftsliv Ja Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Andre interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag Ja Nei Reindriftsinteresser Ja Nei Vernskog Ja Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? Ja Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? Ja Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)? Ja Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense: Over Under Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Det vert teke omsyn til fri ferdsel i strandsona.

Eventuelle kommentarar

Det har vore utført arkeologiske prøver to gongar tidlegare utan at det har vorte gjort noko funn.

7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsyn og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan setje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komma i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato
Garnes, 09.04.20

Underskrift

Ann Cecilie Barnes Utgård

Kartvedlegg

Kart skal leggst ved søknaden både for permanente vegar og mellombelse tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

- Planlagt vegtrasé (broten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).
- For mellombelse driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (broten/stipla blå strek).
- Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (heil blå strek).
- Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).
- Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (heil svart strek).
- Busetnadar, offentleg infrastruktur og andre interesser som vegen/tiltaket kan få følger for (heil gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekke i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen
- Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (heil grøn strek).
- Aktsemdsområde for jord- og flaumskred (Skrednett).
- Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eiga vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggar eller geoteknisk sakkynndig	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

Rettleiing

Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksveggar etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jmfør landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølve vegtraséen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

1 og 2. Er det eit søknadspiktig tiltak, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Ettersom søknad om vegbygging anten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nyten av dei einiskilde interessene skal fastsettest etter samla nytte av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksemda utgjer over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom ikkje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Plus", jmfør Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort. Du finn òg informasjon og ein kalkulator på www.landbruksdirektoratet.no, som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsettest. Dersom nyttefordelinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggst ved søknaden.

3. Opplysningar om søkar

Det skal berre vere ein søkar, òg i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Søkaren pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførelse som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjerla.

4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forstår vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for heile eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkast om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkleireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggst ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunns viktig infrastruktur, skal ei fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggst ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkøyrsløse frå offentleg veg og velteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jmfør forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggst ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, retthavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veisøknaden, skal leggst ved søknaden.

5. Om tiltaket

- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og mellombelse tiltak. Dei permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbetring. Tiltak som hever vegklassa i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetringar, vil normalt vere ei søknadspiktig ombygging.
- Dei mellombelse tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsveggar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hjulgåande skogsmaskinar. Disse driftsvegane skal normalt førast tilbake og foryngast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei mellombelse driftsområda merkast av på kart med ei ytre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jmfør forskrifta § 3-3 andre ledd.
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på www.landbruksdirektoratet.no.
- Vegklassene 2-3-4-5 er heilårs bilveggar eller sommarbilveggar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorveggar. «Avvik i frå vegnormalane» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadspiktig terrenginngrep jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Søkaren må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteresser som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i eigedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	Prioriterte artar og freda artar (Forskriftfesta)	http://kart.naturbase.no	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av trua artar etter naturmangfaldlova. Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særleg stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte artar) og Fredete artar. Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
	Utvalde naturtypar (Forskriftfesta)		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Verneområde (Forskriftfesta)	Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtekte egne forskrifter for kvart einiskilt verneområde. Verneområde. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>	
	Miljøregistrering i skog (MIS) / Nøkkelbiotopar (Forskriftfesta og sertifisert)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: Miljøregistrering i skog (MIS). Jmfør bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar takast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard (www.pefcnorgerge.org).
	Verna vassdrag (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: Verna vassdrag (NVE). Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-meterssone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsatt vassdragsbelte rundt verna vassdrag bruker du dette i staden for 100-metersbeltet.

Naturmangfold	Naturtypar (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Naturtypar. Kartlag: <i>Hovednaturtype skog.</i>
	Arter (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)	http://naturbase.no	Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: <i>Trua arter.</i> Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
Landskap	Helhetlig kulturlandskap (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Kartlaget for <i>Helhetlige kulturlandskap</i> gir ein peikepinn på område der det er store kulturlandskapsverdier. Det finst ikkje egne kartlag for dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket. Desse områda har store biologiske- og kulturhistoriske verdier.
	Utvalde kulturlandskap i jordbruket (Vert forskriftfesta i 2016)	http://kart.naturbase.no	I tillegg til <i>Helhetlige kulturlandskap</i> skal kartlaget <i>Hovednaturtype kulturlandskap</i> sjekkast, da dette viser registrerte skjøtselsavhengige naturtypar. Informasjon om Utvalde kulturlandskap i jordbruket finn du på www.utvalgtekulturlandskap.no .
Kulturminner	Kulturminner og ståande byggverk (Lovfesta)	http://kilden.skogoglandskap.no	Kulturminner før år 1537 og ståande byggverk frå år 1537 – 1649, er automatisk freda, jamfør kulturminnelova. Fane for arealinformasjon. Eksterne Kartlag: <i>Arkeologiske kulturminner (RA).</i> Søk kan òg gjerast på 'Askeladden' og 'Kulturminnesøk' hos www.riksantikvaren.no . Ikkje alle arkeologiske kulturminner er registrert i basane eller fullstendig registrert.
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde (Servituttavtalar)	http://kart.naturbase.no	Friluftslivsområde. Kart: <i>Statlig sikra friluftslivsområder.</i> Områda er sikra gjennom langsiktige avtalar med staten (servituttavtalar). Vert forvalta gjennom mellom anna regulerings- og byggesaksføresegnene i plan- og bygningslova, pålegg om tiltak etter forureiningslova og føresegnene i friluftslova om åtterdsreglar.
	Andre friluftsområde (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Kartlagde friluftsområde. Kartlag: <i>Kartlagte friluftsområder.</i>
Anna	Reindriftingsinteresser (Lovfesta)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for reindrift. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i> Reindriften vert regulert av reindriftingslova. Sjå nettsida www.reindrift.no .
	Vernskog (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Vernskog</i> Vernskog er basert på kommunale vedtak og egne forskrifter. Sjå dokument 'Forvaltning av vernskog (B-300 M-0618B)' hos www.regjeringen.no .
	Lausmasseskred	www.skrednett.no	<i>Aktsomhetskart-skred i bratt terreng.</i> <i>Faresonekart-skred i bratt terreng.</i> NVE gjennomfører faresone- og aktsomhetskartlegging av skred i bratt terreng for utvalde område, jamfør plan for skredfarekartlegging (NVE rapport 14/2011).
			<i>Kvikkleiresoner og marin grense.</i> Ligg tiltaket under marin grense, er det generell fare for skred. Er tiltaket i, eller nær, kvikkleiresone er det spesiell stor fare for skred, og tiltaket som må utgreiast av fagkyndige (geoteknisk). NGU utviklar og held ved lag òg kartinnsyn om berggrunn, lausmasser, mineralske ressursar, grunnvatn m.m. Link til lausmasseskart: www.ngu.no/kart-og-data/kartinnsyn
Flaum	www.nve.no	Kart og karttenester. Kartlag: <i>Flomsøner.</i> Flaumsonekartet viser areal som vert fløymd over ved ulike flaumstorleikar. Det blir utarbeida flaumsøner for 20-, 200- og 1000-års-flaumane, og omfatter areal med størst skadepotensial ved flaum.	



Notat

Vår referanse
20/2001 20/12367

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Anne Kathrine Løberg

Dato
13.10.2020

Til: Anne Kathrine Løberg

Referat frå synfaring 06.10.2020

Møtedato: 06.10.2020	Møtetid frå – til: kl. 16 – 17	Stad: Garnes 20/3 i Ulstein
Møteleiar:	Referent: Anne Kathrine Løberg	
Til stades: Ann Cecilie Garnes Utgård, Anders Utgård og Anne Kathrine Løberg	Fråverande:	

Løberg inviterte søkjarane til synfaring for å vurdere den landbruksfaglege delen av søknaden. Utgård har søkt om å byggje ein enkel traktorveg for å betre tilkomsten til skogen.

Landbruksdrifta på eigedomen er med sau som går ute heile året. Innmarka, og det meste av skogen som grensar til, er inngjerda. Heile området vert nytta til beite. I tillegg nyttar saudene Joholmen som beiteområde på fjøre sjø.

Det går fram av søknaden at nytten av tiltaket er 50% skogbruk, 30% utmark og 20% aktivitetsbygg. Etter gjennomgang og drøfting vart vi samde om at søknaden vert endra til 30% skogbruk, 50% jordbruk og 20% aktivitetsbygg. Det er ut frå ny vurdering av området som traktorvegen skal gi tilkomst til. Grunngeving for endringa er at hovudføremålet med tilkomsten er drift av skogområdet som beite. Her skal det takast ned tre og ryddast vindfall. Området skal opnast opp for å kunne ha større verdi som beiteområde. Skogområdet rundt innmarka består i hovudsak av lauvtre med unntak av eit mindre område med sitkagran mot innmarka. «20% aktivitetsbygg» gjeld naustet og den delen er det ikkje å endre på. Traktorvegen vil kunne gi ein enklare tilkomst for vedlikehald og utbetring av naustet.

Bygging av traktorvegen vil gi ein enklare tilkomst til deler av skogområdet. Når det gjeld skogen på Joholmen så er hogsten her eit større prosjekt som må vurderast for profesjonell tømmerdrift.

Utgård vart spurdt om planane for området som er regulert til fritidsbygg på gnr. 20 bnr. 67. Ho legg vekt på at ei eventuell utbygging av området og ein tilkomst dit må handsamast som ei eiga sak. Det ho er opptatt av no er å få løyve til å byggje ein traktorveg på eigen grunn.

Utgård vil få beskjed om vidare handsaming av saka når underteikna har drøfta søknaden med kollegar ved Teknisk etat i Ulstein kommune.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Anita Sundnes
Ann Cecilie Garnes Utgård



Ann Cecilie Garnes Utgård
Garnesvegen 75
6064 HADDAL

Vår referanse
20/864 20/16091

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Anita Sundnes

Dato
12.11.2020

Orientering om status - vidare handsaming av veg på Garnes

Teknisk utval vedtok å utsette saka etter at innspel frå søkar vart lagt fram for utvalet i forkant av møtet den 02.07.2020. Landbrukssjefen var på ny synfaring på landbrukseigedomen i lag med søkar den 16.10.2020. Representantar frå teknisk etat og landbrukskontoret har deretter vurdert saka på nytt.

Administrasjonen ser det som viktig at eigar av gnr. 20, bnr. 3 får gode høve til å både nytte ressursane på og halde eigedommen i hevd – noko som skjer m.a. ved dyrehald.

Vi meiner difor at med dei opplysningane som ligg føre, skal saka handsamast vidare som ein søknad om landbruksveg av lavaste kategori (traktorveg) med dei krav til stigning og linjeføring som er fastlagde i relevant rettleiar.

Det er frå teknisk etat si side ei klar uro knytt til at ein veg som dette vert eit vesentleg inngrep i strandsona og vil kunne bli negativt for landskapsbilete og terreng, jf. fylkesmannen sin uttale ved høyring. Det er difor viktig at det vert lagt fram ein detaljplan som vegen kan byggjast etter der omsynet til desse kvalitetane vert ivaretekne så langt råd er, dvs. at innlevert materiell må omarbeidast og supplerast m.a. med lengdeprofil og realistiske tverrprofil.

Sidan der er frådelt eit naustområde som i kommuneplanen er lagt ut til rorbuområde (gnr. 20, bnr. 67), vil det måtte vere eit vilkår at vegen vert planlagt slik at den i framtida også kan tene som tilkomst til naust eller rorbuføremål. Spørsmål om vegrett er ikkje av relevans for ein landbruksveg, men må vere avklart i forkant av planprosessen.

Med denne konklusjon vert det landbrukssjefen som følgjer opp saka overfor eigar og fremjar den som sak til teknisk utval.

Når det gjeld ulovlegheitsoppfølging etter PBL, så tek teknisk etat seg av det, men dette er naturleg å avvente med til ein har kome til vedtak om landbruksvegen.

Med helsing

Anita Sundnes
leiar plan- og bygningsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar

Ann Cecilie Garnes Utgård Garnesvegen 75 6064 HADDAL

Kopi til

Arne Runar Vik

Astrid Karin Garnes Rekdal Kaptein Linges Veg 116 6006 ÅLESUND

Bjørn Gunnar Garnes Morviklien 51 5124 MORVIK

Britt Garnes Bryggjedalen 5 5122 MORVIK

Einar Atle Dimmen Garnesvegen 81 6064 HADDAL

Landbruksavdelinga - Herøy
kommune

Nils Einar Garnes Garnesvegen 77 6064 HADDAL

Peder Arne Almedal

Vedlegg

Referat frå synfaring 06.10.2020



ULSTEIN KOMMUNE
Plan- og bygningsavdelinga

Ann Cecilie Garnes Utgård
Garnesvegen 75
6064 HADDAL

Vår referanse
20/864 20/11140

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Peder Arne Almedal

Dato
28.07.2020

Melding om vedtak

Teknisk utval har i møte 02.07.2020, sak 68/20, fatta følgjande vedtak:
Teknisk utval utset saka basert på ny informasjon. Utvalet ber administrasjonen om å få saka framlagt på nytt.

Med helsing

Peder Arne Almedal
ingeniør byggesak/frådeling

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til

Astrid Karin Garnes Rekdal	Kaptein Linges Veg 116	6006	ÅLESUND
Bjørn Gunnar Garnes	Morviklien 51	5124	MORVIK
Britt Garnes	Bryggjedalen 5	5122	MORVIK
Einar Atle Dimmen	Garnesvegen 81	6064	HADDAL
Nils Einar Garnes	Garnesvegen 77	6064	HADDAL

Informasjon om klagerett:

Enkeltvedtak kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§ 18 og 19 i forvaltningslova.

[Meir informasjon om retten til å klage finn de på heimesida til kommunen.](#)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
68/20	Teknisk utval	02.07.2020

Veg i strandsona - oppfølging av utført tiltak og vidare saksgang - Garnesvegen 75 - gnr. 20, bnr. 3

Samandrag:

Det er bygt ein veg på gnr 20, bnr 3 utan at det føreligg løyve og kommunen har, 26.03.2020, kravd umiddelbar stans i byggearbeid. Søknad om landbruksveg er motteken og har vore på høyring. Fylkesmannen rår ut frå strandsoneverdiar og negativ verknad på terreng og landskap sterkt ifrå omsøkte veg. Kommunalsjef teknisk frårår at omsøkte landbruksveg vert godkjend. Dersom det er ønskeleg med tilkomst til område for naust/rorbuer på gnr 20 bnr 67, må dette finne si løysing gjennom oppstarta planprosess.

Teknisk utval 02.07.2020:

Behandling:

Utsetjingsframlegg frå Jostein Sætrenes:

Teknisk utval var på synfaring før handsaming av saka. Under synfaringa mottok utvalsmedlemmene eit nytt vedlegg til sak om bygging av landbruksveg, datert 29.06.2020. Teknisk utval hadde ikkje fått dette vedlegget i førekant av møtet. Jostein Sætrenes fremja difor utsetjing av saka.

Røysting:

Jostein Sætrenes sitt utsetjingsframlegg vart vedteke med 6 mot 1 røyst. Runar Leikanger røysta i mot utsetjingsframlegget.

TEK- 68/20 Vedtak:

Teknisk utval utset saka basert på ny informasjon. Utvalet ber administrasjonen om å få saka framlagt på nytt.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval finn, med heimele i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav l, ikkje å kunne godkjenne omsøkte landbruksveg. Det er berre vegar som er naudsynt for jordbruk eller skogbruk med minst 50% som kan byggast etter landbruksvegforskrifta, eit vilkår som denne vegen ikkje oppfyller. Det vert elles i særleg grad vist til at vegen slik den er omsøkt vil gje negative verknader på terreng og landskap.

Dersom intensjonen med vegen er å etablere tilkomst til område for rorbuer, må denne finne si løysing gjennom oppstarta planprosess i samsvar med plankravet til § 7.1.4 i kommuneplan.

Då det er bygt veg utan naudsynt søknad og løyve, som bl.a omfattar store terrenginngrep innanfor 100-metersbeltet frå sjøen, vil kommunen følgje opp dette forholdet vidare i samsvar med sanksjonsreglane i kap. 32 i pbl.

Vedlegg:

Kartutsnitt

Uttale til bygging av landbruksveg på gnr 20 bnr 3

Gardskart utsnitt

Uttale - bygging av landbruksveg Garnes

Ulstein - bygging av landbruksveg - 20/3 - til uttale - dispensasjon frå kommuneplan

Merknad til nabovarsel Bjørn Gunnar Garnes

Merknad til nabovarsel -Einar Dimmen

Merknad til nabovarsel Astrid K.G. Rekdal

Kommentar til svar på merknad Britt Garnes

Merknad til nabovarsel Britt Garnes

Oversendingsbrev høyringspartar

Historikk - utgått vedtak:TU sak PS 118/00

Litt historikk:

Fram til 1995 låg det to nausttomter i Hamnavika i tillegg til naustet som høyrde til bnr. 3 på Garnes. I 1995 vart det søkt om ytterlegare to nausttomter, slik at alle etterkomarane etter Knut Garnes skulle få seg kvar si nausttomt. I 1999 starta dåverande brukar arbeidet med å få etablert ein veg til nausta. Fylkesmannen frårådde dispensasjon for bygging av bilveg, og meinte samstundes at ein traktorveg kanskje kunne byggast. Men det måtte uansett utarbeidast detaljplanar for vegen før ein kunne ta endeleg stilling til prosjektet.

Teknisk utval fatta 21.06.2000 vedtak der ein var positiv til saka, men kravde detaljplanlegging for vegen med lengde- og tverrprofilar. Det skal visast skjeringar og fyllingar og korleis tilstelling skulle utførast. Det vart gitt dispensasjon under slik føresetnad.

Dispensasjonen og vedtaket som heilskap er utgått på dato og det er i ettertid utarbeidd ny kommuneplan der nausttomter er blitt samla i utkanten av bruket og omdefinert til område for rorbuer. Området er underlagt plankrav, og det stillast krav om tilkomstveg og parkeringsdekning.

Det er også sidan den gong bygd nytt hovudhus på garden.

Om søknaden, merknader og uttalar:

Det ligg føre søknad datert 09.04.2020 om landbruksveg kl. 8, omsøkt etter landbruksvegforskrifta (FOR 2015-05-28-550).

Det ligg føre nabomerknader frå Bjørn Gunnar Garnes, Britt Garnes, Astrid Karin Garnes Rekdal og Einar Atle Dimmen. Einar Atle Dimmen spør om korleis eigarane av gnr. 20, bnr. 3 vil oppfylle sin bindande avtale om å bygge/koste veg til rorbueane på gnr. 20, bnr. 67. Han påpeikar også ei konflikt om utvida trafikk over bnr. 49 utan at eigar er informert eller har gitt løyve til dette.

Dei tre andre som har levert merknader er opptekne av om denne traktorvegen skal dekke den lovnad/plikt som gnr. 20, bnr. 3, har til å bygge og koste veg med parkering til tomt gnr. 20, bnr. 67. Dei krev at vegen blir starta opp umiddelbart, og at den skal ha standard som må til for å kome til med personbil, jf. Bjørn Gunnar Garnes sin e-post datert 21.04.2020. Britt Garnes (med tilslutning frå Bjørn Gunnar Garnes og Astrid Garnes Rekdal) understrekar i sin kommentar til svaret på

merknaden at Ann Cecilie Utgård har stadfesta i sitt svar at landbruksvegen skal enkelt gjerast om til veg heilt fram til rorbutomta. Sidan det er halde oppstartsmøte for reguleringsplan og arbeid med rydding av rorbutomta er starta, er det viktig å få skikkeleg avklara om dette berre er ei «muligheit» for eit ikkje nærare bestemt tidspunkt i framtida. Dei oppmodar også eigar av bnr. 3 og bnr. 49 (Einar Atle Dimmen) til å gjere det dei kan for å løyse usemja så snart som mogleg. Dei meiner likevel ikkje denne usemja rokkar ved bruket si plikt til å tilrettelegge parkering og veg over hovudbruket til rorbutomtene slik det vart bestemt ved overføringa av bruket i 2005.

Det ligg føre uttale frå landbrukssjefen, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Uttalane frå høyringspartane er omtala nærare i vurderingane under.

Vurdering:

I denne saka er det fleire forhold som utvalet må ta stilling til. Administrasjonen vil vurderer nokre av desse slik:

1. Søknaden

Det er fagleg avklara frå landbrukskontoret at vegen ikkje kan omsøkjast og byggast som landbruksveg. Ei av vurderingane som er gjort er då om søknaden berre skal returnerast og søkjar bli bedt om å sende søknad om tiltak etter pbl §20-3 bokstav l. Sidan vegen er nabovarsla og søknaden har vore på høyring, meiner administrasjonen at søknaden må kunne leggest fram for utvalet. Det er lagt til grunn at det kan kome andre føringar frå utvalet enn at det må søkjast etter andre heimlar.

2. Overordna mynde

Det er henta inn uttale til søknaden frå landbrukskontoret, fylkeskommunen og fylkesmannen. Fylkeskommunen har ikkje merknader til søknaden, men er samd i kommunen si vurdering om å stoppe igangsette tiltak for avklaring.

Landbrukskontoret uttalar at vegklasse 8 pr. definisjon ikkje kan eller skal nyttast av personbil. Det vert tilrådd handsaming etter PBL. Vegen vil gå over om lag 0,1 dekar innmarksbeite og som del av eit eventuelt løyve er det behov for omdisponering etter jordlova § 9.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at kommunen bør vurdere ulovlegheitsoppfølging for gjennomførte tiltak som ikkje er omsøkt. Vidare har han fleire merknader til tiltaket. I 100-meters beltet frå sjøen skal ein etter PBL ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vegen vil truleg medføre store inngrep og landskapsverknader som er skjemmande for landskapsbiletet i heile bukta. Om det skal førast veg fram til området for rorbuene må det gjerast på ein måte som går minst mogleg ut over terreng og landskap. Denne vegen sluttar midt i skråninga, og gir uro for om grunneigar vil halde fram med vegen vidare langs bukta til uboteleg skade for strandsona. Det vert vidare understreka at søkjar har ansvar for å gjere greie for at krava til tryggleik er oppfylte. Ut frå strandsoneverdiar og negativ verknad på terreng og landskap, rår fylkesmannen sterkt frå omsøkte veg.

Etter PBL §19-2, 4.ledd bør ikkje kommunen dispensere frå «planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i §1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden». Sidan fylkesmannen har rådd sterkt frå tiltaket slik det kjem fram i søknaden, må kommunen ha svært gode grunnar for å kunne godkjenne dispensasjon frå §1-8.

3. Plansituasjonen

Etter kommuneplanen §1.1.1, er alle område avsett til bygging og anlegg underlagt plankrav. Sidan verken rorbuene eller tilkomstvegen til desse kjem inn under unntaka i §1.1.2, må det ligge føre godkjent reguleringsplan før tiltak kan setjast i gong. Det har vore halde oppstartsmøte for «Rorbuer Hamnavika, Garnes», 16.07.2019. I referatet frå møtet er fylgjande nemnt som viktige utgreiingsbehov: Fri ferdsel i strandsona, veg og parkering må ta omsyn til landbruk med minst mogleg skjeringar og fyllingar, det må gjennomførast vurdering av naturmangfald, sjekklister for risiko- og sårbarhet må gåast gjennom. Det er nemnt spesielt at vegen må takast med i planen.

Planarbeidet har stoppa opp etter oppstartsmøtet og privatrettslege forhold rundt vegløyisingane er etter vårt kjennskap ein vesentleg grunn til at det har skjedd.

4. Privatrettslege forhold

I denne saka er det nokre private uløyste konfliktpunkt. Dette gjeld både spørsmålet om plikter nåverande eigar av bnr. 3 måtte ha i høve dei andre arvingane etter Knut Garnes, og bruk av vegtrase som er bygt over Einar Atle Dimmen sin eigedom (bnr. 49). Desse konfliktpunkta meiner administrasjonen at partane må finne andre arenaer for å løyse enn kommunal sakshandsaming.

5. Ulovlegheitsoppfølging

Fylkesmannen peikar på at kommunen bør vurdere å nytte ulovlegheitsoppfølging etter kap. 32 i pbl for gjennomførte tiltak som ikkje er omsøkt. Kommunen vil følgje opp dette forholdet vidare i samsvar med prosessane i sanksjonsreglane i pbl.

Konklusjon:

Med vising til kva kriterium som er sett for at ein veg kan omsøkast som landbruksveg, samt strandsoneverdiar og negativ innverknad på terreng og landskap, konkluderer administrasjonen med at ein ikkje kan tilrå omsøkte landbruksveg. Administrasjonen meiner saka er mangelfullt vurdert m.a. med tanke på detaljprosjektering, tryggleik, innverknad på terreng og landskap. Uansett kva veg ein ønskjer bygt, vert det stilt krav om ansvarleg prosjekterande og utførande og at det blir innlevert detaljteikningar i form av lengde- og tverrprofilar. Dersom hensikta med vegen er å etablere tilkomst til rorbuområdet, så må dette få si løysing gjennom oppstarta planprosess i samsvar med plankravet i § 7.1.4 i kommuneplan. Det kan naturlegvis også søkjast om dispensasjon for eit slikt tiltak, men sidan det ligg an til utarbeiding av reguleringsplan for rorbuområdet der tilkomst må finne si avklaring, vil administrasjonen ikkje tilrå å handsame denne vegsaka som dispensasjon.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Kommunen må ivareta allmenta si interesse i fjøra.

Miljøkonsekvensar: Terrenginngrep i form av fylling og skjering vil vere skjemmaende.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende for kommunen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: Vegbygginga vil neppe ha konsekvensar for barn og unge. Tilgang til fjøra er ein ressurs.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
118/20	Teknisk utval	10.12.2020

Søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom - gnr. 36, bnr. 6 - Borgarøya

Samandrag:

Arild Hatløy har søkt om deling av eigedomen i 10 parsellar. Teknisk utval gjorde (etter klage på vedtak i sak 05/0075) eit positivt vedtak om slik deling i sak 05/0107, men vilkåra vart ikkje oppfylte. Det er søkt på nytt om deling og dispensasjon frå delingsforbod i LNF-område av kommuneplanen. Administrasjonen legg vekt på at alle høyringspartar får rå søknaden, og har difor også frårådd dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.

Kommunalsjefen si tilråding:

- A. Jordlova § 12 inneber eit delingsforbod for eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk dersom det ikkje ligg føre eit særleg samtykke til dette. Samtykke kan gjevast om samfunnsinteresser av stor vekt talar for det eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastinga eigedomen kan gje, herunder også i turistsamanheng og anna tilleggsnæring. Jordlova §12 er ikkje vurdert som å vere tilstrekkeleg grunnlag for eit negativt vedtak i saka.

- B. Teknisk utval finn med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova(PBL) ikkje å kunne gje dispensasjon frå delingsforbodet i LNF-område av kommuneplanen eller § 1-8 i PBL om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag. Utvalet vurderer at omsynet bak LNF-formålet i kommuneplanen ikkje vert sett vesentleg til side. Borgarøya er eit område med store verdiar for rekreasjon/friluftsliv og interesser knytt til natur- og kulturminnevern. Ei deling av gnr. 36, bnr. 6 vil kunne svekke desse kvalitetane. Teknisk utval finn at fordelane ved å gje dispensasjon ikkje er klart større enn ulempene. Det blir lagt avgjerande vekt på at overordna styresmakter har rådd frå å gje dispensasjon.

Vedlegg:

Landbruksfagleg uttale til deling av grunneigedom gnr. 36 bnr 6
Uttale - dispensasjon frå kommuneplan - deling av grunneigedom - Borgarøya
Frådeling av eigedom gbnr 36/6 - Borgarøya - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan
Vedtak frå teknisk utval 20.09.2005, sak 05-0107
Vedlegg til søknad - bakgrunn/historie
Eigedomskart

Saksopplysningar:

Det er motteke søknad, datert 12.10.2020, om deling av gnr. 36, bnr. 6 på Borgarøya. Eigedommen har 15 eigarar med eigarbrøk på 1/10, 1/11 og 1/330. Eigedommen er søkt delt i 10 parsellar basert på ønske frå førre generasjon. Saman med søknaden følgjer udatert kart som syner parsellane, relativt omfattande historikk på eigedommen som endar opp i søknad om dispensasjon. Teknisk utval handsama søknad om deling i 2005. Først var søknad om dispensasjon avslått i sak 05/0075. Etter klage vart vedtaket omgjort, og det vart fatta vedtak om deling i sak 05/0107. Eigarane vart den gongen ikkje einige slik at vilkår knytt til det positive vedtaket ikkje vart oppfylt. Dermed kunne ikkje oppmålingsforretning utførast.

Arild Hatløy, som har arbeidd fram søknaden, har gjort dette fordi han har hatt ansvar for vedlikehaldet av huset på eigedommen åleine. Alle partane har nå signert på søknaden som er inne til handsaming, og søknaden gjeld frådeling til uendra bruk gjennom dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Søknaden vart oversendt til høyring. Miljødirektoratet har ikkje svara på høyringsbrevet. Elles er kan uttalane oppsummerast slik:

Fylkesmannen:

Det bli peika på at Borgarøya har store verdiar for rekreasjon og friluftsliv, og interesser knytt til natur- og kulturminnevern. Han meiner at frådeling legg uheldige føringar for ein framtidig arealbruk til hyttetomter, sjølv om det er søkt frådeling til uendra bruk. Det vil gå ut over øya sin verdi som friluftsområde for ålmenta og vere i strid med omsynet til strandsonen. Fylkesmannen rår sterkt frå dispensasjon for frådeling, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Fylkeskommunen:

Fylket understrekar at dei skal ivareta staten sine interesser i plansaker som vedkjem statleg sikra friluftsområde. Borgarøya har rike friluftskvalitetar og store verdiar knytt til kulturminnevern. Frådeling kan medføre tiltak som ytterlegare privatiserer eigedommen, aktualisere ønske om fritidsbygg på eigedommen og gjere det vanskelegare å eventuelt innløyse arealet som statleg sikra friluftsområde. Fylkeskommunen rår frå å gje dispensasjon. Om dispensasjon blir gitt, må det stillast vilkår om fri ferdsel, ingen inngjerding m.m. Frådeling må ikkje nyttast som argument for frådeling av andre parsellar eller bygging av fritidshus.

Landbruksfagleg uttale frå landbrukssjefen:

Omsynet til vern av arealressursane er sentral. Arealet bør haldast samla og ikkje stykkast opp. Eigedommen er marginal i høve til dagens landbruksdrift, men eigarane har likevel eit forvaltaransvar for 16,5 da innmarksbeite og

kulturlandskap. Deling vil gje utfordringar i forhold til forvaltning. Framlegg til vedtak etter jordlova er difor slik: Med heimel i jordlova §12, vert det ikkje gitt løyve til å dele opp eigedomen i 10 parsellar slik det er søkt om. Grunngeving: Avslaget tek omsyn til vern av arealressursane.

Vurdering og konklusjon:

Jordlova § 12 seier at det er delingsforbod for eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk dersom det ikkje ligg føre eit særleg samtykke til dette. Samtykke kan gjevast om samfunnsinteresser av stor vekt talar for det eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastinga eigedomen kan gje, herunder også i turistsamanheng og anna tilleggsnæring. Det er tilstrekkeleg at eit av vilkåra er oppfylt.

Det kan nok vere samfunnsinteresser knytt til å få ordne eigedomsforholda, men om desse er av stor vekt kan diskuteras. Det andre vilkåret – altså om deling er forsvarleg ut frå omsynet til avkastinga eigedomen kan gje – oppfatar administrasjonen som oppfylt. Det er verken i dag eller i overskodelig framtid særleg avkastingspotensiale, i alle fall ikkje innanfor dei rammene som er lagt i kommuneplanen.

Jordlova § 12 er ikkje vurdert som å vere tilstrekkeleg grunnlag for eit negativt vedtak i saka.

§ 19-2 i plan- og bygningslova inneheld to kriterium for kva som må til for at kommunen kan gje dispensasjon. Sjølv om kommunen kan gje dispensasjon, skal det gjerast ei sjølvstendig vurdering. Det betyr ikkje at kommunen nødvendigvis skal gje dispensasjon.

Vurderingane som lova krev er for det første at ein skal vurdere om omsynet bak føresegna det blir dispensert frå, eller lova sin formålsparagraf, blir vesentleg tilsidesett. Viss ein kan svare nei på det spørsmålet, er neste krav at fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen bør ikkje dispensere frå plan eller forbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova når ei direkte ramma statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om søknaden.

Administrasjonen vurderer at omsynet bak LNF-formålet i kommuneplanen er sett for å ivareta at produktivt areal ikkje vert nedbygt, og at natur- og friluftinteresser vert ivaretekne. Når det gjeld landbruksinteressene på Borgarøya, er desse vurdert å vere små. Der er areal som vert nytta/kan nyttast som beiteområde for sau, men dette gir eit svært avgrensa inntektspotensiale. Landbruksinteressene på bruket meiner administrasjonen ikkje er av ein slik karakter samla sett at det er til hinder for deling.

Borgarøya er eit område med store verdiar og stort potensiale for rekreasjon/friluftsliv og interesser knytt til natur- og kulturminnevern, dvs. at ein ser dei andre delane av LNF-omgrepet som meir tungtvegande enn landbruksdelen. Ei deling av gnr. 36, bnr. 6 vil kunne svekke desse kvalitetane, og t.d. kunne gjere det vanskelegare å eventuelt innløyse arealet som statleg sikra friluftsområde. Samtidig som det kan gjere det vanskelegare, kan også det motsette vere tilfelle

ved at ein har ein enklare eigarstruktur og kan tinge enkeltvis med dei ulike grunneigarane. Administrasjonen vurderer det slik at ein ikkje sikkert kan slå fast at deling vil sette til side omsynet bak LNF-formålet i kommuneplanen.

Med ein slik konklusjon kan ein gå vidare til neste punkt som skal vurderast. Veging av fordelar og ulemper kan også ha ulikt utfall, men administrasjonen meiner at ein neppe kan seie at fordelane er klart større enn ulempene. Fordelane med frådeling er at det vert ein enklare eigarstruktur på bruket, at retten til huset på bruket vert avklart slik at eigar framleis kan legge midlar ned i vedlikehaldet og at ev. framtidig ønskje om innløyising som statleg sikra friluftsområde kan gjerast gjennom direkte tinging med den enkelte eigar. Det er ikkje ei kommunal oppgåve å sikre ein ryddig eigarstruktur, det må eigarane finne ut av sjølv. Likevel ser ein at det kan tene både samfunnet og eigarane på ein god måte om kommunen hjelper til her. Ulempene med frådelinga er peika på i uttalane: Det vil kunne legge eit press på framtidig utnytting av dei ulike parsellane til fritidsbygg. For å konkludere slik, må vi legge noko anna i søknaden enn det søkjarane sjølv opplyser at dei gjer. Dei har søkt om deling til uendra bruk.

§ 19-2, 4. ledd, 2. punktum seier at kommunen ikkje bør dispensere frå plan dersom direkte ramma statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden. Her har høyringspartane gitt negativ uttale til søknaden, og fylkesmannen har varsla at han vil vurdere å påklage eit ev. dispensasjonsvedtak. I konklusjonen frå administrasjonen blir det lagt avgjerande vekt på at overordna styresmakter har frårådd dispensasjon.

Administrasjonen rår difor ifrå med heimel i § 19-2 i PBL dispensasjon frå delingsforbodet i LNF-område av kommuneplanen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen særskilde utover det som går fram av saksutgreiinga.

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk



Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 ULSTEINVIK

Vår referanse
20/3895 20/14881

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Anne Kathrine Løberg

Dato
25.11.2020

**Landbruksfagleg uttale til deling av grunneigedom - Arild Hatløy - 1516
Ulstein - gnr 36 bnr 6**

Søknaden gjeld deling av ein av eigedomane på Borgarøya, gnr. 36 bnr. 6, i ti parsellar. Eigedomene ligg i LNF område i kommuneplanen og saka skal handsamast som ein dispensasjon frå kommuneplanen. I denne saka må det fattast vedtak både etter jordlova og plan- og bygningslova.

Det er 16 heimelshavarar på eigedomene og derav 2 dødsbu. Arild Hatløy står som søkjar på vegne av alle som har heimel til eigedomene. Det er ikkje drift på eigedomene lenger. Bakgrunnen for søknaden er å oppfylle ynskje frå førre generasjon.

Etter opplysningane frå *Gardskar på internett* har eigedomene følgjande areal: Innmarksarealet utgjer 16,5 dekar med innmarksbeite og anna areal er på 59,2 dekar. Samla areal på eigedomene vert da 75,5 dekar.

Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka er «omsynet til vern av arealressursane» sentral. Det betyr mellom anna at arealet på eigedomene bør haldast samla og ikkje stykkast opp. Denne eigedomene er svært marginal i forhold til dagens landbruksdrift. Eigarane har likevel eit forvaltaransvar som omfattar 16,5 dekar innmarksbeite og kulturlandskap. Sjølv om søknaden gjeld deling til uendra bruk, vil ein oppdeling i 10 små paresellar gi grunnlag for større utfordringar i forhold til forvaltning.

Vi kan ikkje sjå at delinga er i samsvar med føremålet i jordlova. Oppstykking av ein eigedom på om lag 75 dekar i 10 parsellar er etter vårt syn ikkje innafor føremålet i lova. Vi vil difor tilrå å gi avslag på løyve til deling.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Med heimel i Jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til å dele opp eigedomen i 10 parsellar slik det er søkt om.

Grunngjeving:

Avslaget tek omsyn til vern av arealressursane.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur



Ulstein kommune
Pb. 143
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Ulstein kommune gnr 36 bnr6 Deling av grunneigedom - Borgarøya Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det er søkt om oppdeling av dei to hovudparsellane på eigedomen til ti delar, med bakgrunn i ønske frå førre generasjon. Søkjar har vedlikehaldsansvar til hovudhuset på eigedomen, og ønskjer avklaring av eigedomsforholda. Frådelingssøknaden gjeld uendra bruk. Eigedomen er sett av til LNF i gjeldande kommuneplan. I føresegnene til kommuneplanen, § 8.1.1, er det innanfor LNF-område ikkje tillate med *frådeling* eller bygging av bustadhus osb.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Borgarøya har store verdiar for rekreasjon og friluftsliv, og interesser knytt til natur- og kulturminnevern. Store deler av øya utgjer statleg sikra friluftsområde, men friluftinteressene gjeld heile øya. Borgarøya er i dag ein populær utfartsstad. Ein må ha båt for å komme seg dit, og der er kommunal brygge for å legge til hamn.

Det er søkt om å dele opp eigedomen i 10 delar. Sjølv om frådelinga er til uendra bruk, legg ei slik oppdeling uheldige føringar for ein framtidig arealbruk som t.d hyttetomter. Etter Fylkesmannen si vurdering, vil ein med ønska frådeling legge opp til ei utvikling på øya som vil vere svært uheldig og i stor grad gå ut over øya sin verdi som friluftsområde for ålmenta. At det er ønske om ryddige eigedomsforhold for å kunne fortsette å vedlikehalde hovudhuset på eigedomen, er ikkje eit godt argument for å dele opp eit så viktig friluftsområde til hyttetomter.

Strandsone

Ei oppdeling av eigedomen, vil gi 10 eigedomar der eit eventuelt framtidig ønske om utbygging av t.d hytter vil ligge langt nærare sjøen enn 100 meter. Etter plan- og bygningslova § 1-8, skal ein i 100-metersbeltet langs sjøen ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, og det er både bygge og deleforbod her. Det er søkt om frådelling til uendra bruk, men etter vår vurdering vil ein med ei oppdeling av eigedomen som det er søkt om likevel gi føringar for ein arealbruk som står i strid med omsynet til strandsonevernet.

Konklusjon

Fylkesmannen rår sterkt ifrå frådelinga det er søkt om, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/2469 20/15710	05.11.2020	149306/2020/DISPENSASJON/1516	Synnøve Valle, 71 28 02 39	24.11.2020

Ulstein kommune - frådelling av eigedom gbnr 36/6 – Borgarøya - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen for å dele opp eigdommen gbnr. 36/6 i ti parsellar.

Fylkeskommunane er gitt eit ansvar for å stimulere til friluftsliv i tillegg til å ta vare og utvikle areal for friluftsliv, jamfør «Forskrift om fylkeskommunenes oppgaver innenfor friluftsområdet». Det inneber at vi skal ivareta staten sine interesser i plansaker som vedkjem statleg sikra friluftsområde.

Heile øya har rike friluftskvalitetar og store verdier knytt til kulturminnevern. For oss er det viktig at verdiane vert tekne vare på og at folk flest får oppleve det unike natur- og kulturlandskapet på øya.

Førre gongen det vart søkt om dispensasjon, i 2005, uttalte vi mellom anna følgjande: «I prinsippet er det ikkje avgjerande kven som eig eigedomen, men vi meiner det er ein fare ved ei frådelling at dette kan medføre tiltak som ytterlegare privatiserer eigedomen. Dersom arealet blir frådelt, meiner vi det er meir truleg at det i framtida kan kome søknad om ytterlegare frådelling med ønske om nye fritidsbygg på eigedomen. Frådelinga vil gjere det vanskelegare å eventuelt innløyse arealet som statleg sikra friluftsområde».

På bakgrunn av dette, vil vi **rå frå** å gje dispensasjon. Dersom kommunen likevel vel å gje dispensasjon, må det stillast vilkår om fri ferdsel, ingen inngjerding osv. Ei eventuell frådelling må ikkje nyttast som argument for frådelling av andre parsellar eller bygging av fritidshus, jamfør vedtaket som Ulstein kommune gjorde 22.08.15.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



ULSTEIN KOMMUNE

Teknisk etat

ARKIVKOPI

Ulsteinvik, 22.09.05

Arild Hatløy

Sporstøl Arkitekter AS

Arkivsak nr.: Løpenr.	Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.
05/00003 009815/05	GNR 36006//	TEK/BRO/AVITE	

Saka gjeld: GNR. 36, BNR. 6 - DELING AV GRUNNEIGEDOM, ARILD HATLØY

Teknisk utval har i møte den 20.09.05 i sak 05/0107 gjort fylgjande vedtak:

- 1. Teknisk utval har halde synfaring på gnr. 36, bnr. 6 og tek klaga frå Sporstøl Arkitekter as på vegne av Arild Hatløy til følgje fordi utvalet meiner at det er viktig å avklare eigedomstilhøva for å sikre tilfredsstillande vedlikehald av bygg og areal på den delen som er omsøkt frådelt, utvalet meiner også at delinga ikkje vil gjere tilhøva for rekreasjon og friluftsliv vanskelegare, jf. vilkåra under. Med vising til § 7 i plan- og bygningslova gjev teknisk utval dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for frådeling av parsell slik det er søkt om på følgjande vilkår:**
 - a. Parsellen kan ikkje inngjerast på nokon måte.**
 - b. Det skal leggjast til rette for fri ferdsel over parsellen**
 - c. Hovudbruket skal ha tinglyst vegrett over parsellen.**
 - d. Før deling vert gjennomført, må det leggjast fram fråsegn frå eigarar som representerer meir enn halvparten av samla eigarskap på gnr. 36, bnr. 6, jf. § 4 i lov om sameige.**
- 2. Teknisk utval vil presisere at denne frådelinga ikkje skal kunne nyttast som argument for å få løyve til frådeling av andre parsellar på bruket eller bygging av fritidshus.**
- 3. Teknisk utval gjev løyve til frådeling etter § 12 i jordlova.**
- 4. Frådelingssaka etter plan- og bygningslova vert handsama vidare administrativt.**

Når det gjeld evt. klage og grunngjeving for klage, viser vi til vedlagde skjema.
Sakshandsamar er: *avd.leiar Arne Runar Vik*

Postadresse:	Telefon ekspedisjon:	Tlf. sakshandsamar:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:
Postboks 143 6067 Ulsteinvik	70 01 76 00	70 01 76 07	70 01 76 01	NO 964 979 456 NO 971 28 882 m.v.a.

1901/1911A

Med helsing



Arne Runar Vik
avd.leiar

Vedlegg:

- Saksframlegg
- Melding om rett til å klage

Kopi m/vedlegg til:

- Møre og Romsdal fylke
- Landbrukssjefen
- Direktoratet for naturforvaltning

Ulstein kommune
SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : *Arne Runar Vik*
Arkivsak *05/00003*

Arkiv: *GNR 36006*
Løpenr.: *009426/05*

Saka gjeld: **GNR. 36, BNR. 6 - KLAGE PÅ AVSLAG AD DISPENSASJON FOR FRÅDELING - ARILD HATLØY**

Saksfakta:

Vedlegg prenta:

1. Klage frå Sporstøl Arkitekter as datert 18.07.2005.
2. Utfyllande informasjon til klage frå Arild Hatløy datert 19.08.2005.
3. Melding om vedtak i teknisk utval datert 27.06.2005, sak nr. 05/0075.
4. Saksframlegg for handsaming i sak nr. 05/0075 datert 17.06.2005.
5. Fråsegn frå Møre og Romsdal fylke datert 25.05.2005.
6. Utgreiing frå landbrukssjefen datert 24.05.2005.
7. Kart i målestokk 1 : 2.500 sist datert 22.12.2004.

Ikkje vedlagde saksdokument:

1. Melding om vedtak i sak nr. 05/0042, møtedato 18.04.2005 med saksframlegg datert 10.04.2005.
2. Søknad frå Sporstøl Arkitekter as datert 22.12.2004, registrert på teknisk etat 03.01.2005.
3. Vedtak i teknisk utval sak nr. 01/0025, møtedato 21.02.2001.
4. Vedtak i teknisk utval, sak nr. 01/0025, møtedato 21.02.2001.
5. Saksframlegg for handsaming i møte 21.02.2001, datert 13.02.2001.
6. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga datert 29.01.2001.
7. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga datert 01.02.2001.
8. Uttale frå fylkesmannen datert 01.02.2001.
9. Brev frå direktoratet for naturforvaltning datert 25.10.2000.
10. Purring på saka frå Sporstøl Arkitekter as datert 25.02.2005.
11. Purring på saka frå Sporstøl Arkitekter as datert 30.03.2005.
12. Nabovarsel til Staten v/Miljøverndep. v/Ulstein kommune datert 22.12.2004.
13. Oversendingsbrev frå Ulstein kommune til Møre og Romsdal fylke datert 21.04.2005.

SYNFARING:

Det vert synfaring i saka.

BAKGRUNN / KLAGE:

Teknisk utval gav i sak nr. 05/0075 avslag på søknad om dispensasjon for frådelling av parsell av gnr. 36, bnr. 6 på Borgarøya - sækjar Arild Hatløy.

På vegne av Arild Hatløy klagar Sporstøl Arkitekter as på dette vedtaket ved brev datert 18.07.2005, motteke hjå teknisk etat den 20.07.2005. Klaga har kome innan lovfastlagd klagefrist, og vilkåra for å handsame den som klage er til stades. Arild Hatløy har lagt fram supplerande informasjon til klaga datert 19.08.2005.

Hovudinnhaldet i klaga frå Sporstøl Arkitekter as og supplerande opplysningar frå Arild Hatløy er at det er viktig at eigedomstilhøva vert avklara for å sikre tilfredsstillande vedlikehald av bygg og areal på den delen som er omsøkt frådelt. Det vert også hevda manglande heimel for det vedtaket teknisk utval gjorde i sak nr. 05/0075.

PLAN- OG BYGNINGSLOVA:

Det er ikkje heimel for kommunen til å nekte frådelling etter § 17- 2 om forbod mot bygging og frådelling i 100 m-beltet langs sjøen fordi forbodet mot deling ikkje omfattar *bebyggd* eigedom. Dette under føresetnad av at *bruken er uendra*, jf. mellom anna uttalen frå fylket.

JORDLOVA:

Utgreiing frå landbrukssjefen:

Arild Hatløy, som er son til ein av eigarane av gnr. 36, bnr. 6 på Borgarøya i Ulstein kommune, klagar over avslag på søknad om frådelling av huset på eigedomen med ein parsell på om lag 4,8 dekar beiteareal. Klaga er framført av Sporstøl Arkitekter as v/Roald Sporstøl på vegne av Arild Hatløy og er datert 18.07.05. I tillegg ligg det ved eit skriv frå Arild Hatløy datert 19.08.05 med formål og gi supplerande opplysningar i saka.

I klaga vert det halde fram mellom anna at det ikkje er vist til paragraf i lov eller forskrift som gir heimel for avslag, at saker skal vurderast enkeltvis og at ein ikkje skal forskottare problem til dømes med auka press for bygging av fritidshus. Han viser vidare til uttalen frå landbrukssjefen om at samfunnet er best tent med at delingsløyve ikkje vert gitt ut frå området sin verdi til rekreasjon/friluftsliv, og at han ikkje her har vist til heimel for at påstanden kan leggast til grunn for avslag. Eg viser elles til klaga slik ho er framført der klagaren har fleire kommentarar til argumentasjonen i saka.

Landbrukssjefen finn no at klagaren har rett i at samanhengen mellom lovbruk og argumentasjon er uklar. For at dette skal klargjerast vert jordlova §§ 1 og 12 sitert nedanfor.

Jordlova § 1 (formålsparagrafen) seier:

"Føremål.

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar.

Eit samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern av jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.”

Jordlova § 12 seier:

Deling.

Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Med eigedom meiner ein og rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Forbodet mot deling gjeld og forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal og takast omsyn til godkjende planar som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

’Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registernemningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining. Samtykke til deling er ikkje nødvendig når serskild registrert del av eigedom vert seld på tvangssal. Det same gjeld dersom det i samband med offentleg jordskifte er nødvendig å dela eigedom.

Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.”

§ 1 famnar vidt, men er så vidt eg kan sjå ikkje meint å skulle gi grunnlag for å verne areal til friluft og rekreasjonsområde. Dette er ei oppgåve som kommuneplanen og PBL skal legge til rette for. Det er klart sagt i utgreiinga at frådelinga er forsvarleg ut frå jordbruksinteressene. Dette er ikkje åleine nok til å gi frådelingsløyve, men er eit minstekrav. Det er imidlertid slik no at det er svært dårlege forhold for å drive jordbruk på øya, både på grunn av transportproblem og med bakgrunn i dei små jordressursane som er på øya. Det er vanskeleg å tenkje seg at det i den framtida vi kan sjå framføre oss kan drivast landbruk på øya utanom til reine hobbyformål.

§ 12, som set eit generelt forbod mot deling i landbruksområde, er bygd opp rundt areal som er nytta eller kan nyttast til landbruk. Når det er argumentert med at det ligg svært lite til rette for å drive landbruk i området samstundes som det er argumentert for kor viktig øya er til rekreasjons – og friluftsområde vil det, etter ny vurdering i saka, ikkje vere rett å nytte jordlova på eit så svakt grunnlag. Arealbruken her bør styrast gjennom kommuneplanen. Landbrukssjefen vurderer det difor slik at jordlova, med den argumentasjonen som er lagt til grunn i saka, i dette høvet, ikkje gir tilstrekkeleg heimel til å nekte deling slik det er søkt om.

KOMMUNEPLANEN:

I dei utfyllande føresegnene til kommuneplanen frå 1992 står der følgjande:

I område som er viste som landbruks-, natur- og friluftsområde er det ikkje tillate med spreidd utbygging til bustad- eller ervervsformål som ikkje er knytt til stadbunden næring.

og

Utanom utbyggingsområde for hytter er det ikkje tillate å føre opp nye hytter, eller i særleg grad utvide eksisterande hytter (fritidshus). På fråflytte gardsbruk kan det likevel gjevast løyve til å omdisponere eksisterande uthus til fritidshus på vilkår som bygningsrådet måtte fastetje i kvart enkelt høve.

Der går ikkje fram eit uttrykkjeleg forbod mot frådeling av parsell rundt eksisterande bygningar i dei utfyllande føresegnene. I tekstdelen til kommuneplanen frå 1992 går det i punkt 3.1.4 fram m.a. at omdisponering av eksisterande uthus til fritidshus kan godkjennast på vilkår av at det ikkje vert gjeve løyve til frådeling. Av rettleiar T-1127 frå miljøverndepartementet står det i kapittel 3.2.1 at frådeling av bebygde tomter er i strid med LNF-føremålet når frådelinga føreset eller framstår som eit ledd i bruksendring frå landbruk til anna føremål.

Vurdering:

Teknisk utval har både i sak 05/0075 den 27.06.2005 og i vedtak i 2001 (01/0025) gått imot dispensasjon for frådeling. I saksutgreiinga frå landbrukssjefen går det fram at det er tvilsamt om jordlova kan nyttast som heimelsgrunnlag. Plan- og bygningslova § 17 - 2 inneheld ikkje forbod mot deling av bebygde eigedom slik som her under føresetnad av uendra bruk. Delinga i seg sjølv fører ikkje til endra bruk, og søkjar har presisert at bruken skal vere uendra etter ev. deling, jf. søknaden.

For å kunne nekte deling, må det klargjerast om tiltaket verkeleg er i strid med kommuneplanen m/utfyllande føresegner. Det går ikkje direkte fram av føresegnene at frådeling som her omsøkt er i strid med planen. Likevel er det intensjonen i planen at fråflytte gardsbruk som dette ikkje skal delast opp i mindre einingar – noko som går fram av tekstdelen til planen punkt 3.1.4. Praktiseringa av planen har også vore i samsvar med dette.

Om teknisk utval skulle kome til at der ikkje er eit klart nok heimelsgrunnlag i kommuneplanen til å nekte frådeling, og ein ønskjer å gå imot deling for å ivareta på ein best mogeleg måte interessene knytte til naturvern, friluft- og rekreasjonsføremål, kan kommunen leggje ned byggje- og deleforbod og avklare arealbruken i plansamanheng i løpet av 2 år, jf. § 33 i plan- og bygningslova.

Den langsiktige forvaltninga av Borgarøya som friluftsområde er ei svært viktig utfordring for kommunen. Delar av øya er i dag statleg eigedom, der Ulstein kommune har forvaltaransvar. I naturatlas for Møre og Romsdal er Borgarøya registrert som eit friluftsområde av regional verdi. Borgarøya er ein populær utfartsstad både for innbyggjarane i kommunen og for turist- og reiselivsnæringa.

Eit stadig veksande folketal og auka press på område for allment friluftsliv på øyane i kommunen gjer dette til eit sentralt tema, som bør takast opp ved rullering av kommuneplanen.

Dersom teknisk utval skulle vere innstilt på å gi dispensasjon, må det leggjast fram grunngeving i vedtaket. Det bør setjast som vilkår at parsellen ikkje vert inngjerda (dvs. at der kan vere fri ferdsel over parsellen, at hovudbruket (og ev. frådelt parsellar) har vegrett over parsellen og at det ikkje vert bygt fleire fritidshus (hytter og naust) på hovudbruket.

Før frådeling kan gjennomførast, må det leggjast fram fråsegn frå eigarar som representerer meir enn halvparten av samla eigarskap, om at dei samtykkjer til frådeling på dei vilkår som vert sette (jf. § 4 i lov om sameige).

Tilråding frå teknisk sjef:

1. Teknisk utval legg vekt på at den omsøkte parsellen og Borgarøya elles er eit område med store verdiar for rekreasjon / friluftsliv og interesser knytt til natur- og kulturminnevern. Ei deling av gnr. 36, bnr. 6 vil kunne svekke desse kvalitetane. Teknisk utval kan difor ikkje ta klaga på avslaget utvalet gjorde i sak nr. 05/0075 til følge.
2. Teknisk utval meiner at kommuneplanen med utfyllande føresegner og føresetnadene / intensjonen med planen gjev heimel for å avslå dispensasjonssøknaden for frådeling slik utvalet gjorde i sak nr. 05/0075.
3. Klagesaka vert sendt til fylkesmannen etter reglane i forvaltningslova, jf. § 15 i plan- og bygningslova.
4. Teknisk utval viser til utgreiinga frå landbrukssjefen og finn at det ikkje er grunnlag for å nytte jordlova som heimelsgrunnlag for å avslå søknaden.

Ulsteinvik, 12.09.2005


Elling Indresøvd
teknisk sjef

Arild Hatløy
Kvieveien 12
6064 Haddal
Botun50@gmail.com

Haddal, 12.10.2020

Ulstein Kommune
Teknisk Etat
Rådhuset
Pb 143
6067 Ulsteinvik

GNR 36 BNR 6 PÅ BORGARØYA – SØKNAD OM DELING AV EIENDOM.

Historien / Bakgrunn:

Viser til tidligere korrespondanse i denne anledning. Deriblant søknad av 22 desember 2004 og klage av 18 juli 2005, begge ført i pennen av Sportstøl Arkitekter As, samt utfyllende informasjon gitt av undertegnede den 19 august 2005. Da Teknisk etat allerede har disse dokumentene, velger jeg å ikke legge ved disse dokumentene til denne søknaden.

Aksept til deling av denne eiendommen ble gitt av Teknisk Utval i Ulstein Kommune den 22 september 2005. Det vart dog tatt visse forbehold i denne godkjennelsen som undertegnede anså som greie. Men det skulle etter hvert vise seg at ett forhold skulle bli vanskelig og etter hvert umulig å få på plass. Og det var signatur på skjøtet fra samtlige hjemmelshavere.

Da min/vår bestemor døde på slutten av 70-tallet, arvet 10 søsken eiendommen «i fellesskap». De ble etter hvert enige om å dele opp eiendommen i 10 relativt like deler. Min far, Toralf Hatløy, den yngste i søskenflokket, betalte et beløp til hver av sine søsken for å beholde den delen hvor selve bolighuset stod. Som del av denne avtalen forpliktet også alle søsknene seg til å signere på et fremtidig skjøte, når min far ville be om dette på et senere tidspunkt. Det foreligger 9 dokument, ett fra hver av søsknene som har signert på disse avtalene, og hvert dokument/avtale er signert av to vitner.

Et av de største ønskene til min far var å få ordnet formalitetene rundt et skjøte på sin parsell. Og i 2004 begynte jeg og min far å jobbe med å få på plass disse «formalitetene». Etter at Ulstein Kommune godkjente muligheten for fradeling av denne spesifikke delen av eiendommen sent 2005, var antall hjemmelshaver økt til 14. Flere av de opprinnelige

hjemmelshaverne har etter hvert falt fra, og deres andel ble dermed fordelt på sine respektive arvinger.

To av disse arvingene som nå var blitt nye hjemmelshavere, ønsket ikke å signere på skjøtet. Dette til tross for forpliktelsene som i sin tid lå til grunn blant de 10 opprinnelige søsknene. Argumentet til dem var at så lenge de ikke fikk skjøte på sin andel, burde ingen andre heller få det.

Etter at min far døde i 2008, arvet jeg hans ideelle andel i bruksnummeret, som blant annet innbefatter barndomshjemmet til de 10 søsknene. Siden har jeg hatt det hele og fulle ansvar for alt vedlikehold av huset på eiendommen. I over 15 år har jeg samtidig jobbet for å få skjøte på denne parsellen. Jeg har fått bistand både fra advokater og andre i løpet av denne perioden. Og det er i denne perioden gjennomført utallige henvendelser, diskusjoner og utspill mot de to nevnte hjemmelshaverne. Dessverre uten noe resultat.

Dagens situasjon

Samtlige av dagens 14 hjemmelshavere er i dag innforstått med innholdet i den avtalen som i sin tid ble inngått mellom våre foreldre. Vi vet også hvor sterkt våre foreldre ønsket/ønsker at denne eiendommen skulle deles ihht deres opprinnelige ønsker, og vi vet at vedlagte kart skisse reflekterer det som i sin tid ble avtalt. Vi vet og vi er enige i at dette var et inderlig ønske som samtlige av våre foreldre hadde når det var snakk om fremtiden til deres felles barndomshjem. Et barndomshjem der vår felles bestemor i mange år helt alene forsørget alle sine barn på denne øya og eiendommen etter at vår bestefar allerede i 1938 omkom på m/s Kårstein.

Så lenge det fortsatt ikke finnes noen formell dokumentasjon på hvordan denne eiendommen er tenkt videreført, må vi i dag basere oss på den kunnskap som dagens generasjon innehar. Men dagens generasjon av hjemmelshavere har etter hvert også blitt voksne, og de fleste har nådd en alder på mellom ca 59-69 år.

I og med at dagens hjemmelshavere fortsatt kjenner til de avtalene som i sin tid ble inngått rundt denne eiendommen, ser vi det som viktig at vi får ryddet opp i eierforholdet i «vår tid». Utsettes dette til også vår generasjon begynner å falle fra, og antall hjemmelshavere samtidig fortsetter å eskalere, vil disse være «historieløse» mht opprinnelig avtaler. Derfor er det også så viktig at vi får formalisert og dokumentert eierforholdet i vår tid.

Oppsummering / Søknad om dispensasjon.


Det ble allerede i 2005 vist forståelse og vilje fra Ulstein Kommune sin side til å gi dispensasjon til fradeling av den ene delen til denne eiendommen.

Med referanse til nevnte *bakgrunn* og ikke minst beskrivelse av *dagens situasjon*, søker jeg på vegne av samtlige hjemmelshavere under 36-6 om dispensasjon til at denne eiendommen på Borgarøya nå kan deles i de ti parsellene som forrige generasjon avtalte. (se vedlagte kart som illustrerer dette).

Denne løsningen vil kunne bidra til et oversiktlig og ryddig eierforhold både for fremtidige generasjoner av hjemmelshavere til gnr/bnr 36-6 og også for Ulstein Kommune. Samtidig er denne søknadene om dispensasjon både i praksis og intensjon en søknad om fradeling til uendra bruk.

Håper det vises forståelse for at dette blir en hensiktsmessig løsning for alle parter og at vår søknad blir godt mottatt. Ser frem til et positivt svar.

Med vennlig hilsen og på vegne av samtlige hjemmelshavere.




Arild Hatløy.

Vedlegg:

- a) Dispensasjonssøknad signert av samtlige hjemmelshavere
- b) Kartskisse som viser parsellene på hhv Borgarøya (og Litle- Grisholmen).
- c) Nabovarsel signert av Arne Hatløy

HATLOY STORE



arv.
arv.
arv.
l.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/20	Teknisk utval	10.12.2020

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - Hovsetsvingane 34, gnr. 9, bnr. 506 - Odd Sverre Urke/Ingvill Møller

Samandrag:

Odd Sverre Urke/Ingvill Møller har ført opp ulike byggtiltak mot veg tilknytt bustadhuset i Hovsetsvingane 34. Kommunen har opplyst Urke om at tiltaket bryt byggegrensa mot Hovsetsvingane, og er såleis ikkje unnateke søknadsplikta. Difor er det søkt om dispensasjon for dette forholdet. Tiltaka er allereie utført. Kommunalsjef teknisk tilrår at dispensasjon ikkje vert gjeve og krev at tiltaka som er i strid med byggegrensa vert fjerna.

Kommunalsjefen si tilråding:

1. Teknisk utval finn ikkje grunnlag for å kunne gje dispensasjon frå byggegrensa for oppføring av veranda/terrasse med levegg og utebod mot veg tilknytt bustadhuset i Hovsetsvingane 34.
2. Teknisk utval meiner at omsynet som ligg til grunn for byggegrense vert vesentleg sett til sides dersom dispensasjon for desse tiltaka vert gjeve, jf. plan- og bygningslova(pbl) § 19-2. Omsynet gjeld i høve vegsystemet (vedlikehald, drift og ev. utbetring), i forhold til trafikken og til miljøet som grensar langs og inntil vegen, jf. at der er ein del trafikk i vegen Hovsetsvingane.
3. Sidan det ikkje vert gjeve dispensasjon og bod/levegg allereie er utført, krev teknisk utval at alle delar av tiltaka som er strid med byggegrensa vert fjerna. Utvalet påtalar samstundes at søkjar har bygd i strid med byggegrensa. Teknisk utval ber administrasjonen følgje opp saka i samsvar med pbl kap. 32 (ulovlegheitsoppfølging).

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg i Hovsetsvingane 34 - Gnr 9 bnr 506
Situasjonskart
Eldre situasjonsplan for feltet
Planteikning
Bilde av tiltak 1
Bilde av tiltak 2
Bilde av tiltak 3
Bilde av tiltak 4

Andre relevante dokument:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg i Hovsetsvingane 34 - Gnr 9 bnr 506

Saksopplysningar:

Odd Sverre Urke har ført opp ulike byggetiltak i tilknytning til bustadhuset i Hovsetsvingane 34. Teknisk etat vart etterkvart kjend med dette og har gjeve Urke beskjed om at då delar av tiltaka bryt byggegrensa mot Hovsetsvingane, vert desse tiltaka såleis ikkje unnateke søknadsplikta, og må difor fjernast. Urke ynskjer å søke om dispensasjon for desse tiltaka.

Tiltaka som bryt byggegrensa mot Hovsetsvingane gjeld veranda/terrasse med levegg på omlag 4,5 m djupne frå husvegg og 6,5 m lengde langs veg. Bodtilbygget er omlag 2 m x 3,65 m. Verandaen med levegg er plassert omlag 0,5 m frå eigedomsgrense og regulert vegområde. Tiltaka bryt då byggegrensa med omlag 4,5 m på det meste.

Søkjargrunder argumenterer i søknaden om dispensasjon med mellom anna at:

- Dei vart ikkje opplyst frå utbyggaren om denne byggegrensa.
- Dei kan ikkje sjå at byggetiltaka er til hinder for nokon.
- Dei meiner det ikkje er til sjenanse for nokon, og er heller ikkje eit problem i høve siktsone i krysset/fellesavkøyrsla.
- Dei har behov for privatliv på terrassen, og ikkje konstant innsyn frå vegen.
- Leveggen fungerer godt som støyskjerm og lysstoppar for billysa som treff soveromsvindauga. Det er veldig stor biltrafikk i feltet så leveggen har ein klar positiv effekt for dei.
- Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar.

Vurdering og konklusjon:

For å kunne gje dispensasjon kan ikkje omsynet som ligg til grunn for den føresegna det vert dispensert frå settast vesentleg til side, jf. pbl § 19-2. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene.

Administrasjonen meiner at tiltaket vil sette omsynet som ligg til grunn for byggegrensa vesentleg til sides. Dette vert grunngeve med at formålet med byggegrense er ikkje berre å ta vare på krava i vegsystem (i høve vedlikehald, drift og ev. utbetring), men også forholda til trafikken, til miljøet som grensar inntil og langs vegen. Byggegrenser skal også sikre gode og tilstrekkelege uteareal, lys og luft mellom bygningane og medverke til å ta vare på miljø- og andre samfunnsomsyn.

Administrasjonen meiner dei positive effektane ved leveggen i høve innsyn, støy og lys kan lett oppretthaldast ved å trekke leveggen bak byggegrensa.

Det er viktig å opplyse om at eigar av Hovsetsvingane 20, omlag 120 m lengre ned i

gata, sette seg opp ei utebod som tilbygg til garasjen i strid med byggegrensa. Dei fekk same beskjed frå teknisk etat, om at tiltaket måtte fjernast. Dette bodtilbygget som stod omlag 0,5 m frå eigedomsgrense og regulert vegområde er i dag fjerna. Vidare har administrasjonen blitt kontakta av andre bebuarar i feltet som har hatt ynske om å oppføre liknande tiltak, men som har lagt vekk planane sine når dei fekk vite at dette var i strid med byggegrense.

Administrasjonen meiner det er viktig å halde på byggegrensene, og då særskilt langs vegareal som er sterkt trafikkert. Basert også på likheitsprinsippet, jf. Hovsetsvingane 20 med fleire, tilrår kommunalsjef difor at dispensasjonen ikkje vert gjeve, og at teknisk utval krev tiltak i strid med byggegrensa fjerna. Utvalet bør også påtale at tiltaka er ført opp i strid med byggegrensa, og be administrasjonen følgje opp saka etter kap. 32 i pbl (ulovlegheitsoppfølging).

Likestillingsmessige sider ved saka:	Ingen for kommunen.
Konsekvensar for folkehelsa:	Ingen for kommunen.
Miljøkonsekvensar:	Ulempe at tiltaket bryt byggegrensa.
Økonomiske konsekvensar:	Ingen for kommunen.
Beredskapsmessige konsekvensar:	Ingen for kommunen.
Konsekvensar for barn og unge:	Ingen for kommunen.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Ulstein Kommune

Teknisk Etat

PB 143

6067 Ulsteinvik

Att: Arild Støylen

Ulsteinvik 23.08.20

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg i Hovsetsvingane 34 – gnr 9 bnr 506

Viser til brev byggetiltak mot veg og tidlegare samtalar. Så vi vil med dette søke om dispensasjon for eit byggtiltak mot veg i Hovsetsvingane 34 – gnr 9 bnr 506.

Først vil vi beklage at vi ikkje har søkt om dette på forhånd, det hadde vi sjølv sagt gjort hadde vi visst om denne unntaks regelen. Som det også står i brevet er dette mindre byggetiltak.

Når vi var i møte med utbygger før under og etter bygging var dette aldri eit tema dei la fram for oss. Legg ved kopi av situasjonsplanen vi fekk med utbygger. Heilt lik den vi fekk med dykk, men uten teiknforklaringane. Det var heile tida snakka om eigedomsgrensa, så det er den vi har gått utifrå. Vi hadde plan om å ha terrasse og litt plen bortom huset i starten. Men vi fann fort ut at det ikkje vart store plenen, og den kunne heller ikkje bli brukt til så mykje. Difor valgte vi å gi beskjed til utbygger om at vi avbestilte ferdigplenen og ville bygge terrasse på heile området. Vi meiner utbygger då også hadde muligheita til å informere oss om denne byggegrensa som gjeld i feltet her. Vi har no etter at vi mottok brevet frå dykk, kontakta utbygger. Svaret vi fekk var at vi ikkje hadde spørt om dette, vi meiner at dei har hatt ei opplysningsplikt som utbygger/selgar av boligen.

Vi søker difor om dispensasjon slik byggtiltaka er oppført i dag.

Vi meiner byggtiltaka ikkje er til hinder for nokon slik det står i dag. Vi meiner også att byggtiltaka går i eitt med huset, og ikkje er dominerande sett i frå vegen. Huset vårt ligg i ein yttersving, så byggtiltaka hindrar ikkje nokon siktmessig på vegen. Vi har ikkje tatt utsikt frå nokon av naboane heller. Vi har valgt å sette opp levegg for å få litt privatliv på terrassen, og ikkje konstant innsyn frå vegen.

Leveggen hjelper også veldig mot støy når vi oppholder oss på terrassen, her er til tider veldig stor biltrafikk i feltet. Til kvelden fungerer leveggen som lysstopp for alle billysa som treffer soveromsvindua til jentene våre.

Har også hatt samtaler dei nærmaste naboane og ingen har noken som helst slags innvendinger eller motforestillinger mot byggetiltaka.

Vi håper dere er positive til desse byggtiltaka, sjølv om søknaden kjem etter det er oppført.

Ser fram til ei positiv tilbakemelding i frå dykk.


Har dykk noen spørsmål eller avklaringer så er det berre å ta kontakt på tlf. 97192775

Med vennlig hilsen

Odd Sverre Urke og Ingvill Møller

2 Vedlegg.

Vedlegg C1 Situasjonsplan
 Merking: Det vil være en mindre forbygning på bredden til garasje H10B de etene er gjort breiare og lortare for å gi parkeringsplass på S. situasjonen. Justering av bredden rett gjøtt reling R- av E. lunde.



REV	DATE	BESKRIVELSE	SKEN
1	250		
15.05.2017			

Totalbygg
 Smahus Hofsetmarka 2
 Situasjonsplan KS5 250

1631
 A0111
 TOTALBYGG
 01 9 889 889 / 13 10 70 24
 Olfur Björnsdóttir
 01 9 889 889 / 13 10 70 24
 Olafur Björnsdóttir
 01 9 889 889 / 13 10 70 24

0218-171A

HUS

2 m


BOD

3,65 m

4,45 m

6,5 m

LEVEGG













Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
120/20	Teknisk utval	10.12.2020

Utvida bruk av avkøyrslø - Brunevegen 12, gnr. 7, bnr. 818 - Richard Frøystad

Samandrag:

Myklegard Consult AS søker på vegne av Richard Frøystad i Brunevegen 12 om løyve til utvida bruk av avkøyrslø, i samband med ønske om at frådelt parsell, gnr. 7, bnr. 818, kan etablerast som sjølvstendig bustadtomt. Med bakgrunn i at denne delen av Brunevegen er særst utfordrande trafikkmessig, rår kommunalsjef teknisk ifrå å godkjenne søknaden.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval finn ikkje grunnlag for å kunne godkjenne søknaden om utvida bruk av avkøyrslø frå Brunevegen ved gnr. 7, bnr. 184 for etablering av ny bustadtomt på parsellen gnr. 7, bnr. 818, jf. veglova § 40.

Grunngjeving for avslaget er dei trafikkmessige utfordringane for denne delen av Brunevegen. Avkøyrslø ligg i eitt av de brattaste partia på denne smale vegen. Av omsyn til at vegen har lavare framkomelegheit og dårlegare trafikktryggleik enn vegar med stigning og breidde etter vegnormalane (handbok 100 frå Statens vegvesen), meiner teknisk utval at det ikkje er forsvarleg å utvide bruken av avkøyrslø med føremål legge til rette for nye bueiningar i dette området slik det er søkt om.

Vedlegg:

Søknad om utvida løyve til avkøyrsl
Situasjonskart
Terrensnitt

Saksopplysningar:

Myklegard Consult AS søker på vegne av Richard Frøystad i Brunevegen 12 om løyve til utvida bruk av avkøyrsl. Dette i samband med ønske om at frådelt parsell (7/818) kan etablerast som sjølvstendig bustadomt. Parsellen har eit areal på omlag 721 m².

Det er lagt ved situasjonsplan som syner ein tilkomstveg over gnr. 7, bnr. 184 og langs eigedomsgrensene mot nord. Det er teikna inn framtidige garasjar på både 7/184 og 7/818. Innlevert terrensnitt syner bruk av støttemurar langs tilkomstvegen. Det snitt nr. 1 (mot aust) syner mur med høgde på omlag 2 m, medan snitt nr. 3 (mot vest) syner mur med høgde på 3,7 m.

Plan- og bygningslova § 27-4 set krav om at før frådeling av ny bustadeigedom kan gjerast, skal avkøyrsl frå offentleg veg vere sikra/godkjent av ansvarleg vegmynde, jf. veglova §§ 40 til 43. I dette tilfellet er frådelinga allereie gjennomført, men arealet som i 2018 vart godkjent delt frå gnr. 7, bnr. 297, vart gjort på vilkår av at parsellen skal vere som tilleggsareal til gnr. 7, bnr. 184, jf. også slik søknaden var utforma den gongen. I søknaden frå Hanne Harkjerr Skeide, eigar av gnr. 7, bnr. 297, vart det opplyst at arealet skulle vere hageareal for Brunevegen 12. Ny avkøyrsl, eller utvida bruk av eksisterande avkøyrsl for Brunevegen 12, vart difor ikkje vurdert den gongen.

Søklar grunnjev søknaden med at det i 2016 vart oppført ein tomannsbustad i Osnesbakken 12 og 14. Osnesbakken som er den brattaste bustadvegen i sentrum. Søkar peikar på at det på førehand vart utført ei mindre reguleringsendring av Osnesbakkane i 2012 som ga grunnlaget for å kunne godkjenne nemnde tomannsbustad. Det vert også peika på at kommunen, gjennom reguleringsendring i 2011, godkjende 5 tomter i reguleringsplan Osnesbakkane, med innkøyring frå Brunevegen. Når ein då ser på desse sakene opp i mot denne, meiner tiltakshavar at det vil verte forskjellsbehandling om søknaden ikkje vert godkjent.

Det ligg ikkje føre nabomerknadar til søknaden etter det administrasjonen kjenner til.

Vurdering og konklusjon:

Slik administrasjonen ser det er Brunevegen etter Osnesbakken den brattaste og mest utfordrande kommunale tilkomstvegen vi har i Ulstein, både med tanke på framkomelegheit og trafikktryggleik, jf. også at vegen er smal med ei breidde på omlag 3 m i aktuelt område. Denne avkøyrsla ligg i tillegg i eit relativt bratt parti av vegen med stigningstilhøve om lag 1 : 6 (16,7 %). Normalt bør ikkje tilkomstvegar har brattare stigning enn 1 : 10 (10 %). Private avkøyrslar kan normalt ha stigning inntil 1 : 8, 12,5 %).

Dersom kommunen opnar opp for utvida bruk av avkøyrsl, vil dette føre til auka trafikk i Brunevegen. Etter teknisk etat sin oppfatning vil ein direkte uheldig konsekvens av dette vere auka fare for trafikkfarlege situasjonar. Administrasjonen har ved fleire høve hatt ei restriktiv haldning til oppretting av nye avkøyrslar eller

utvida bruk av eksisterande avkøyrslar i dei brattaste tilkomstvegane i Ulsteinvik som er Osnesbakken og Brunevegen. Der har vore fleire saker der dette ikkje har blitt akseptert som løysing. I den samanheng kan det bl.a. nemnast at gjennom reguleringsarbeidet som omfatta Solstien og Prost Ankers gt. kom det opp fleire innspel om at eigedomen med gnr. 7, bnr. 9, no kalla Berntmarka, i øvre del burde få tilkomst mot Brunevegen, noko som vart avvist gjennom planprosessen.

Når det gjeld tomannsbustaden i Osnesbakken 12 og 14, gnr. 7, bnr. 800, så omhandla reguleringsendringa som det vert vist til, justering av tilkomstveg og snuplass og fjerning av eit leikeareal som ikkje var mogleg å få til ei god utnytting av. I gjeldande reguleringsplan «Osnesbakkane», som også eigedomane langs Brunevegen er ein del av, er det høve til å føre opp inntil to bueiningar på regulerte bustadtomter. Eigedomen gnr. 7, bnr. 800 var allereie før reguleringsendringa godkjend som sjølvstendig bustadtomt med tilkomst mot Osnesbakken. Forskjellen mellom Osnesbakken 12 og 14 og denne saka er at frådelt parsell ikkje er regulert som sjølvstendig bustadtomt. Her er det også viktig å poengtere at kommunen har heile vegen vore svært tydelege på at parsellen vart frådelt på vilkår av at dette skal vere tilleggsareal/hageareal og ikkje ei sjølvstendig bustadtomt.

Når det gjeld reguleringsendringa for dei 5 tomtene i Osnesbakken, med innkøyring frå Brunevegen, så ligg desse øvst i Brunevegen der vegbreidda er omlag 6 m og med langt betre stigningsforhold. Desse har vidare god tilkomst til Vikebakkvegen.

Generelt er det positivt med fleire sentrumsnære bustadar, men med bakgrunn i at denne delen av Brunevegen er særst utfordrande trafikkmessig, rår kommunalsjef teknisk ifrå å godkjenne søknaden.

Tiltakshavar Richard Frøystad har overfor sakshandsamar munnleg reist spørsmål ved om kommunalsjef teknisk er ugild i saka sidan han har avkøyrslar til sin eigedom frå Brunevegen. Dette må vurderast etter forvaltningslova § 6, 2. ledd som har denne ordlyd:

Likeså er han ugild når andre særregne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særleg fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Spørsmålet er drøfta med kommunedirektøren og kommunens jurist. Ein kan ikkje sjå at saka kan ha særleg innverknad på verdi av eigedom eller har spesiell negativ verknad for kommunalsjef i høve andre som er tilknytt Brunevegen. Ein ser det slik at om kommunalsjef teknisk skulle vere ugild i denne saka, vil det bli ei for vid tolking av kva som er ugildskap i høve intensjonane i lova.

Likestillingsmessige sider ved saka:	Ingen.
Konsekvensar for folkehelsa:	Ingen.
Miljøkonsekvensar:	Små konsekvensar.
Økonomiske konsekvensar:	Ingen.
Beredskapsmessige konsekvensar:	Utvida bruk av avkøyrslar kan føre til trafikkfarlege situasjonar.
Konsekvensar for barn og unge:	Ingen.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Ulstein kommune
Byggesak - Teknisk Etat
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

Fosnavåg 26.10.2020

GNR. 7 BNR. 818 - SØKNAD OM UTVIDA AVKØYRINGSLØYVE I BRUNEVEGEN, SAMT ENDRING AV VILKÅRA I FRÅDELINGSVEDTAKET

På vegne av tiltakshaver, søkes det om utvida avkøyringsløyve i forbindelse med frådelt tomt, samt endring av vilkåra i frådelingsvedtaket. Dvs. at frådelt tomt kan besto som eige tomt.

Etter informasjon frå kommunen, er ikkje denne søknaden ein dispensasjonssøknad.

GRUNNGJEVING

Frådelingsvedtaket frå 2018 hadde som vilkår samanføyning av areala (med gnr. 7 bnr. 184), då tomta vart godkjent frådelt frå nabotomta i sør. Bakgrunnen for dette vilkåret var at reguleringsplanen for området ikkje hadde lagt opp til at det skullr kome ei sjølvstendig bustadtomt. Kommunalsjefen meinte det ville vere uheldig å få fleire bustader tilknytt Brunevegen, som er ein utfordrande kommunalveg trafikkmessig. Dette med tanke på stigningsforhold, vegbreidde og tilkomster/ avkøyrslar.

I søknad om utvida avkøyringsløyve, samt å beholde gnr. 7 bnr. 818 som eige tomt, ligg der ved situasjonskart og terrengsnitt. Situasjonskartet viser ny veg, som går over gnr. 7 bnr. 184. Kartet viser plassering av framtidige garasjer på begge eigedomane, samt plassering av framtidig bustad på ny tomt. For å få til ny tilkomst, må det også vere støttermurer. Ny planlagd veg har maks. stigning på 12 %.

KONKLUSJON

I 2012 vart tilkomst til Brunevegen 12 utvida, etter godkjenning frå kommuna. Det er starten på denne tilkomsten som er berekna som tilkomst for ny tomt. Omsøkt tomt er på ein måte siste tomta som står igjen for bebyggelse. Situasjonskart og terrengsnitt viser at ein får til akseptabel tilkomst til ny tomt.

Planavdelinga i kommuna seier at dersom ein får eit politisk ja om avkøyrslar (utvida avkøyrslar), vil der kome krav om regulering for tilkomst/ vegareal inn til tomta. Tiltakshaver informerer om at det i 2016 vart oppført ein tomannsbolig i Osnesbakken 12-14. Osnesbakken er den brattaste vegen i Ulstein sentrum. Vi registrerer at det vart utført ei mindre reguleringsendring av Osnesbakkane i 2012. Denne reguleringsendringa ga grunnlag for oppføring av tomannsbolig.

Vi tenker at å godkjenne avkøyringsløyvet, samt å godkjenne at gnr. 7 bnr. 818 kan vere ei separat tomt, ikkje bør ha stor betydning for trafikken i Brunevegen. Når ein godkjende oppføring av tomannsbolig i Osnesbakkane, som har ein vanskeligare veg, bør ein kunne godkjenne denne søknaden i Brunevegen.

Ein skal også nemne saka om godkjenning av 5 tomter i Osnesbakkane, med godkjent reguleringsendring i 2011. Desse tomtene har innkøyring frå Brunevegen.

Ser ein på heilheita av desse argumenta, vil nok tiltakshaver oppfatte det som forskjellsbehandling dersom denne søknaden ikkje blir godkjend.

Samla sett meiner vi det ikkje fører til store ulemper ved å godkjenne denne søknaden.

Med beste helsing



Geir Egil Myklebust
Rådgivande ingeniør






Richard Frøystad, Brunevegen 12, gnr. 7 bnr. 184 - gnr. 7 bnr. 818

Dato: 15.10.2020

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N






Tiltakshaver: Richard Frøystad
Byggeplass: Brunevegen 12
Ulstein kommune

Dato: 15.10.2020
Målestokk: 1:200
Gnr. 7 bnr. 184

Terrengsnitt nr. 1

Myklegard Consult AS

Arkstørrelse: A4






Tiltakshaver: Richard Frøystad
 Byggeplass: Brunevegen 12
 Ulstein kommune

Dato: 15.10.2020
 Målestokk: 1:200
 Gnr. 7 bnr. 184

Terrengsnitt nr. 2

Myklegard Consult AS

Arkstørrelse: A4



Tiltakshaver: Richard Frøystad
Byggeplass: Brunevegen 12
Ulstein kommune

Dato: 15.10.2020
Målestokk: 1:200
Gnr. 7 bnr. 184

Terrengsnitt nr. 3

Myklegard Consult AS

Arkstørrelse: A4



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
121/20	Teknisk utval	10.12.2020

Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Klobbneset rorbuer

Samandrag:

Det vert lagt fram forslag til detaljregulering av Klobbneset rorbuer. Det vert lagt opp til inntil 7 nye rorbuer, samt endring av 5 eksisterande naust til rorbuer, etablering av brygge, småbåtanlegg i sjø, tilkomstveg og turveg.

Kommunalsjefen si tilråding:

Framlegg til detaljregulering for Klobbneset rorbuer, datert 01.12.2020, med føresegner datert 01.12.2020 og planomtale vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med pbl § 12-10.

Vedlegg:

Plankart - 20200003
Føresegner - 20200003
Planomtale Klobbneset rorbuer
Illustrasjonsplan Klobbneset
ROS-analyse
Vurdering naturmangfald
Behandling av innspel Klobbneset rorbuer
Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Uttale frå Statens vegvesen
Møre og Romsdal fylkeskommune
Bergen sjøfartsmuseum
Innspel frå utvala
NVE - innspel til varsel
Oppsitjarane på Saunes
Uttale - Tørris Hegdal
Uttale - Bodil Saunes
Uttale - Birger Sunde
Svar på nabovarsel - Ingrid Nerhoel
Vedtak TU Klobbneset rorbuer

Saksopplysningar:

Gjeldande reguleringsplan for området er:

- Nedre Saunes, planID 19990002. Området er regulert til fritidsbebyggelse naust,

bustadformål, gang-/sykkelveg, annan veggrunn – skråning, køyreveg.

- Detaljreguleringa Endring Glopen – Nesevegen, planID 20040007. Området er

regulert til køyreveg.

I kommuneplanens arealdel 2019-2031 går det fram at for delar av området skal detaljreguleringa framleis gjelde. Det ligg inne framtidig gang- og sykkelveg. Område i sjø har formålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, NFFF – natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.

Teknisk utval gjorde i PS sak 56/20 den 15.6.2020 vedtak om at det kunne startast opp detaljregulering av området. Det vart varsla oppstart 10.07.2020 og i høyringsperioden kom det inn 12 merknadar og innspel. Oppsummering av merknadane er synt og kommentert nedanfor.

Vurdering og konklusjon:

Området har i dag fem eksisterande naust og det er starta utfylling av området i tråd med gjeldande detaljregulering. Planforslaget legg opp til inntil sju nye rorbuer og endring av eksisterande naust til rorbuer. I framkant av rorbuene skal det etablerast brygge og småbåtanlegg i sjø for å kunne leggje til med båt.

Det har kome ein del merknader og innspel som vert gjennomgått og kommentert under:

Bodil Saunes synest området må ha primært fokus på rekreasjon, lite støy og låg fartsgrense. Sjå området i samanheng med naboeigedomane, og leggje til rette for fri ferdsel i strandsona. Ber om at det blir lagt til rette for samanhengande gangveg frå

Rema 1000 via gnr. 25 bnr. 33 m. fl. fram til brua over til Ulstein hotell.

Kommentar: Viser til at forslagsstillar har søkt om løyve til oppstart av omregulering av området til fritidsbustader. Det er gjennomført oppstartsmøte med Ulstein kommune, som både administrativt og politisk har stilt seg positive til planinitiativet og intensjonane om å endre formål frå naust til fritidsbustader (rorbu). Innspelet om gangveg er teke inn i planane som «gangsti» slik at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast mellom Glopen og Kylnehaugen via nye gangsti. Vi viser vidare til at det er teke inn i føresegnene eit punkt om følgjande: «Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona». Ovannemnde punkt er henta frå føresegnene i kommuneplanen for Ulstein kommune som er vedtatt. Planforslaget er utforma med kai/brygge mellom sjø og nye bygg, slik at desse grepa vil sikre ålmenta rett til ferdsel ut i frå gjeldande lovverk.

Tørris Hegdal meiner det vil bli mykje trafikk på ein allereie smal veg. Strandsona vil bli nedbygd og hindre alminneleg ferdsel. Sjøutsikt vert øydelagt. Dette er snart det einaste området i nærheit til sentrum som har nokolunde opa strandsona. Allemannsretten blir oversett.

Boligområdet vil bli snikutvida ved at rorbuene vil kunne brukast til dagleg, og også til utleige.

Det vil bli mykje meir bråk ved trafikk og bruken av einheitene. Rorbuene kan byggast ein meter høgare, og vil stenge endå meir for utsikt. Ein langvarig byggeperiode vil bli ei stor belastning på veg og boligområde. Ynskjer at Ulstein kommune ville stoppe all byggevirksomheit ved sjøen på Nedre Saunes, det er for seint å ta vare på felles natur når den er nedbygd.

Kommentar: Forslagsstillar viser til at det i planforslaget vil bli bygd intern køyreveg som tilkomst til rorbuer. Parkering skjer utanfor bygga. Tilkomst skjer via offentleg veg «Kylnehaugen». Vi viser til at området i dag er regulert til byggeområde (naust). Skilnaden i biltrafikk frå naust til rorbu vil vere minimal og innanfor det som vi meiner må vere «tolegrensa» for eit nabolag.

Birger Sunde ber om å få tilsendt teikningar som viser bebyggelse og andre endringar av arealet som er planlagt utbygd. Umulig å ta stilling til nabovarselet utan å sjå korleis utbygginga vil sjå ut når prosjektet er ferdigstilt.

Kommentar: Viser til at utsendt dokument var varsel om oppstart av planarbeid. Utsendt informasjon inneheldt informasjon om planarbeidet med kartutsnitt som viser avgrensing og informasjon om kva som skal skje, samt ei oppmoding om å kome med evt innspel innan fastsett frist. Det blir seinare utarbeidd eit planforslag som skal handsamast av kommunen for utlegging til offentleg ettersyn (høyring) der det vil gå fram detaljar kring utbyggingsplanane. Det vil i samband med denne prosessen vere mogleg å kome med innspel.

Ingrid Nerhoel er sterkt i mot bruksendring for naust på Klobbneset. Misser utsikt, og dermed verdi av boligen, og trivselsverdi. Det blir mykje meir trafikk og uro/støy i boligområdet, som følgje av at det blir utleigemoglegheiter på rorbuene. Allemannsretten til strand og sjø blir ikkje varetatt. Ber om å få behalde strandsona og områda slik dei er.

Kommentar: Nye fritidsbustader har ei mønehøgde på 1 meter høgare enn naust. Det er i planforslaget forsøkt å dele opp nye naust i rekkje på 2 gruppe for skape luft mellom bygga. Dette er også krav i føresegnene til kommuneplanen om det. Ein viser til øvrig kommentar om strandsone, ferdsel og ålmenta sine rettar.

NVE har kome med eit generelt innspel. Det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred er god arealplanlegging.

Tilrår å nytte deira karttenester og rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging, NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar, samt NVE si sjekklister for reguleringsplan m.m. Dersom planen har følger for NVE sine saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Det er utarbeidd ei ROS-analyse i planforslaget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skriv at det er lite av strandsona som ikkje er bygd ned, og mange bustader i området, så viktig å oppretthalde høvet til å kome seg ned til sjøen. Bygging av rorbuer medfører sterkare privatisering av fjøra enn naustbygging. Såleis er det viktig å ikkje tette att heile strandsona, men ha opningar slik ålmenta kan kome seg ned til sjøen.

Ved utarbeiding av ROS-analyse bør kommunen stille kvalitetskrav, i henhold til DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen sin arealplanlegging». Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone.

«Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast.

ROS-analyse må inkludere ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane av det for planområdet og planlagde tiltak.

Legg vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som også kan medvirke til auka kvalitet i uteområde.

«Klimaprofil Møre og Romsdal» gjev kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Den finn ein på nettsida deira.

Kommentar: Området i aust får innregulert ein offentleg gangsti. Nye rorbuer er planlagt med luft mellom bygga to og to stk i gruppe. Dette for å skape luft og sikre ferdsel mellom bygga. Det er regulert ei kai/brygge som sikrar ålmenta opning og ferdsel i strandsona, samt at byggegrensene er trekt tilbake frå kaifronten for å skape luft på arealet framfor bygga. ROS-analyse er utarbeidd i planforslaget.

Statens vegvesen har ut i frå vårt ansvarsområde ingen særskilte merknadar til varsel om oppstart. Vi rår til at vegløyisingar blir utforma i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv at dei ikkje kan sjå at det føreligg referat frå oppstartsmøte med Ulstein kommune. Dersom det ikkje er halde oppstartsmøte med kommunen, er det brot på pbl. §12-8, første ledd.

Trafikken som tiltaket vil generere må greiast ut. Planen må ha ein beskriving av den trafikale situasjonen slik den er i dag, med eventuelle utfordringar, samt den framtidige situasjonen dersom tiltaket blir gjennomført. Vi tilrår at gjeldande vegnormalar blir lagt til grunn for utforming av det interne vegnettet.

Oppstartsvarelet er sendt Bergens sjøfartsmuseum. Vi vil ettersende ein eventuell uttale derifrå.

Strandsona er gjeve eit spesielt vern gjennom plan- og bygningslova. Ålmenta skal sikrast tilgang og det skal som regel ikkje etablerast privatiserande tiltak i strandsona. Bygging av rorbuer vil gjere strandsona meir privat samanlikna med bygging av naust. Vi ber om at ein i planarbeidet gjer gode grep som sikrar ålmenta tilgang til strandsona.

Kommentar: Referat frå oppstartsmøte er lagt ved plandokumenta. Området er avsett til utbygging av naust i gjeldande reguleringsplan. Det er same krava til parkeringsdekning for naust og rorbu. Trafikk er omtalt som tema i planomtalen. Forslagsstillar har mottek innspel frå Bergen sjøfartsmusesum. Innspelet er teke til vitande. Ein viser til øvrige kommentar til merknad om ålmenta og ferdsl i strandsona.

Oppsitjarane på Saunes skriv at dei ynskjer ikkje at det vert omregulert til anna bruk enn tradisjonelle naust med regulert makshøgde. Standard rorbuhøgde vil blokkere vesentleg utsikt for nabolaget, difor meiner dei at ein bør halde seg til standard naust som skal ha godkjend høgde.

Dei hevdar at omregulering til rorbu vil føre til auka uro og bråk. Dei fryktar at rorbuer kan nyttast til permanente fritidsboligar for utleige etc. Dei fryktrar rorbu og gjestebrygge vil tiltrekke seg uønska trafikk gjennom byggefelte på nattestid og i forbindelse med festivalar i Ulsteinvik.

Dei stiller seg undrande til om allemannsretten er ivaretatt ved kaianlegg og gjestebrygge.

Dei meiner at det bør regulerast inn friområde for å få ei opning og sikre utsikt for dei næraste husa i byggefelte.

Dei forventar at det ikkje vert regulert vidare naustbygging i retning mot Glopen.

Området må sikra som friområde. Øvrige moment i innspelet som ikkje vedkjem reguleringsplanen vert ikkje gjengitt her.

Kommentar: Viser til at forslagsstillar har søkt om løyve til oppstart av omregulering av området til fritidsbustader. Det er gjennomført oppstartsmøte med Ulstein kommune, som både administrativt og politisk har stilt seg positive til planinitiativet og intensjonane om å endre formål frå naust til fritidsbustader (rorbu). Innspelet om gangveg er teke inn i planane som «gangsti» slik at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast mellom Glopen og Kylnehaugen via nye gangsti. Vi viser vidare til at det er teke inn i føresegnene eit punkt om følgjande: «Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona». Ovannemnde punkt er henta frå føresegnene i kommuneplanen for Ulstein kommune som er vedtatt. Planforslaget er utforma med kai/brygge mellom sjø og nye bygg, slik at desse grepa vil sikre ålmenta rett til ferdsl ut i frå gjeldande lovverk.

Området er avsett til utbygging av naust i gjeldande reguleringsplan. Det er same krava til parkeringsdekning for naust og rorbu. Trafikk er omtalt som tema i planomtalen.

Bergen Sjøfartsmuseum har ingen merknader til den planlagde detaljreguleringa. Minner om opplysningsplikt ved funna av kulturminne.

Kommentar: Teke til vitande.

Levekårsutvalet er positiv til at planarbeidet kan starte opp, men med følgjande kommentarar: Området skal ha gang- og sykkelsti som sikrar offentleg tilkomst. Området skal tilpassast turisme ved utleige. Området bør regulerast som turistformål. Det er viktig at innspel frå naboar blir høyrte og tatt omsyn til.

Kommentar: Området blir knytt saman med Glopen med ein turveg som så møter ein regulert og delvis opparbeidd gang- og sykkelveg. Det vert ikkje lagt opp til gang- og sykkelveg over Kylnehaugen. Forslagsstillar ønskjer ikkje å etablere området som eit turistformål, ein har difor gått vekk i frå dette, og det vert lagt opp til rorbuer i privat eige.

Fellesrådet ønskjer ikkje at kommunen startar opp med detaljregulering av Klobneset til rorbuer.

Kommentar: Innspelet er ikkje imøtekome.

I gjeldande detaljregulering var det lagt inn gangveg frå Glopen til Kylnehaugen. Administrasjonen bad forslagsstillar om å inkludere denne i planforslaget slik ein fekk ein turveg som var mest mogleg tilpassa terrenget. Forslagsstillar la i utgangspunktet opp til ei større fylling lenger ut i sjøen. Administrasjonen bad om at turvegen vart endra slik den no ligg føre på plankartet. Dette fordi ein meiner ei større fylling vil vere fordyrande og det er ønskeleg å prøve å ta vare på mest mogleg av det som måtte vere igjen av ei naturleg fjøre her. Det er difor ikkje samsvar mellom illustrasjonar i planomtalen og plasseringa av turvegen i plankartet.

Det er gjort ei vurdering av naturmangfaldet der ein konkluderer med at det ikkje er sårbare artar eller område og truga biologisk mangfald innanfor planområdet.

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturminneverdiar i området.

Det er gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse som konkluderer med at området er utsett for stormflo. Det er difor sett føringar om at ferdig golv i nye rorbuer skal vere over kote +2,7 og alle konstruksjonar under kote +2,7 skal dimensjonerast og utformast til å tole påkjenningar ved stormflo.

Planområdet har tilkomst frå vegen Kylnehaugen som er ein offentleg veg med ei varierende breidde mellom 3,8-5,5 m og fartsgrense 40 km/t. Det er pr. i dag 43 bustadar og 7 naust som nyttar seg av fyrste strekk på vegen før den deler seg. Erfaringstal frå Statens vegvesen tilseier at kvar bustad belastar vegnettet med 5 reiser pr. døgn, medan fritidsbustadar belastar vegnettet med 1,25 turar pr. døgn. Det har ikkje blitt skilt på naust og fritidsbustadar ved val av faktor i berekninga. Dagens situasjon tilseier difor ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på om lag 224. Med 7 nye fritidsbustadar aukar ÅDTen til om lag 233. Ønska utbygging medfører dermed ei auke i turproduksjonen på om lag 4 % bilturar. Gjeldande detaljregulering seier ikkje

noko om maks antal naust som kan byggjast ut. I føresegnene til kommuneplanens arealdel er det fastsett at naust kan ha ei grunnflate på 50 m², medan rorbuer kan ha 70 m². Ein kunne difor truleg fått plass til 2-3 fleire naust enn ved bygging av rorbuer. Administrasjonen ser det som sannsynleg at det vil bli noko meir trafikk til rorbuer enn til naust, men dette er såpass marginalt at ein difor ikkje sjå at den auka trafikkmengda vil utgjere store trafikale utfordringar for området.

Administrasjonen rår til at framlegg til detaljplan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Positivt med turveg.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.


Økonomiske konsekvensar: Ei framtidig bygging av turveg vil gje økonomiske konsekvensar for kommunen. Det vil normalt kunne vere eksterne tilskott å hente til ein slik veg.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Positivt med tilrettelegging av fri leik, turveg og betre tilkomst til sjøen.

Arne Runar Vik

kommunalsjef teknisk



TEIKNFORKLARING

PBL § 12 REGULERINGSFORMÅL

- Reguleringsplan-Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)**
 - Bustader - fritliggende småhus
 - Fritidsbustad - konsentrert
- Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)**
 - Veg
 - Gang-/sykkelveg
 - Kai
 - Parkering
- Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)**
 - Grøntstruktur
 - Turveg
 - Friområde
- Reguleringsplan- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**
 - Hamneområde i sjø
- Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)**
 - Sikringsone - Frisikt
- Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008**
 - Sikringssonегrense
- Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**
 - Regulerings- og utbyggingsplanområde
 - Planen si avgrensning
 - Formålsgrense
 - Byggjēgrense
 - Bygninger som inngår i planen
 - Regulert senterlinje
 - Regulert parkeringsfelt
 - Målelinje/avstandslinje

Detaljregulering for KLOBBNESET RORBUER

med føresegner.

I medhald av § 12 - 12 i plan- og bygningslova har Ulstein kommunestyre i møte den

Ikraftdato, sak KST XXX/XXX


vedteke planen med føresegner slik han er innteikna på dette kartet

Stempel, signatur og dato

Basiskartet er teikna med gråfarge

Kartopplysningar

Kilde for basiskart: Flyfoto
 Dato for basiskart: 03.06.2016
 Koordinatsystem: Euref89, UTM sone 32
 Høgdegrunnlag: NGO 2000



DETALJREGULERING ETTER PBL AV 2008 FOR

Klobbneset rorbuer

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Dato plankart:

01.12.2020

Sist revidert:

01.12.2020

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Dato for kunngjering av Kommunestyret sitt vedtak: **xx.xx.xxxx**

Kommunestyret sitt vedtak:

3. gongs handsaming

Offentleg ettersyn frå **xx.xx.xxxx - xx.xx.xxxx**

2. gongs handsaming

Offentleg ettersyn frå **xx.xx.xxxx - xx.xx.xxxx**

1. gongs handsaming

Oppstart av planarbeidet

PLANEN UTARBEIDD AV:

B. Tarberg AS

SAKSNR.

KST PS xx/xx

TU PS xx/xx

TU PS xx/xx

TU PS xx/xx

TU PS 56/20

PLANID.

2020003

DATO

xx.xx.xxxx

xx.xx.xxxx

xx.xx.xxxx

xx.xx.xxxx

15.06.2020

SAKSH.

CR



ULSTEIN KOMMUNE

FØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR KLOBBNESET RORBUER

Utarbeidd 01.12.2020 sist revidert 01.12.2020 PlanID: 20200003

Godkjend av Ulstein kommunestyre
den XX.XX.2021 sak KST PS 21/XX

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet datert 01.12.2020, sist revidert 01.12.2020.

§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset. Føresegner og plankart kjem i tillegg til krav i plan- og bygningslova.

§ 2 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 3 – ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 4 – REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Fritidsbustadar – konsentrert (BFK1-4)
- Frittliggande småhusbebyggelse (BFS1-2)

Samferdsel og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Køyreveg, offentleg: o_SKV1,3
- Køyreveg, felles privat: f_SKV2
- Gang- og sykkelveg, offentleg (o_SGS1)
- Brygge (f_SK)
- Parkering (SPA)

Grøntstruktur (Pbl. § 12-5, nr. 3)

- Grøntstruktur (o_GB1)
- Turveg (o_GT)
- Friområde (o_GF)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (Pbl. § 12-5, nr. 6)

§ 4. – FELLESFØRESEGNER

- a. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bygg skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- b. Innanfor byggeområda kan det oppførast trafokioskar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.
- c. Dersom det under arbeid kjem fram funn eller strukturar som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og arkeolog ved Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast. Ved slike funn i sjøområda skal det meldast frå til Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.
- d. Skjering og fyllingsutslag frå vegbygging og gangsti kan leggast på tilstøytande tomteareal. Ved opparbeiding av vegar, gangsti og avkøyrslar skal det vurderast bruk av forstøtningsmurar for å ta opp høgdeskilnader i terrenget. Murer kan kombinerast med skråningar.
- e. Ved bygging av rorbuer skal det vere tilgjenge for ålmenta langs brygge og sjøfronten. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengslar i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona.

§ 5. – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Utvendige fargar skal godkjennast av kommunen.

Ved byggesøknad for første bygg på eit delområde skal det leggast fram samla situasjonsplan for heile det aktuelle delområdet der byggplassering, fasadar, utforming av uteareal og parkering for alle bygga på delområdet vert illustrert.

Grad av utnytting for byggeområda er fastsett til: BFK1-4 maks. % BYA = 40 %

Bygg på areala BFK1-4 skal plasserast innanfor regulert byggegrense(r). Der byggegrense ikkje er vist i plankartet er denne samanfallande med formålsgrense. Takutstikk kan kome utanfor byggegrensene. Parkeringsdekning skal reknast inn i grad av utnytting pr. formålsområde.

Fritidsbustadar – konsentrert (BFK1-4)

I området BFK 1-4 kan det førast opp rorbuer i rekkje med inntil 2 einingar pr. rekkje. Bygningane skal plasserast innanfor formålsområdet og byggegrensene som vist på

plankartet. Det skal vere luft mellom rekkjene. Grunnflate pr. bygning skal ikkje overstige 70 m2 bebygd areal. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt inntil 7 m rekna frå ferdig golv i gavl nærast sjøen.

Rorbu er definert som eit bygg der 1. etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr o.a., og der 2. etasjen er innreidd for overnatting og opphald. Utbygging skal vere tett og skape eit heilskapleg hamnemiljø, mest mogleg i tråd med lokal byggeskikk og tradisjon

Parkeringsplass pr. bygg skal vere 1 biloppstillingsplass.

Nye rorbuer kan ha altan i 2.etg orientert mot sjø. Takvinkel, utforming, dimensjon og materialval skal fastsetjast ved detaljprosjektering. Det skal leggjast vekt på å gje nye bygningar ei moderne og estetisk god utforming sett frå sjøsida. Fasade mot landsida skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement.

Dette gjeld også på lister og andre detaljar i fasade som t.d. bruk av vindauge. Utforming av nye bygningar skal endeleg godkjennast ved byggesak. Bygningar i rekke skal ha mest mogleg lik utsjånad.

Alle konstruksjonar under kote 2,7, NN2000, skal dimensjonert og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo. 1.etg kan underdelast i mindre einingar (lager) med inngang i begge gavlveggar.

Uteareal tilhøyrande byggjeareal

- a. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
Eksempler på formuleringer i planbeskrivelsen

1. Hvis naturmangfold ikke blir berørt - Berøres naturmangfold § 7

For alle saker som berører naturmangfold følger det av naturmangfoldloven § 7 at prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, og det skal fremgå av beslutningen hvordan disse prinsippene er vurdert og vektlagt i saken. (...) Hensikten med reguleringsplanforslaget er å øke utnyttelsesgraden og endre arealbruken i et eksisterende næringsområde som i dag består av bygninger og asfalt. Planforslaget legger derfor ikke til rette for inngrep som vil medføre at naturmangfold blir påvirket i positiv eller negativ retning.

Fordi naturmangfold ikke blir berørt av planforslaget og det ikke kan påvises effekter av tiltak på verdifull natur, legges det til grunn at det ikke er nødvendig å foreta vurderinger etter de andre miljøprinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12.

2. Hvis naturmangfold blir berørt - Kunnskapsgrunnlaget § 8

For alle saker som berører naturmangfold følger det av naturmangfoldloven § 7 at prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, og det skal fremgå av beslutningen hvordan disse prinsippene er vurdert og vektlagt i saken. (...) Når det gjelder kravet til kunnskap om naturmangfold i naturmangfoldloven § 8, vises det til at planområdet i hovedsak omfatter en grusbane og noe trevegetasjon. Selv om planforslaget arealmessig i liten grad berører naturmangfold, er det likevel foretatt en utsjekk i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabankens artskart, jf. at tiltaket berører natur. Det framkommer at det ikke er registrert prioriterte arter, truede eller nær truede arter på Norsk rødliste for arter 2010, utvalgte naturtyper eller truede eller nær truede naturtyper på Norsk rødliste for naturtyper 2011 i planområdet. Det er heller ikke framkommet opplysninger i saken som skulle tyde på at det kan befinne seg arter eller naturtyper i planområdet som ikke er fanget opp av ovennevnte registreringer. Dermed er det heller ikke påvist mulige effekter av tiltaket på naturmangfold. Kravet i § 8 om at saken skal baseres på eksisterende og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt. I og med at naturmangfold i liten grad berøres av planforslaget og det ikke kan påvises effekter av tiltak på verdifull natur, legges det til grunn at det ikke er nødvendig å foreta vurderinger etter de andre miljøprinsippene i naturmangfoldloven §§ 9-12.

3. Hvis naturmangfold blir berørt - Førre -var-prinsippet § 9

Fylkesmannen opplyser at det er kystlynghei i området. Kystlynghei er i Norsk rødliste for naturtyper 2011 kategorisert som truet. Naturbasen og Artskart viser at det ikke er registrert andre spesielt verdifulle naturtyper eller truede arter i det aktuelle området. Kravet til kunnskapsgrunnlaget er dermed oppfylt, jf. Naturmangfoldloven § 8. Området er imidlertid dårlig kartlagt, og det er departementets vurdering at kunnskapsgrunnlaget ikke er tilstrekkelig. Det betyr at førre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfoldloven kommer inn. Målet med førre-var-prinsippet er å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Bortsett fra kystlynghei er det ikke grunn til å anta at det vil være noen annen truet naturtype eller truede arter i det aktuelle området. Førre-var-prinsippet tillegges derfor mindre vekt i denne saken.

B.TARBERG AS**VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID**

Plannamn	Detaljreguleringsplan Klobbneset	Plankonsulent	Aleksander Z. Tarberg
PlanID.	20200003	Dato	06.10.2020
Saksnummer.	2020-02 Reguleringsplan Klobbneset rorbuer	Tal på innspel	10

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel	Forslagstillars kommentar
1. Bodil Saunes, 10.07.20	<p>Synast området må ha primært fokus på rekreasjon, lite støy og låg fartsgrense. Sjå området i samanheng med naboegedomane, og legge til rette for fri ferdsel i strandsona.</p> <p>Ber om at det blir lagt til rette for samanhengande gangveg frå Rema 1000 via gnr. 25 bnr. 33 m.fl. fram til brua over til Ulstein hotell.</p>	<p><i>Vi viser til at forslagsstillar har søkt om løyve til oppstart av omregulering av området til fritidsbustader. Det er gjennomført oppstartsmøte med Ulstein kommune, som både administrativt og politisk har stilt seg positive til planinitiativet og intensjonane om å endre formål frå naust til fritidsbustader (rorbu).</i></p> <p><i>Innspelet om gangveg er teke inn i planane som «gangsti» slik at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast mellom Glopen og Kylnehaugen via nye gangsti.</i></p> <p><i>Vi viser vidare til at det er teke inn i føresegnene eit punkt om følgjande: «Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, plattung eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona».</i></p> <p><i>Ovannemnde punkt er henta frå føresegnene i kommuneplanen for Ulstein kommune som er vedtatt. Planforslaget er utforma med kai/brygge mellom sjø og nye bygg, slik at desse grepa vil sikre ålmenta rett til ferdsel ut i frå gjeldande lovverk.</i></p>

<p>2. Tørris Hegdal, 27.07.20</p>	<p>Meiner det vil bli mykje trafikk på ein allereie smal veg. Strandsona vil bli nedbygd og hindre alminneleg ferdsel. Sjøutsikt øydelagt. Dette er snart det einaste området i nærheit til sentrum som har nokolunde opa strandsona. Allemannsretten blir oversett.</p> <p>Boligområdet vil bli snikutvida ved at rorbueene vil kunne brukast til dagleg, og også til utleige.</p> <p>Det vil bli mykje meir bråk ved trafikk og bruken av enheitene.</p> <p>Rorbueene kan byggast ein meter høgare, og vil stenge endå meir for utsikt.</p> <p>Ein langvarig byggeperiode vil bli ei stor belastning på veg og boligområde.</p> <p>Ynskjer at Ulstein kommune ville stoppe all byggevirksomheit ved sjøen på Nedre Saunes, det er for seint å ta vare på felles natur når den er nedbygd.</p>	<p><i>Forslagsstillar viser til at det i planforslaget vil bli bygd intern køyreveg som tilkomst til rorbuer. Parkering skjer utanfor bygga. Tilkomst skjer via offentleg veg «Kylnehaugen».</i></p> <p><i>Vi viser til at området i dag er regulert til byggeområde (naust). Skilnaden i biltrafikk frå naust til rorbu vil vere minimal og innanfor det som vi meiner må vere «tolegrensa» for eit nabolag.</i></p>
<p>3. Birger Sunde, 13.07.20</p>	<p>Ber om å få tilsendt teikningar som viser bebyggelse og andre endringar av arealet som er planlagt utbygd. Umulig å ta stiling til nabovarselet utan å sjå korleis utbygginga vil sjå ut når prosjektet er ferdigstillt.</p>	<p><i>Vi viser til at utsendt dokument var varsel om oppstart av planarbeid. Utsendt informasjon innholdt informasjon om planarbeidet med kartutsnitt som viser avgrensing og informasjon om kva som skal skje, samt ei oppmoding om å kome med evt innspel innan fastsett frist. Det blir seinare utarbeidd eit planforslag som skal handsamast av kommunen for utlegging til offentleg ettersyn (høyring) der det vil gå fram detaljar kring utbyggingsplanane. Det vil i samband med denne prosessen vere mogleg å kome med innspel.</i></p>
<p>4. Ingrid Nerhoel, 22.07.20</p>	<p>Sterkt i mot bruksendring for naust på Klobbneset. Misser utsikt, og dermed verdi av boligen, og trivselsverdi. Det blir mykje meir trafikk og uro / støy i boligområdet, som følgje av at det blir utleigemoglegheiter på rorbueene. Allemannsretten til strand og sjø blir ikkje varetatt. Ber om å få behalde strandsona og områda slik dei er.</p>	<p><i>Nye fritidsbustader har ei mønehøgde på 1 meter høgare enn naust. Det er i planforslaget forsøkt å dele opp nye naust i rekkje på 2 gruppe for skape luft mellom bygga. Dette er også krav i føresegnene til kommuneplanen om det.</i></p> <p><i>Ein viser til øvrig kommentar om strandsona, ferdsel og ålmenta sine rettar.</i></p>

<p>5. Noregs vassdrags-og energidirektorat, 05.08.20</p>	<p>Generelt innspel. Det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred er god arealplanlegging.</p> <p>Tilrår å nytte deira karttenester og rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innana NVEs saksområder i arealplanlegging , NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar, samt NVE si sjekklister for reguleringsplan m.m.</p> <p>Dersom planen har følger for NVE sine saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.</p>	<p><i>Innspelet er teke til vitande. Det er utarbeidd ei ROS-analyse i planforslaget.</i></p>
<p>6. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 18.08.20</p>	<p>Det er lite av strandsona som ikkje er bygd ned, og mange bustader i området, så viktig å oppretthalde høvet til å kome seg ned til sjøen. Bygging av rorbuer medfører sterkare privatisering av fjøra enn naustbygging. Såleis er det viktig å ikkje tette att heile strandsona, men ha opningar slik ålmenta kan kome seg ned til sjøen.</p> <p>Ved utarbeiding av ROS-analyse bør kommuna stille kvalitetskrav, i henhold til DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen sin arealplanlegging». Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone.</p> <p>«Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast.</p> <p>ROS-analyse må inkludere ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane av det for planområdet og planlagde tiltak.</p> <p>Legg vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som også kan medvirke til auka kvalitet i uteområde.</p>	<p><i>Området i aust får innregulert ein offentlig gangsti.</i></p> <p><i>Nye rorbuer er planlagt med luft mellom bygga to og to stk i gruppe. Dette for å skape luft og sikre ferdsel mellom bygga.</i></p> <p><i>Det er regulert ei kai/brygge som sikrar ålmenta opning og ferdsel i strandsona, samt at byggegrensene er trekt tilbake frå kaifronten for å skape luft på arealet framfor bygga.</i></p> <p><i>ROS-analyse er utarbeidd i planforslaget.</i></p>

	<p>«Klimaprofil Møre og Romsdal» gjev kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.</p> <p>Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Den finn ein på nettsida deirar.</p>	
7. Statens Vegvesen Region Midt 12.8.2020	Statens vegvesen har ut i frå vårt ansvarsområde ingen særskilte merknadar til varsel om oppstart. Vi rår til at vegløyisingar blir utforma i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming.	<i>Innspelet er teke til vitande.</i>
8. Møre og Romsdal fylkeskommune 20.8.2020	<p>Vi kan ikkje sjå at det føreligg referat frå oppstartsmøte med Ulstein kommune. Dersom det ikkje er halde oppstartsmøte med kommunen, er det brot på pbl. §12-8, første ledd.</p> <p>Trafikken som tiltaket vil generere må greiast ut. Planen må ha ein beskriving av den trafikale situasjonen slik den er i dag, med eventuelle utfordringar, samt den framtidige situasjonen dersom tiltaket blir gjennomført. Vi tilrår at gjeldande vegnormalar blir lagt til grunn for utforming av det interne vegnettet.</p> <p>Oppstartsvarelet er sendt Bergens sjøfartsmuseum. Vi vil ettersende ein eventuell uttale derifrå.</p> <p>Strandsona er gjeve eit spesielt vern gjennom plan- og bygningslova. Ålmenta skal sikrast tilgang og det skal som regel ikkje etablerast privatiserande tiltak i strandsona. Bygging av rorbuer vil gjere strandsona meir privat samanlikna med bygging av naust. Vi ber om at ein i planarbeidet gjer gode grep som sikrar ålmenta tilgang til strandsona</p>	<p><i>Referat frå oppstartsmøte er lagt ved plandokumenta.</i></p> <p><i>Området er avsett til utbygging av naust i gjeldande reguleringsplan. Det er same krava til parkeringsdekning for naust og orbu. Trafikk er omtalt som tema i planomtalen.</i></p> <p><i>Forslagsstillar har mottek innspel frå Bergen sjøfartsmuseum. Innspelet er teke til vitande.</i></p> <p><i>Ein viser til øvrige kommentar til merknad om ålmenta og ferdsl i strandsona.</i></p>
9. Oppsitjarane på Saunes 14.7.2020	<p>Ynskjer ikkje at det vert omregulert til anna bruk enn tradisjonelle naust med regulert makshøgde.</p> <p>Standard rorbuhøgde vil blokkere vesentleg utsikt for</p>	<i>Vi viser til at forslagsstillar har søkt om løyve til oppstart av omregulering av området til fritidsbustader. Det er gjennomført oppstartsmøte med Ulstein kommune, som både administrativt og politisk har stilt seg positive til planinitiativet og intensjonane om å endre formål frå naust til</i>

	<p>nabolaget, difor meiner dei at ein bør halde seg til standard naust som skal ha godkjend høgde.</p> <p>Dei hevdar at omregulering til rorbu vil føre til auka uro og bråk. Dei fryktar at rorbuer kan nyttast til permanente fritidsboligar for utleige etc. Dei fryktrar rorbu og gjestebrygge vil tiltrekke seg uønska trafikk gjennom byggefelte på nattestid og i forbindelse med festivalar i Ulsteinvik.</p> <p>Dei stiller seg undrande til om allemannsretten er ivaretatt ved kaianlegg og gjestebrygge.</p> <p>Dei meiner at det bør regulast inn friområde for å få ei opning og sikre utsikt for dei næraste husa i byggefelte.</p> <p>Dei forventar at det ikkje vert regulert vidare naustbygging i retning mot Glopen. Området må sikra som fiområde.</p> <p>Øvrige moment i innspelet som ikkje vedkjem reguleringsplanen vert ikkje gjengitt her.</p>	<p><i>fritidsbustader (rorbu).</i></p> <p><i>Innspelet om gangveg er teke inn i planane som «gangsti» slik at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast mellom Glopen og Kylnehaugen via nye gangsti.</i></p> <p><i>Vi viser vidare til at det er teke inn i føresegnene eit punkt om følgjande: «Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, plattung eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona».</i></p> <p><i>Ovannemnde punkt er henta frå føresegnene i kommuneplanen for Ulstein kommune som er vedtatt. Planforslaget er utforma med kai/brygge mellom sjø og nye bygg, slik at desse grepa vil sikre ålmenta rett til ferdsel ut i frå gjeldande lovverk.</i></p> <p><i>Området er avsett til utbygging av naust i gjeldande reguleringsplan. Det er same krava til parkeringsdekning for naust og rorbu. Trafikk er omtalt som tema i planomtalen.</i></p>
<p>10. Bergen Sjøfartsmuseum 25.8.2020</p>	<p>Ingen merknader til den planlagde detaljreguleringa. Minner om opplysningsplikt ved funna av kulturminne.</p>	<p><i>Teke til vitande.</i></p>

Aleksander Zahl Tarberg
06.10.2020



B. TARBERG AS
Sandvikvegen 174
6070 TJØRVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Ulstein kommune gnr25 bnr33 Detaljreguleringsplan for Klobbneset rorbuer Oppstart av planarbeid

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det er varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for Klobbneset. Området omfattar om lag 8,2 dekar, og er sett av til naust i gjeldande reguleringsplan. Planarbeidet omfattar såleis ei reguleringsendring. Føremålet til planarbeidet er å nytte området til fritidsbustader i form av rorbuer, i tillegg til småbåtanlegg i sjø, brygge, tilkomstveg og gangveg.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Strandsone

Det er tett utbygd i området, og det er lite av strandsona som ikkje er bygd ned. Det er også mange bustader i området, og såleis er det viktig at ein opprettheld høvet til å komme seg til sjøen.

Planområdet er hovudsakleg sett av til naust og tilkomstveg, men ein liten del på sjøsida av vegen som går frå naustområdet til industriområdet, er etter det vi kan sjå framleis LNF. Når ein bygger rorbuer, medfører det ei langt sterkare privatisering av strandsona enn naustbygging ville medført. Det blir såleis ekstra viktig at ein passar på å ikkje «tette att» heile strandsona, men sørge for opningar og rom for at ålmenta kan komme seg ned til sjøen.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det er planlagt å gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan-

og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og ber om at desse takast med i den vidare sakshandsaminga.

Med helsing

Sveinung Parr Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre
Ål

2605 LILLEHAMMER

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404 MOLDE



Statens vegvesen

B TARBERG AS
Sandvikvegen 174
6070 TJØRVÅG

Aleksander Zahl Tarberg

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ragnhild Hollingsæter Småsund
/ 90238338

Vår referanse:
20/129729-2

Dykkar referanse: 2020-02Klobbneset
Vår dato: 12.08.2020

Uttale til melding om oppstart av planarbeid – reguleringsplan for Klobbneset – gnr. 25 bnr. 33 – Ulstein kommune


Vi viser til dykkar brev dagsett 08.07.2020.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som statleg fagstyremakt med sektoransvar på transportområdet.

Saka gjeld

Det vert varsla oppstart av planarbeid for detaljregulering for Klobbneset rorbuer, Nedre Saunes i Ulstein kommune. Området omfattar eit areal på om lag 8.2daa. Området er avsett til naustområde i gjeldande reguleringsplan og planarbeidet vil medføre ei reguleringsendring.

Formålet med planarbeidet er å utvikle området til fritidsbustadar i form av rorbuer, i tillegg til småbåtanlegg i sjø, brygge, tilkomstveg og gangveg.



Vår vurdering

Statens vegvesen har ut i frå vårt ansvarsområde ingen særskilte merknadar til varsel om oppstart. Vi rår til at vegløyisingar blir utforma i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming.

Transportforvaltning midt 2

Med helsing

Lisbeth Smørholm

Seksjonsleder

Småsund Ragnhild Hollingsæter

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
 MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
 ULSTEIN KOMMUNE, Postboks 143, 6067 ULSTEINVIK



Møre og Romsdal
fylkeskommune

B TARBERG AS
Sandvikvegen 174
6070 TJØRVÅG

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	08.07.2020	100361/2020/REGULERINGSPLAN/1516	Synnøve Valle, 71 28 02 39	20.08.2020

Ulstein kommune - detaljregulering - reguleringsplan Klobbneset rorbuer - gbnr 25/33 - Nedre Saunes - fråsegn til varsel om oppstart

Det er varsla oppstart av detaljregulering for Klobbneset. Området er på 8,2 dekar og er avsett til naust i gjeldande reguleringsplan. Planarbeidet vil dermed medføre ei reguleringsendring. Føremålet med planarbeidet er å utvikle området til fritidsbustader i form av rorbuer, småbåtanlegg i sjø, brygge, tilkomstveg og gangveg.

Vi kan ikkje sjå at det føreligg referat frå oppstartsmøte med Ulstein kommune. Dersom det ikkje er halde oppstartsmøte med kommunen, er det brot på pbl. §12-8, første ledd.

Samferdsel

Trafikken som tiltaket vil generere må greiast ut. Planen må ha ein beskriving av den trafikale situasjonen slik den er i dag, med eventuelle utfordringar, samt den framtidige situasjonen dersom tiltaket blir gjennomført. Vi tilrår at gjeldande vegnormalar blir lagt til grunn for utforming av det interne vegnettet.

Kulturminne i sjø

Oppstartsvarselet er sendt Bergens sjøfartsmuseum. Vi vil ettersende ein eventuell uttale derifrå.

Strandsone

Strandsona er gjeve eit spesielt vern gjennom plan- og bygningslova. Ålmenta skal sikrast tilgang og det skal som regel ikkje etablerast privatiserande tiltak i strandsona. Bygging av rorbuer vil gjere strandsona meir privat samanlikna med bygging av naust. Vi ber om at ein i planarbeidet gjer gode grep som sikrar ålmenta tilgang til strandsona.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandler

Samferdsel: Rådgivar Ingrid Renate Gjørvad, tlf. 71 28 00 44

Kopi:

Ulstein kommune

Statens Vegvesen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Thomas Bjørkeland

Sendt: tirsdag 25. august 2020 11:34

Til: 'post@mrfylke.no' <post@mrfylke.no>

Kopi: Synnøve Valle <synnove.valle@mrfylke.no>

Emne: SV: Ulstein kommune - detaljregulering - reguleringsplan Klobbneset rorbuer - gbnr 25/33 - Nedre Saunes - oppstart

Vedr. Varsel om oppstart planarbeid – detaljreguleringsplan for Klobbneset rorbuer. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 20.08.2020.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne ved Klobbneset, gbnr 25/33, Ulstein kommune som kan bli direkte råka av detaljreguleringa.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde detaljreguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing,

Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum

Marinarkeolog | +47 55 54 96 11

www.museumvest.no



ULSTEIN KOMMUNE
Plan- og bygningsavdelinga

B. Tarberg AS
6076 MOLTUSTRANDA

Vår referanse
20/1009 20/12770

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Cecilie Roppen

Dato
07.09.2020

Innspel frå utvala - Varsel om oppstart - Detaljregulering Klobbneset rorbuer

Levekårsutvalet har i møte 26.08.2020, sak 60/20, fatta følgjande vedtak:
Levekårsutvalet er positiv til at planarbeidet kan starte opp, men med følgjande kommentarar:

1. området skal ha gang- og sykkelsti som sikrar offentleg tilkomst
2. området skal tilpassast turisme ved utleige
3. området bør regulerast som turistformål
4. det er viktig at innspel fra naboar blir høyrte og tatt omsyn til

Fellesrådet har i møte 25.08.2020, sak 29/20, fatta følgjande vedtak:
Fellesrådet ønskjer ikkje at kommunen startar opp med detaljregulering av Klobbneset til rorbuer.

Med helsing

Cecilie Roppen
planleggar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Informasjon om klagerett:

Enkeltvedtak kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§ 18 og 19 i forvaltningslova.

[Meir informasjon om retten til å klage finn de på heimesida til kommunen.](#)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
29/20	Fellesrådet	25.08.2020
60/20	Levekårsutvalet	26.08.2020

Varsel om oppstart - Detaljregulering Klobbneset rorbuer

Samandrag:

Det er varsla oppstart av detaljregulering for Klobbneset rorbuer på gnr. 25, bnr. 33 m.fl. og det er høve til å kome med innspel til planarbeidet.

Levekårsutvalet 26.08.2020:

Behandling:

endringsforslag, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet

Vil fråråde bygging av rorbuer i eit så sentrumsnært område og med det privatisere strandsona. Ulstein har veldig lite sentrumsnær standsona. Ein bør legge betre til rette for at strandsona er tilgjengeleg for alle. Dersom ein tillet for fritidsbustader i strandsona her, vil det vere vanskelegare å ikkje tillate å gjere andre naust i kommunen om til fritidsbustadar.

Forslag fra Kersti Hasund, SV, foreslått av Kersti Hasund, Sosialistisk Venstreparti
Levekårsutvalget er opptatt av at strandsonen skal være tilgjengelig for allmenheten. Hvis området blir omregulert, må det ikke tillates bygging av private fritidsboliger, men tilrettelegges for turisme. En må ta hensyn til nærheten til naboer i boligområdet.

Vedtak, foreslått av Magnus Kleven Eriksen, Framstegspartiet

Levekårsutvalget er positiv til at planarbeidet kan starte opp, men med følgende kommentarar:

1. området skal ha gang- og sykkelsti som sikrar offentleg tilkomst
2. området skal tilpassast turisme ved utleige
3. området bør regulerast som turistformål

Fellesframlegg, foreslått av Magnus Kleven Eriksen, Framstegspartiet

Levekåsutvalet er positiv til at planarbeidet kan starte opp, men med følgjande kommentarar:

1. området skal ha gang og sykkelsti som sikrer offentlig tilkomst
2. området skal tilpassas turisme ved utleie.
3. området bør reguleres som turistformål
4. det er viktig at innspel fra naboar blir høyrte og tatt omsyn til

Anita Sundnes, avdelingsleiar for plan - og bygningsavdelinga, viste kartutsnitt av området det er søkt om detaljregulering for (Klobbneset rorbuer), og orienterte kort om planprosess og saksgang generelt i reguleringsplanar. Vi er i ei tidleg førstefase der ein kan kome med innspel, kommentarar og merknadar til oppstart av detaljreguleringa.

Fleirtalet i levekåsutvalet valde å gå for Magnus Kleven Eriksen (FrP) sitt framlegg, men med eit fjerde tilleggspunkt. Kersti Hasund sitt endringsframlegg og det første endringsframlegget frå Magnus Kleven Eriksen, vart difor trekt. Der låg difor føre to alternative framlegg til vedtak. Det siste endringsframlegget frå Magnus Kleven Eriksen vart definert som eit fellesframlegg, og under røystinga vart fellesframlegget og endringsforslaget til Berit Roppen (Sp) satt opp i mot kvarandre:

Røysting:

Berit Roppen sitt framlegg fall med 2 mot 5 røyster.

Berit Roppen og Aurora Dimmen Bratli stemte for.

Magnus Kleven Eriksen, Kersti Hasund, Egil Ulfstein, Mariette Gjerde og Håvard Ringstad stemte i mot.

Magnus Kleven Eriksen sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

Berit Roppen og Aurora Dimmen Bratli stemte i mot.

Magnus Kleven Eriksen, Kersti Hasund, Egil Ulfstein, Mariette Gjerde og Håvard Ringstad stemte for.

LEV- 60/20 Vedtak:

Levekåsutvalet er positiv til at planarbeidet kan starte opp, men med følgjande kommentarar:

1. området skal ha gang- og sykkelsti som sikrar offentleg tilkomst
2. området skal tilpassast turisme ved utleige
3. området bør regulerast som turistformål
4. det er viktig at innspel fra naboar blir høyrte og tatt omsyn til

Fellesrådet 25.08.2020:

Behandling:

Forslag til tilråding, foreslått av Ottar Kaldhol, ArbeidarpartietLag og organisasjonar
Fellesrådet viser til vedtak i teknisk utval sak 56/20 og støttar at det vert starta opp detaljregulering for Klobbneset rorbuer.

Cecilie Roppen, planleggar, viste kartutsnitt og orienterte kort om reguleringsplanen i høve Klobbneset rorbuer.

Området er per i dag regulert til naust. Fellesrådet skal ta stilling til om kommunen skal starte ei detaljregulering av området til rorbuer. Det er søkt om regulering til 8 rorbuer i området.

Gerd Bang Brevik viste til e-post frå Vidar Ertesvåg, og underskrift frå naboar som bur i området. Omsynet til naboar må vege tungt.

Hanne Notøy stilte spørsmål om eksisterande naust i området og om bruk/innreiing av desse.

Utvalsleiar Ottar Kaldhol fremja eit forslag til tilråding.

Røysting:

Framlegget til Ottar Kaldhol fall med 1 mot 3 røyster.

Ottar Kaldhol stemte for.

Gerd Bang Brevik, Asbjørn Selbervik og Hanne Notøy stemte i mot.

FEL- 29/20 Vedtak:

Tilråding frå Fellesrådet 25.08.2020:

Fellesrådet ønskjer ikkje at kommunen startar opp med detaljregulering av Klobbneset til rorbuer.

Kommunedirektøren si tilråding:

Varsel om oppstart av detaljregulering for Klobbneset rorbuer vert lagt fram utan tilråding.

Vedtak som innstilling frå Fellesrådet - 25.08.2020 - 29/20

Tilråding frå Fellesrådet 25.08.2020:

Fellesrådet ønskjer ikkje at kommunen startar opp med detaljregulering av Klobbneset til rorbuer.

Vedlegg:

Planinitiativ nedre Saunes og bestilling av oppstartsmøte
Kartutsnitt planavgrensing
Konsekvensutgreiing arealplan
Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for Nedre Saunes
Skisse utforming Klobbneset

Saksopplysningar:

Det er varsla oppstart av detaljregulering for Klobbneset rorbuer på gnr. 25, bnr. 33 m.fl. på nedre Saunes.

Gjeldande detaljregulering er Nedre Saunes, planID 19990002. Område er regulert til naust, køryeveg og gang- og sykkelveg.

Eigedomane består av fem naust. Grunneigar ønskjer å regulere om eigedomane til fritidsføremål i form av rorbuer, småbåtanlegg i sjø, brygge, veg og gangveg.

Vurdering og konklusjon:

Saka vert lagt fram for eventuelle innspel, synspunkt og merknadar til planarbeidet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Verner Larsen
kommunedirektør

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Klobbneset rorbuer i Ulstein kommune

5. august 2020 | 12.52 | 47 KB

Fra:

Ole-Jakob Sande <ojs@nve.no>

Til:

B. Tarberg AS <post@btarberg.no>

Kopi:

postmottak@ulstein.kommune.no, FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL <fmmrpostmottak@fylkesmannen.no>

Vi viser til varsel om oppstart datert 08.07.2020.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred og overvatn

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Omsynet til flaum må også sjåast i samanheng med lokal handtering av overvatn. Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir meir tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og krappare flaumtoppar nedstraums. Dersom vassdraget ikkje har kapasitet til å ta imot den auka avrenninga, må det planleggast med tilstrekkelege tiltak i nedbørfeltet som dryga vatnet og kompenserer for auken. Det må gjerast tidleg i planprosessen slik at det blir sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka. Sjå elles informasjon om overvatn på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova (vrl). Viss det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- www.miljokommune.no gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande publikasjonar frå Norsk Vann vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshandtering*» og Norsk Vann sin rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*», <https://www.norskvann.no/index.php/kompetanse/va-bokhandelen>
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til nve@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om, at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Ole-Jakob Sande

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojs@nve.no

Web: www.nve.no



**B. Tarberg AS,
Sandvikvegen 174
6070 Tjørvåg**

«Detaljregulering for Klobbneset rorbuer»

Ulsteinvik 14. juli 2020

Respons på skisse til omreguleringsplan for Klobbneset.

Kortversjon:

Vi som står bak dette brevet støttar ikkje arbeidet med å omregulere området (Klobbneset) til anna bruk enn tradisjonelle naust med regulert makshøgde.

Høgde og utsikt.

Det er fleire moment ift til dette med rorbuer, høgde og blokkering av innsyn er mellom desse momenta. Standard rorbuhøgde vil blokkere vesentleg utsikt for nabolaget, difor bør ein halde seg til standard naust som skal ha godkjend høgde.

Belastning for øvrige bebuarar:

Å omregulere til rorbuer vil, etter vårt syn, gi eit heilt anna trykk på området, både under byggeperioden og etter ferdigstilling. Vi minner om at dette er tenkt sentralt plassert i forhold til eit etablert boligområde, og vi fryktar konsekvensar i form at auka uro og bråk. Dette sidan ei rorbu, ved ei eventuell omregulering, kan nyttast som meir eller mindre permanent fritidsbolig. Ikkje minst er vi skeptiske sidan dette gjerne vil vere boligar ein kan leige ut på kortare eller lengre sikt.

Nattleg trafikk og uro gjennom eit boligområde:

Vi fryktar at ein ved å legge opp til rorbuer og gjestebrygger slik det er skissert også vil tiltrekke seg uønska trafikk, og at ein ved festivalar og anna i sentrum av Ulsteinvik vil få mykje uro knytt til ekstra trafikk gjennom byggefeltet på nattetid til og frå gjestebryggene og rorbueene.

Allemannrett:

Vi stiller oss undrande til at ein tenker at allemannsretten er ivaretatt når det er snakk om det som blir oppfatta som private kaianlegg med gjestebrygger. Slik dette ser ut i skissene vil tilkomst til strandområde bli så godt som borte.

Friområde:

Ideelt sett bør området mellom eksisterande naust (dei siste som er oppført) og naust tilhøyrande Urke omregulerast til friområde. Dette er det siste opne området mellom nausta, og er eit minimum ein bør ha for at strandsona i det heile skal vere tilgjengeleg for befolkninga i området. Dette vil også sikre at ikkje siste rest av utsikt forsvinn for dei næraste husa i byggefeltet.

Tomteområde:

Vi forventar at Ulstein kommune bør sikre at det ikkje kan regulerast for vidare naustbygging vidare i retning Glopen. Her må området sikrast i form av fast regulering som friområde som etter skissa vil vere frå det sist innteikna naustet/ rorbu.

Førebuing til bygging/ deponi:

Vi har i tidlegare brev til Teknisk etat i Ulstein kommune kommentert rundt steinmasse som er lagra på tomta pr i dag. Vi ser ikkje at dette er avtalt med kommunen i samband med tilrettelegging, og vi ser at ein også truleg har deponert meir steinmasse enn lovleg i sjø i forkant av tiltenkte naust. Dette ser vi som førebuing til eventuelle fleire trinn i utbygging, og vi vil ha avklaring på kva som er tiltenkt med omtalte masse, samt kva som er avtalt med Ulstein kommune rundt dette. Pr i dag er tilgang til dette området fullstendig blokkert av deponert masse.

Ved venleg helsing,


Jan Thormodsæter
Anita Brandsvik /s/


Stig Aksnes
Kirsti Stranden Aksnes /s/

Tommy Sylte /s/
Peggy Sulebakk /s/

Eivind Skodjevåg /s/
Britt Marit Skodjevåg /s/

Tørris Hegdal /s/
Ingrid Nerhoel /s/

Tonje Alvestad Ytrebø /s/
Per Jarle Ytrebø /s/

Vidar Ertesvåg /s/
Mona Iren Auganæs /s/

Per Ove Vattøy /s/
Liv Vattøy /s/

Michael Chrusciel /s/
Marthe K. Barstad /s/

Torill N. Ringstad /s/

Per Otto Myklebust /s/
Heidi Myklebust /s/

Odd Nesse /s/
Lisbeth Breivik Nesse /s/

Solgunn Almedal /s/
Peder Almedal /s/

Vegard Fjørtoft /s/
Karen Marie Hjørungdal Fjørtoft /s/

Peter Paus /s/
Ingrid Myrene /s/

Lena Saunes /s/

.....

Stig M. Aksnes / 911 20 609 / smaksnes@gmail.com
Jan Thormodsæter / 924 67 700 / jan@mafoss.no

Omregulering Klobbneset på Nedre Saunes.

27. juli 2020 | 14.22 | 7 KB

Fra:

Tørris Hegdal

Til:

post@btaerberg.no

Vi bor i Kylnehaugen 26, på Saunes.

Vi mener det er helt forkastelig å skulle bygge rorbuer på dette området.

- 1) Det vil bli mye mer trafikk på en allerede for smal vei.
- 2) Viktigst er at hele strandsonen blir nedbygget og hindrer alminnelig ferdsel. Sjøutsikt blir ødelagt. Dette er snart det eneste området i nærhet til sentrum som noenlunde åpen strandsone. Allemannsretten blir helt oversett.
- 3) Rorbuer vil kunne brukes til daglig og også til utleie. Man snikutvider dermed boligområdet.
- 4) På sikt vil dette medføre mye mer bråk både ved trafikk og bruken av enhetene.
- 5) Rorbuer kan bygges en meter høyere og vil stenge enda mer for utsikt.
- 6) En langvarig byggeperiode vil bli en stor belastning både på vei og boligområde.

Vi ser ingen fordeler ved dette prosjektet og skulle ønske at Ulstein Kommune ville velge å stoppe all byggevirksomhet ved sjøen på Nedre Saunes. Det er for sent å ta vare på felles natur når den er nedbygd. Det er snart det eneste området rundt sentrum som ikke er bebygd.

Mvh,

Tørris Hegdal

From Bodil Saunes <bodilsaunes@gmail.com> ☆

↩ Reply

➔ Forward

📁 Archive

🔥 Junk

🗑 Delete

More ▾

Subject "Detaljregulering for Klobbnenset rorbuer"

07:32

To Me ★

Vedk. Rekreasjonsområde og gangveg i strandsona:

Område må primært ha fokus på rekreasjon - der det vert lite støy og lav fartsgrense.

Dette område må sjåast i samanheng med naboeigedomane på Nedre Saunes og tilrettelegging for fri ferdsel i strandsona.

Eg vil derfor be om at det vert lagt til rette for samanhengande gangveg frå Rema 1000 via gnr. 25 bnr. 33 m.fl. og fram til brua over til Ulstein hotell

Med vanleg helsing

Bodil Saunes

From Arnleif Gjerde <arnl-gj@online.no> ☆

Subject **Nabovarsel Nedre Saunes**

13.07.2020, 19:11

To Me ★

Cc 'Birger Sunde' <post@birgsu.no> ☆

Hei

Viser til mottatt nabovarsel datert 08.07.20.

Det er umulig å ta stilling til dette nabovarselet utan å sjå korleis denne utbygginga vil sjå ut når prosjektet er ferdigstilt.

Vi ber om å få oversendt teikningar som viser bebyggelse, og andre endringar av arealet som er planlagt utbygd.

Med vennleg helsing,

Birger Sunde

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



22.07.2020 17:44:32 AR382713059

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Prosjektnavn: Klobbneset rorbuer

Adresse: 1516/25/33/0/0,

Kommune: ULSTEIN

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
25	33	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: NERHOEL INGRID

Adresse: Kylnehaugen 26, 6065 ULSTEINVIK

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
25	148	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Vi er sterkt imot planene om bruksendring for naust på "Klobbneset". For det første mister vi utsikt, og dermed verdi av boligen, og for oss- trivselsverdi. For det andre er det sannsynlig det blir det mye mer trafikk og uro boligområdet, ifht at det blir utleiemuligheter på disse. Det har allerede vært endel festing i naust som allerede står der, og det kommer til å bli enda mer støy. Det er veldig uheldig å plassere slike i et ellers rolig boligområde!! Punkt 3; Allemannsretten til strand og sjø varetas heller ikke ved å tillate slike konsesjoner. Vi ønsker absolutt at dette blir stoppet, la oss beholde strandsonen og disse områdene som de er.

Dersom du ønsker å bli kontaktet av den som har sendt nabovarselet, kan du legge inn e-postadresse og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse:

Telefonnummer:

SIGNERT AV

INGRID NERHOEL på vegne av NERHOEL INGRID

22.07.2020

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

22.07.2020 17:44:32 AR382713059

22.07.2020 17:44:32 AR382713059



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
56/20	Teknisk utval	15.06.2020

Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Klobbneset rorbuer

Samandrag:

Det er søkt om å få starte opp detaljregulering på gnr. 25, bnr. 33 m.fl. med formål om å utvikle området til fritidsbustadar i form av rorbuer, i tillegg til småbåtanlegg i sjø, brygge, tilkomstveg og gangveg.

Teknisk utval 15.06.2020:

Behandling:

Kommunalssjef teknisk si tilråding vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

TEK- 56/20 Vedtak:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering med namn *Klobbneset rorbuer* på gnr. 25, bnr. 33 m.fl. som vist på kartutsnitt planavgrensing datert 14.04.2020, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering med namn *Klobbneset rorbuer* på gnr. 25, bnr. 33 m.fl. som vist på kartutsnitt planavgrensing datert 14.04.2020, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Vedlegg:

Planinitiativ nedre Saunes og bestilling av oppstartsmøte
Kartutsnitt planavgrensing
Konsekvensutgreiing arealplan
Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for Nedre Saunes
Skisse utforming Klobbneset
Dispensasjonsvedtak - Detaljregulering for Nedre Saunes

Saksopplysningar:

Gjeldande reguleringsplan for området er:

- *Nedre Saunes*, planID 19990002. Området er regulert til fritidsbebyggelse naust, bustadformål, gang-/sykkelveg, annan veggrunn – skråning, køyreveg.
- Detaljreguleringa *Endring Glopen – Nesevegen*, planID 20040007. Området er regulert til køyreveg.

I kommuneplanens arealdel 2019-2031 går det fram at for delar av området skal detaljreguleringa framleis gjelde. Det ligg inne framtidig gang- og sykkelveg. Område i sjø har formålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, NFFF – natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.

